

# KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD I AUKRA KOMMUNE

av John Bjarne Jordal



*Ressurssenteret i Tingvoll  
rapport nr. 2 - 2000*

Forfattar:  
John Bjarne Jordal  
6610 Øksendal  
Telefon 71 69 54 45  
epost: bjjordal@online.no

Utgjevar:  
Ressurssenteret i Tingvoll  
6630 Tingvoll  
Tlf: 71 53 12 35

© Ressurssenteret i Tingvoll

Kan siterast fritt med vising til kjelde.

Rapporten kan tingast frå:

Aukra kommune  
6480 AUKRA

Telefon 71 17 15 00

Denne rapporten kan refererast som:

Jordal, J. B., 2002: Kartlegging av biologisk mangfald i Aukra kommune. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 2-2000. 104 s. + kart. ISSN 1501-0449. ISBN 82-92007-02-4.

*Framsidefoto: Auriklar (kusymre) er vanlege vårblomstrar for den som bur i Aukra, men ikkje for folk innover i fjordane. Kusymra finst omtrent berre på kysten, og særleg i varmekjær lauvskog. Aukra har kanskje dei finaste "kusymre-hasselskogane" i fylket, og desse utgjer rundt ein fjerdedel av alle registrerte verdifulle naturområde i kommunen.*

*Foto: Øivind Leren*

# FØREORD

Kartlegging av biologisk mangfald i Aukra er eit prosjekt Ressurssenteret i Tingvoll har utført for Aukra kommune, med underteikna som prosjektleiar. Prosjektet er dels finansiert av Staten ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og dels av kommunen. Kommunen sin kontaktperson har vore jordbruksjef Oddmar Sporsheim.

Svein Rød, Asbjørn Windstad og Kirsti Moe Oterhals har ordna båtskyss og gjeve andre bidrag i form av m.a. lokalkunnskap. Helge Hagen har oversendt ei fil med oversikt over fuglefaunaen i kommunen. Alv Ottar Folkestad, Hans Olsvik, Karl Wesenberg og Johan Julnes har gjeve diverse faglege opplysningar. Ei rekke grunneigarar og andre har også i større eller mindre grad bidratt med lokalkunnskap. Geir Gaarder har kome med faglege innspel og bidratt med kunnskap om lav. Både han og Svein Rød har kome med kommentarar til manuskriptet. Asbjørn Børset hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal har framstilt kart. Eg ønskjer å takka alle desse.

Det har tatt noko tid å få produsert kart. Ein førebels rapport vart trykt i 2000 utan kart. Den rapporten som her ligg føre er å sjå på som den endelege rapporten.

Jordalsgrenda, 07.02.2002

John Bjarne Jordal  
prosjektleiar

# INNHOLD

<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>5</b>
<b>INNLEIING .....</b>	<b>9</b>
Bakgrunn .....	9
Formål .....	9
Nokre begrep .....	9
<b>METODAR OG MATERIALE .....</b>	<b>11</b>
Generelt .....	11
Innsamling av informasjon .....	11
Bestemmelsesarbeid og dokumentasjon .....	12
Verdsetting og prioritering .....	12
Presentasjon .....	15
<b>NATURGRUNNLAG OG NATURBRUK .....</b>	<b>16</b>
Historikk omkring utforskinga av Aukra-naturen .....	16
Landskap m.m. ....	18
Klima.....	18
Geologi.....	18
Lausmassar .....	19
Natur- og biogeografisk plassering .....	19
Marine område, havstrand og kyst. ....	20
Kulturlandskap .....	21
Ferskvatn .....	22
Skog .....	23
Myr.....	25
Berg og rasmark .....	26
Fjell .....	26
<b>RESULTATOVERSIKT .....</b>	<b>27</b>
Generelt .....	27
Lokalitetsoversikt.....	27
Biologiske oversiktsdata for kulturlandskap .....	29
Oversikt over viktige litteraturkjelder med kommentarar .....	30
<b>OMRÅDESKILDRINGAR (FAKTAARK).....</b>	<b>31</b>
Aukraholmen (kulturlandskap).....	31
Aukrasanden (hasselskog).....	32
Aukrasanden (strand) .....	33
Breivika: ved Halingshaugen (myr) .....	33
Eikrem: Steghaugane (kystlynghei/myr).....	34
Eikrembukta (hasselskog) .....	34
Eikremelva .....	35
Hjertvika (strand) .....	35
Hoksnesbukta (hasselskog) .....	36
Horrem: Bakkelva .....	37
Horrem: Horremsbukta (strand) .....	37
Horrem: Horremsbukta ved Bakkelva (eng) .....	38
Horrem: Horremsbukta ved Horremsnausta (eng) .....	38
Horrem: Tuå (hasselskog) .....	39
Julsundet: Bukta (eng).....	39
Julsundet: Eidskrem-Vollan (edellauvskog).....	40
Julsundet: Eiskrem: Salttrøa (edellauvskog) .....	41
Julsundet: Geitastauo (edellauvskog) .....	41
Julsundet: Hundediket (ferskvatn).....	42
Julsundet: Småtjønna (ferskvatn) .....	43
Julsundet: Kryssvatnet (ferskvatn) .....	43
Julsundet: Fangholsetra .....	44
Julsundet: Prestsetra (kystfuruskog).....	44
Julsundet: Langmyra (rikmyr).....	45
Julsundet: rikmyr v/Fosselva.....	46
Julsundet: Langneset (skog m. svartor) .....	46

Julsundet: Lauvåsen (kulturlandskap) .....	47
Julsundet: Matberget (hasselskog) .....	47
Julsundet: Seterbukta (hasselskog).....	48
Julsundet: Åshaugen (hasselskog).....	48
Jærmannburet (kystlynghei/myr).....	49
Løvika (strand) .....	49
Løvika: Vedaholmen (naturbeitemark) .....	51
Løvika: Purkeneset (sjeldan lavflora).....	52
Nerbø: Nerbøvågen (strand).....	52
Nyhamna: Håsanden (strand) .....	53
Nyhamna: Gildernessanden (Kvalstasjonen) (strand) .....	54
Rød: Naustholmen (naturbeitemark) .....	54
Rød: Røabukta (strand) .....	55
Rød: Røaelva.....	57
Røyrvika (strand/kyst).....	57
Røyrvika: Engholmane, Ånnholmen (kystlynghei m.m.).....	58
Røyrvika-Rishaug (kulturlandskap) .....	59
Seter (hasselskog).....	60
Seter: Gullbringen (hasselskog) .....	60
Seter: Skallebakken (hasselskog) .....	61
Seterelva.....	61
Setervika-Selneset (kystlynghei).....	62
Småge: Kvalvåg (hasselskog) .....	62
Småge: Skaret (hasselskog).....	63
Småge: v. småbåthamna (artsrike vegkantar).....	63
Småge: Smågehaugen (hasselskog).....	64
Småge: Smågehelleøya (Nordre Helleøya) (kystlynghei m.m.).....	65
Småge: Smågerisøya (Vestre Risøya) (kystlynghei m.m.) .....	66
Småge: Smågesjøen (strandeng).....	66
Småge: Stongneset-Røssøya (kystlynghei) .....	67
Småge: Smågevatnet .....	68
Småge: Røssøya (hasselskog) .....	69
Småge: sør for Røssøya (brakkvassdammar) .....	69
Småge: vest for Korsbøen (hasselskog) .....	70
Sporsem (hasselskog) .....	70
Tangen: Krabbetjónna (strandsump) .....	71
Uprioriterte lokalitetar .....	72
<b>RAUDLISTEARTAR OG ANSVARSARTAR .....</b>	<b>78</b>
Generelt .....	78
Sopp .....	78
Planter .....	79
Lav .....	80
<b>FORVALTNING OG TILRÅDINGER.....</b>	<b>81</b>
Viktige naturtypar og forslag til omsyn og skjøtsel.....	81
Kontroll med innførte artar.....	83
Kunnskapsstatus og behov for vidare undersøkingar .....	84
<b>LITTERATUR .....</b>	<b>85</b>
Litteratur som omhandlar Aukra .....	85
Annan litteratur .....	92
<b>VEDLEGG: PLANTELISTER.....</b>	<b>93</b>
Planteliste for Aukra .....	93
Flora og vegetasjon på Gossen for 100 år sidan .....	94
Artslister for lokalitetar .....	95
<b>VEDLEGG: SOPPLISTER.....</b>	<b>101</b>
Soppliste for Aukra .....	101
Artslister for lokalitetar .....	103
<b>VEDLEGG: FUGLELISTE.....</b>	<b>104</b>
Fugleliste for Aukra .....	104

# SAMANDRAG

## ***Bakgrunn og formål***

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betre kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er ledd i ei statleg satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

## ***Metodar***

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa betydeleg på feltarbeid, i alt 13 feltdagar. Feltarbeidet er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er verdsett etter handbok i kartlegging av biologisk mangfald (DN 1999a).

## ***Naturgrunnlag og naturtypar***

Dei ulike naturtypane i Aukra er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet er havstrand med sandstrender og strandenger, kulturlandskap med naturbeitemarker og kystlynghei, og skog med kusymrerike hasselskogar og dessutan almeskog, svartorskog og kystfuruskog i Julsundet. Ferskvatn er det relativt lite av, det mest interessante er Smågevatnet. Stilleflytande bekkar og elver på Gossen er også interessante så lenge dei ikkje er kanaliserte. Andre interessante typar er rikmyr i Julsundet, og låglandsmyrer med relativt få fysiske inngrep på Gossen.

Tabell 1. Naturtypar kartlagte etter DN-handboka i Aukra kommune.

Hovudnaturtype	Undernaturtype	Tal	Kommentar
Berg/rasmark	nordvendte berg	1	Bergflater med sjeldne lav i fuktig klima
Ferskvatn	rik kulturlandskapssjø	1	Næringsrike innsjøar i kulturlandskapet
Ferskvatn	viktig bekkedrag	4	Bekker/elvar som er lite påverka av inngrep
Ferskvatn	andre viktige lokalitetar	3	På Vestlandet kan det vera grunn til å ta med alle innsjøar/tjønner i låglandet (ikkje berre i kulturlandskapet)
Havstrand/kyst	sanddyner	3	Strender med ustabil finsand og "sanddyneartar"
Havstrand/kyst	sandstrand	5	Strender med litt grovere sand, ofte med lite vegetasjon
Havstrand/kyst	undervassenger	2	Område med havgras eller ålegras, oftaast lite tørrlagt
Havstrand/kyst	strandenger/ strandsump	7	Saltpåverka enger og sumpar i fjøra
Kulturlandskap	kystlynghei	8	Relativt lite påverka lyngheiar som ikkje er for attgrodd.
Kulturlandskap	naturbeitemark	5	Artsrike, helst ugjødsla beitemarker med lang hevd
Kulturlandskap	slåtteeng	3	Artsrike, helst ugjødsla slåtteenger med lang hevd
Kulturlandskap	vegkantar	1	Vegkantar med sjeldant arts mangfald
Myr	intakt låglandsmyr	1	Myr som er lite påverka av fysiske ingrep
Myr	rikmyr	2	Baserik myr (høg pH) med ein del spesielle artar
Skog	gråor-heggeskog	1	Skog med gråor, svartor m.m., oftaast på fuktig mark
Skog	kystfuruskog	1	Furuskog med høgt innslag av oseaniske artar
Skog	rik edellauvskog (av desse 15 hasselskog/kratt)	19	Edellauvskogar (m. alm, hassel el. svartor). Typisk for Aukra er mange hasselskogar med kusymre m.m.

## Viktige lokalitetar i Aukra

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetsnummer <100 og >190 stammar frå Naturbasen (Fylkesmannen 1999), medan nummer mellom 100 og 160 er nye lokalitetar i dette prosjektet.

Tabell 2. Oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar i Aukra, sorterte etter namn. Namnsettinga er prøvd gjort slik at nærliggjande lokalitetar hamnar saman. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Alle lokalitetsnummer tek til med 1547- som er kommunenummeret. I tabellen er berre siste del av nummeret teke med.

Nr.	Lokalitet	Hovudnaturtype	Naturtype	Verdi
101	Aukraholmen	kulturlandskap	naturbeitemark	B
102	Aukrasanden	skog	rik edellauvskog (hassel)	C
103	Aukrasanden	havstrand/kyst	strandsump	C
104	Breivika: ved Halingshaugen	myr	intakt låglandsmyr	B
105	Eikrem: Steghaugane	kulturlandskap	kystlynghei	C
106	Eikrembukta	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
107	Eikremelva	ferskvatn	viktig bekkedrag	B
024	Hjertvika	havstrand/kyst	sandstrand, sanddyner	A
108	Hoksnesbukta	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
109	Horrem: Bakkelva	ferskvatn	viktig bekkedrag	C
110	Horrem: Horremsbukta	havstrand/kyst	sandstrand	B
111	Horrem: Horremsbukta ved Bakkelva	kulturlandskap	slåtteeng	C
112	Horrem: ved Horremsnausta	kulturlandskap	slåtteeng	C
113	Horrem: Tuå	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
116	Julsundet: Bukta	kulturlandskap	slåtteeng	B
229	Julsundet: Eidskrem-Vollan	skog	rik edellauvskog	B
117	Julsundet: Eiskrem: Salttrøa	skog	rik edellauvskog	B
115	Julsundet: Geitastauo	skog	rik edellauvskog	A
119	Julsundet: Hundediket	ferskvatn		C
127	Julsundet: Småtjønna	ferskvatn		C
120	Julsundet: Kryssvatnet	ferskvatn		C
114	Julsundet: Fangholsetra	kulturlandskap	naturbeitemark	C
124	Julsundet: Prestsetra	skog	kystfuruskog	B
126	Julsundet: Langmyra	myr	rikmyr	B

Nr.	Lokalitet	Hovudnaturtype	Naturtype	Verdi
125	Julsundet: rikmyr v/Fosselva	myr	rikmyr	B
121	Julsundet: Langneset	skog	gråor-heggeskog	B
122	Julsundet: Lauvåsen	kulturlandskap	naturbeitemark	B
123	Julsundet: Matberget	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
118	Julsundet: Seterbukta	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
128	Julsundet: Åshaugen	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
129	Jærmannburet	kulturlandskap	kystlynghei	C
010	Løvika	havstrand/kyst	strandenger, undervassenger	B
130	Løvika: Vedaholmen	kulturlandskap	naturbeitemark	A
152	Løvika: Purkeneset	berg/rasmark	nordvendte berg på kysten	A
015	Nerbø: Nerbøvågen (Riksfordleira)	havstrand/kyst	strandenger, undervassenger	B
132	Nyhamna: Håsanden	havstrand/kyst	strandenger	C
131	Nyhamna: Gildernessanden (Kvalstasjonen)	havstrand/kyst	sandstrand	C
133	Rød: Naustholmen	kulturlandskap	naturbeitemark	A
004	Rød: Røabukta	havstrand/kyst	strandenger, sandstrand	A
134	Rød: Røaelva	ferskvatn	viktig bekdedrag	C
135	Røyrvika	havstrand/kyst	sandstrand, sanddyner	B
023	Røyrvika: Engholmane, Ånnholmen	kulturlandskap	kystlynghei	B
136	Røyrvika-Rishaug	kulturlandskap	kystlynghei	A
140	Seter	skog	rik edellauvskog (hassel)	C
138	Seter: Gullbringen	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
139	Seter: Skallebakken	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
141	Seterelva	ferskvatn	viktig bekdedrag	B
137	Setervika-Selneset	kulturlandskap	kystlynghei	B
144	Småge: Kvalvåg	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
146	Småge: Skaret	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
145	Småge: småbåthamna-ferjeleiet	kulturlandskap	vegkantar	B
147	Småge: Smågehaugen	skog	rik edellauvskog (hassel)	A
142	Småge: Smågehellsøya (Nordre Helleøya)	kulturlandskap	kystlynghei	C
143	Småge: Smågerisøya (Vestre Risøya)	kulturlandskap	kystlynghei	C
148	Småge: Smågesjøen	havstrand/kyst	strandenger	B
016	Småge: Stongneset-Røssøya	kulturlandskap	kystlynghei	B
017	Småge: Smågevatnet	ferskvatn	rik kulturlandskapssjø	A
018	Småge: Røssøya	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
019	Småge: sør for Røssøya	havstrand/kyst	brakkvannspoll	B
149	Småge: vest for Korsbøen	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
150	Sporsem	skog	rik edellauvskog (hassel)	B
151	Tangen: Krabbenønna	havstrand/kyst	strandsump	C

Tabell 3. Fordeling av lokalitetar etter naturtype og verdi. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.

Huvudnaturtype\verdi	A	B	C	Sum
berg/rasmark	1			1
ferskvatn	1	2	5	8
havstrand/kyst	2	6	4	12
kulturlandskap	3	7	7	17
myr		3		3
skog	2	17	2	21

### Raudlisteartar og ansvarsartar

Ei raudliste er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruksområdet, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b). Ansvarsartar er artar der Norge, dels saman med våre naboland

har ein vesentleg del av den europeiske bestanden. Ansvarsartar er ikkje nødvendigvis sjeldne i Norge.

Raudlisteartar av virveldyr er ikkje presenterte her, sidan dette kjem inn under viltkartlegging (DN 1996), som ikkje inngår i dette prosjektet. Det er registrert relativt få raudlisteartar av planter, sopp og lav i Aukra, men dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel.

### ***Forvaltning og tilrådingar***

Eit eige kapittel inneholder råd om forvaltning og skjøtsel av dei ulike viktige naturtypane i Aukra. Det går særleg på å prøva å unngå fysiske inngrep, oppretthalda beiting i verdifullt kulturlandskap, unngå treslagskifte i verdifull skog, og unngå forureining. Det er vidare teke med ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Dette gjeld særleg marine område. Dessutan er kunnskapen om mange organismegrupper i Aukra svært dårlig.

### ***Litteratur***

Ein eigen litteraturdatabase er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Aukra i denne basen ga vel 250 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betre kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er ledd i ei statleg satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjingga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Heile kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig innan 2004. Direktoratet for Naturforvalting (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

## Formål

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid. Eit delmål er å gje eit så godt oversyn som råd over dei naturverdiane og artane som finst i dei undersøke områda. Eit generelt formål med naturfagleg kartlegging er elles å fokusera på behovet for å verna om naturen, og ein får håpa at rapporten blir eit viktig dokument i den langsigte arealplanlegginga i kommunen.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

## Nokre begrep

**Beitemarkssopp:** grasmarkstilknytta soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

**Biologisk mangfald** omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

**Indikatorart:** ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte.

**Kontinuitet:** i økologien bruker vi relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte flere hundre til flere tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepene er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

**Natureng:** i snever forstand gamle slåttemarker med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar blir omgrepene brukte i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarker og naturbeitemarker.

**Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for særleg mange artar, eller artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Naturengplanter:** planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. De har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed ein parallell til beitemarkssoppene.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

**Signalart:** blir i denne rapporten brukte omtrent synonymt med indikatorart. I "signalart" ligg det litt meir at ein bør vakna opp og leita etter fleire teikn på ein evt. verdifull lokalitet.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominante typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, kratttrydding, lauvning og lystheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og lysthei.

**Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlistan, også kalla raudlisteartar.

# METODAR OG MATERIALE

## Generelt

I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle myrer, men t. d. rikmyr med orkidéar og andre kalkkrevande planter
- ein registrerer ikkje vanlege fjellheier, men rik fjellvegetasjon med kalkkrevande planter

Vilt- og fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

## Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels fra innsamling av eksisterande kunnskap, men mest gjennom eige feltarbeid i 1999 og 2000.

### Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Aukra. Dette har vorte lettare å få oversikt over i år 2000, da underteikna saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga eit utkast til litteraturdatabase over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune, og skal etter planen liggja på Fylkesmannens heimesider på Internett frå etterjulsvinteren 2001.

### Museumssamlingar, databasar, Internett

Det er samla litt informasjon ved Botanisk museum i Oslo frå ein botanisk ekskursjon i Aukra i 1934. Det er og innhenta opplysningar om einskildartar. Frå Internett er det henta nokre opplysningar om sopp og lav.

### Innsamling frå personar

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Aukra. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette.

## **Eigne registreringar av biologisk mangfald**

I 1996 har underteikna undersøkt ein del kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Gaarder 1997). I 1999-2000 er det utført 13 feltdagar i Aukra.

Floraen er undersøkt ved at det er laga krysslister for dei kartlagte lokalitetane. Vegetasjonen er kartlagt i grove trekk etter vegetasjonstypene hos Fremstad (1997).

Lav er samla særleg på tre og berg i skogområda, sidan ein del slike artar kan brukast som indikatorar på naturkvalitet i skog (sjå nedanfor).

Sopp er særleg samla i gammal grasmark i område med tradisjonelt kulturlandskap, sidan ein del slike artar kan brukast til å verdsetta slikt landskap (sjå nedanfor).

Interessante fugleobservasjonar er notert i samband med alt feltarbeidet.

## **Bestemmelsesarbeid og dokumentasjon**

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Lid & Lid (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva.

Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For jordtunger (*Geoglossum*, *Microglossum*, *Trichoglossum*) har ein brukt Olsen (1986). For dei andre artane, har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997) og Ryman & Holmåsen (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg.

Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994) og Moberg & Holmåsen (1986).

Vitskaplege navn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet.

Alle interessante funn av planter, sopp og lav er tekne vare på, og vil bli overlate til Botanisk Museum på Tøyen, Oslo.

Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

## **Verdsetting og prioritering**

### **Generelt**

Ved verdsetting av naturmiljøet blir det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

## **Kriteriar og kategoriar**

Ein viser her berre til verdettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. forekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike.

For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte. Kriteria for desse kategoriane gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar med klare biologiske verdiar, men som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig.

## **Avvik fra DN-handboka i denne rapporten**

Rapportforfattaren er usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane blir sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner underteikna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

- |                          |  |
|--------------------------|--|
| <b>A (svært viktig)</b>  | større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (m. a. alm-lindeskog)                       |
| <b>B (viktig)</b>        | velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar   |
| <b>C (lokalt viktig)</b> | mindre skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. därleg utvikla gråor-almeskog) |

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- |                          |  |
|--------------------------|--|
| <b>A (svært viktig)</b>  | velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sårbare eller direkte truga |
| <b>B (viktig)</b>        | lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande        |
| <b>C (lokalt viktig)</b> | lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller därleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.                         |

## ***Uprioriterte lokalitetar***

Lokalitetar som er oppsøkt, men som ikkje er prioriterte, er kort omtala i avsnittet "Uprioriterte lokalitetar". Dette er gjort fordi det trass alt dreier seg om eit mindre tal lokalitetar, og fordi det kan ha interesse å vita at eit område er oppsøkt eller vurdert.

Årsaker til at lokalitetar er uprioriterte:

- ein har ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar
- DN-handboka om biologisk mangfald inneheld ikkje metodar til å verdsetta vedkomande lokalitet (t. d. hekkeområde for sjøfugl eller rovfugl)

## ***Litt om viltkartlegging***

Hekkeområde for t. d. sjøfugl, rovfugl eller ugler er ikkje vurdert i denne rapporten. Grunnen til dette er at alle virveldyr med unntak av fisk (dvs. pattedyr, fugl, krypdyr og amfibiar) i den tradisjonelle norske naturforvaltninga har hørt inn under såkalla "viltkartlegging". DN har utarbeidd ei eiga handbok i viltkartlegging (DN 1996). Den gruppa som utarbeidde DN-handboka om biologisk mangfald (DN 1999a) lukkast ikkje med å bryta denne tradisjonen, slik at "vilt" framleis ikkje er ein integrert del av forvaltninga av biologisk mangfald. Det same gjeld i stor grad for vassdrag og ferskvassfisk. Vi har derfor ei tredelt naturforvaltning når det gjeld organismegrupper på land/i ferskvatn: vilt, ferskvassfisk og "resten". Marine miljø har også si eiga forvaltning. Dette avspeglar seg også i lovverket, sidan ein t. d. har ei viltlov, ei lov om innlandsfiske og ei lov om naturvern. Desse strukturane er i betydeleg grad til hinder for å få ei heilskapleg naturforvaltning i Norge, både nasjonalt og lokalt. Det er grunn til å tru at ein på lokalplanet har større høve til å gjennomføra heilskapleg planlegging og arealforvaltning enn på regionalt og nasjonalt nivå.

Sjølv om DN (1999a) altså omhandlar alle naturtypar og biologisk mangfald generelt, blir altså ikkje alle organismegrupper vurderte, og ikkje alle naturtypar verdsette og prioriterte med denne metoden. Vil vil lenge måtte slita med fleire metodeopplegg parallelt: handbok i viltkartlegging (DN 1996), handbok i kartlegging av biologisk mangfald (DN 1999a) samt dei lenge varsla handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN på Internett) og marine miljø (DN under arbeid).

## ***Bruk av raudlisteartar/signalartar***

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til opprampa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t.d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar blir lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar blir kort omtala her. Nedanfor blir det opprampa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

- Rikmyr: t. .d. breiull, engstorr, loppestorr, jáblom, småsivaks, sveltull, gulstorr
- Edellauvskog: t. d. svarteknapp, sanikel, breiflangre, vårmarihand, vårerteknapp, lundgrønak
- Havstrand: t. d. grusstorr, havstorr, ishavsstorr, bogestorr, havbendel

- Ferskvatn: m. a. soleinøkkerose, hjartetjønnaks
- Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal (1997) eller Jordal & Gaarder (1995).

## **Presentasjon**

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, samt litt om bruken av naturen, er samla i eit kapittel. Deretter er det presentert ein del tabellariske data i kapitlet "Resultatoversikt". Dette oppsummerer ein del sentrale resultat. Dei undersøkte lokalitetane er omtala i eit kapittel med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgt DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte alfabetisk etter namn, og ikkje etter naturtype. Namnsettinga er forsøkt gjort slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer <100 og >190 stammar frå Naturbasen (Fylkesmannen 1999), medan nummer mellom 100 og 160 er nye lokalitetar i dette prosjektet.

Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For edellauvskog er stort sett treslagskifte ført opp sjølv om dagens eigarar ikkje har planer om noko slikt.

### **Kartavgrensing**

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på økonomisk kart 1:20000 som er overlett til kommunen. Avgrensingane blir ikkje særleg nøyaktige i denne målestokken. Ein må oppfatta avgrensingane som omrentlege og orienterande.

### **Anna**

Oversikt over lokalitetane er presentert både i samandraget (alfabetisk etter namn) og i resultatoversikt-kapitlet (sorterte etter naturtype). Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel, og i tillegg har ein presentert kva artar frå Aukra som Norge har eit særskilt ansvar for i internasjonal samanheng. Siste kapitlet kjem med betraktingar og tilrådingar omkring framtidig forvaltning, og ei vurdering av den kunnskapen som no er samla.

# NATURGRUNNLAG OG NATURBRUK

Dette kapitlet er eit av resultata i prosjektet "Kartlegging av biologisk mangfald i Aukra".

## Historikk omkring utforskinga av Aukra-naturen

### Før 1800

Den første skriftlege kjelda som nemner naturforhold i Aukra er kanskje Jonas Ramus (1649-1718), presteson som vaks opp på Aukra og seinare vart sokneprest i Norderhov. Ramus laga den første floralista for Norge, og ramsar elles opp ein del pattedyr, fugl, fisk, insekt osb. (Ramus 1715). Generelt er det sparsamt med stadfesta informasjon. Men eit sitat har likevel interesse her: "Caprifolium seu lilium inter spinas inventum mihi in Romsdaliæ insula natali mea, Akerøen, in extremitate sylvæ ad Kieringsund" - vivendel finst i skogkanten ved Kjerringsundet på hans fødeøy Akerøen, truleg den første skriftlege opplysninga om floraen i Aukra.

Mor til Jonas Ramus vart enke i 1654 da Jonas var 5 år, og gifta seg da opp att med neste prest i Aukra, Hans Breyer, (1625-1704, prest i Aukra frå 1654). Her er ei interessant historie om den tidlege brukshistoria til Aukraholmen, som kastar nytta lys over forståinga av vegetasjonen der i dag (frå Schöning, som reiste i Aukra i 1773, Schöning 1910): "På en holme nord for prestegaarden [Aukraholmen] var der tilform nesten blotte stenklipper, men en av Akerøens forrige prester, Herr Breyer, lokket dithen måker og andre sjøfugler ved at frede holmen og skaffe dem der roligheid til aa udklekke deres unger. Den roligheid betalte de ved deres skarn, hvormed de saaledes har gjødet holmen, der er av måtelig strekning at den gir 50 lass høy og derover, samt naar høyet er avslaat et fedt beite for kveget om høsten."

Holzförster (forstmann) Hans Peter Schnitler skrev to manuskript frå Romsdals-kommunane, eit i 1768 og eit i 1789, det siste inneholdt noko om Aukra, og begge manuskripta er bearbeidde for publisering av Bjørn Austigard (utgjeve av Romsdal Sogelag 1974). Her skriv Schnitler m. a.: "Øen har vidløftige udmarker myrede og begroede med lyng, derfor ikkun 12 gaarder, ingen skov, da paa de fleste stæder i heele prestegjældet brændes torv,.." Schnitler skriv vidare om Aukraholmen: "Ved Præstegaarden ligger en stor omflød Holme, hvor mange 1000de Maager udlægger deres unger, og hvor opsamles en stor mængde Egg til Spise for Folket. [Så kjem ei tilføying av H. J. Wille, sokneprest i Grytten 1788-1792] Paa denne Holme skal der nu kunne avles henimod 100 læs Høe, da i gamle Tider ikkun kunne faaes 10 læs, for hvilket Efterkommerne har at takke den Sal: afdøde Provst Brejer. Thi han lod bringe derhen endeel Mask og fiske hvorved han lokkede Strand-Maagerne hen til samme Holme, og ved deres Excrementa, som er særdeles beqvemme til giødning, blev Jorden saa forbædret at der nu er den skiønneste Eng." Schnitler (1789) fortel vidare: "Af færské vande ere adskillige, paa Otterø-fjældet, ved gaarden Hauchebøe, ved gaarden Smaage, ved gaarden Malmedal og fleere stæder, rør, ørreter, foreller afgive disse..."

### 1800-1900

E. Kaurin var sokneprest i Bud 1869-74. Han gjorde fleire interessante plantefunn i Romsdal, og desse er omtala i Blytt: Norges Flora (1861-79). Her er det og fleire funn frå Aukra: m. a. salturt, solblom, kystgrisøyre og blankburkne (den siste i Julsundet).

I 1892 kom Bastian Dahl med si reisehandbok om Molde og Romsdalen. Her skriv han om Aukraholmen og om fuglelivet på Gossen: "Gossen er bekjendt for sit fugleliv; navnlig er de udenfor tangen nordenfor prestegården liggende 2 Akerøholmer et rigt fuglevær, hvis jord gjennom umindelige tider er bleven frugtbargjort af fuglegjødning. Af trækfugle træffes her heiloen, spoven, snipen, bekkasinen, grågåsen o. fl., endogogså englerken hækker her (det eneste sted i hele fogderiet); stærflokk kan man få se midtvinters; fuglen overvintrer altså her, idet den ernærer sig af insekter, der ales i fiskeaffaldet. Også falke har havt tilhold her."

Ein milepål i utforskinga av plantelivet var det da konservator Ove Dahl (1862-1940) frå Botanisk Museum i Oslo på ei av sine mange utforskingsreiser kom innom Aukra i juli 1895 (Dahl 1897, det som omhandlar Aukra er presentert som vedlegg bak i rapporten). Han fann fram til mykje av det som vi framleis ser på som det mest spesielle ved floraen i Aukra. Det gjeld t. d. floraen på sandstrendene i Hjertvika med dei sørlege sanddyneartane strandkveke, marehalm og sandstorr, strandfloraen i Røabukta, Løvika, Horremsbukta, Riksflorden, og hasselkratta ved Småge med begerhagtorn. Han fann og mykje som i dag etter alt å døma er gått tapt, ved at kulturlandskapet har endra seg. Dette gjeld t. d. naturenger ved Horrem og Småge med solblom og brudespore, berre svartknoppurten er her framleis (og stortveblad er attfunnen i hasselskogen på Horrem). Vidare tørrenger på Eikrem med bergsvineblom (i 1999 funnen i Røyrvika) og i Løvika tørre enger med bakkeveronika, vill-lin, vårskrinneblom og sandarve.

## **Etter 1900**

I 1934 var botanikarane Johannes Lid og Jens Holmboe leiarar for ein studentekskursjon til Romsdalen. Dei heldt til ei veke i Molde og gjorde ekskursjonar rundt i terrenget i månadsskiftet juni-juli. 30. juni 1934 var dei på Aukra med motorbåt (kjelde: Johannes Lid si dagbok, arkivert ved Botanisk Museum i Oslo). Dei stoppa såvidt på Landholmen og tok ei kryssliste der, før dei gjekk i land i Hjertvika. Her fann dei ulike sanddyneplanter, og vidare (sitat): "Ein bek har laga ein liten dal med litt kratt: *Pyrus malus* [villapal] nokre eks... Oppe ved gården: *Gentiana campestris* [bakkesøte] rikelig *Thalictrum alpinum* [fjellfrøstjerne].. Breien fann *Botrychium lunaria* [marinøkkel].. Tilbake til båten kl 14 Til Molde kl 16 [ankom Hjertvika kl 1130]". I tillegg til det som her er notert, finst det krysslister og belegg i Oslo frå denne dagen, m. a. av kvitkurle samla av Holmboe, ein sjeldan orkidé i gamle slåtteenger (Jordal & Gaarder 1998a). Dei funna som vart gjort oppe ved garden er naturengplanter som er knytt til slått/kortbeita vegetasjon der det ikkje blir gjødsla og ikkje blir pløgd, og ein kan ikkje venta å finna att desse artane i dag. Korkje bakkesøte, fjellfrøstjerne, kvitkurle eller marinøkkel er kjent frå Aukra i dag.

I mellomkrigstida arbeidde myrselskapet med kartlegging av myrer i fylket. Ein del informasjon om myrene på Gossen er samanstilt av Løddesøl (1940).

I 1969 var professor Rolf Nordhagen (1894-1979) på tur i Romsdal (Molde og Aukra; jfr. Blyttia 28:61), og oppsøkte da nokre av dei klassiske Dahl-lokalitetane på Aukra (Urke 1980). I juli 1973 dro Kåre Lye rundt i midtre og ytre Romsdal og kartla botanisk interessante område for Miljøverndepartementet, som da hadde sett i gang "Landsplan for verneverdig områder/forekomster". I Aukra besøkte han Hola-Midtvoll-området i Julsundet, der han fann skog med interessant flora (Lye 1974). På 1970-talet gjennomførte Miljøverndepartementet omfattande kartlegging av m.a. våtmarksområde i store deler av Norge, da særleg slike område som var viktige for vassfugl. Det som angår Aukra er samanstilt av Folkestad (1978), og er grunnlagsmaterialet for våtmarksverneplanen (Fylkesmannen 1982).

Folkestad (1976) er den første samanstillinga av kunnskap om verdifulle naturområde i Aukra, eit arbeid som omfatta alle kommunane i fylket den gongen.

I 1984 vart det undersøkt fleire havstrandområde i samband med verneplan-arbeid (Holten m. fl. 1986b). I 1996 har underteikna saman med Geir Gaarder kartlagt planteliv og soppflora på 13 kulturlandskapslokalitetar (Jordal & Gaarder 1997). I 1997 publiserte Helge Hagen ei oversikt over fuglefunaen i Aukra basert på 25 års innsamling av data (Hagen 1997). Det som angår sjøfugl er samla av Folkestad & Loen (1998).

## Landskap m.m.

Aukra er ein av fleire små kommunar på Romsdalskysten. Landarealet er oppgjeve til 58,4 km<sup>2</sup>. Størstedelen av dette ligg på Gossen, men 9,4 km<sup>2</sup> ligg i Julsundet. Spennvidda i naturtypar er stor, frå havdjup via grunner, holmar, skjer, bratte strandberg, rolege sandstrender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til ville berghamar og snaufjell i Julsundet med eit nokså alpint preg.

*Tabell 4. Nokre geografiske data for Aukra kommune. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Aukra kommune, Løddesøl (1940).*

Parameter	Verdi
Landareal	58,5 km <sup>2</sup> , herav fastland 9,4 km <sup>2</sup>
Del av fylket sitt areal	0,4 %
Jordbruksareal	8,6 km <sup>2</sup>
Skogareal	7,9 km <sup>2</sup>
Myrareal (Løddesøl 1940)	12,7 km <sup>2</sup>
Strandline	173,6 km (av dette fastland 7,4 km)
Høgaste punkt	493 m o. h. (Eiskremheia)
Talet på øyar (samla areal)	604 (49,1 km <sup>2</sup> )
Talet på ferskvatn (samla areal)	28 (totalt 0,1 km <sup>2</sup> )
Talet på fjelltoppar over 300 m	4
Areal 0-150 m o.h.	92,6 %
Areal 150-300 m o.h.	4,3 %
Areal 300-600 m o.h.	3,1 %
Areal >600 m o.h.	0

## Klima

Klimaet på Romsdalskysten er utprega oseanisk. Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I eit slikt klima er vintertemperaturane er høge, på Gossen ligg temperaturen litt over 0°C som gjennomsnitt for januar.

Gjennomsnittstemperatur for juli er rundt 13-14°C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør rundt 1200 mm, Holten m. fl. 1986a), hyppig nedbør (>220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året) og fuktig luft. Kjelde: Nasjonalatlas for Norge.

## Geologi

Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneisbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt

surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Berggrunnskart finst no tilgjengeleg både i målestokk 1:250 000 (kartblad Ålesund, Lutro m. fl. 1998, fargar), og 1:50 000 (kartblad Hustad, NGU 1989, svartkvitt). I Smågeområdet finst meir baserike bergartar, og dette gjev seg utslag i eit rikare planteliv.

## Lausmassar

Det finst kvartærgeologisk kart i 1:50 000 (kartblad Hustad, Folkestad & Anda 1988, fargar). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er ein del fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad morenemasse frå siste istida. Ein markert rygg som går frå Aukra til Sporsem er danna av ei breelv. Ein del av Aukra vart isfri for om lag 12500 år sidan. Marin grense (det høgaste havet har stått) skal vera rundt 50 meter (Holmsen 1920). Strandnære lausmassar rundt heile Gossen er mange stader danna som marine avsetningar. I tilknyting til skjelsandforekomstar kan ein og finna ein del kalkkrevande planteartar. Lausmasseforekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strandene. Desse dannar grunnlag for vegetasjonstypen strandeng. Eit par stader har ein sanddyner eller flygesandområde. Desse er dels avsette som følgje av vindpåverknad. Slike område er sjeldne og har ein særmerkt flora. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg meir eller mindre tjukke lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike lausmassar dekkjer det meste av indre del av Gossen. Dette har i tidlegare tider vore ein viktig ressurs for folk på kysten her, som brenslle i staden for ved.

## Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Aukra høyrer her til region Møre og Trøndelags kystregion.

Norge sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998). Aukra tilhøyrer i denne samanheng region 25 Trøndelags og Nordmøres kystbygder.

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

**Vegetasjonssonar** beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

**Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)

**Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)

**Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)

**Nordboreal sone** (fjellskogsone)

**Alpine soner** (Låg-, mellom- og høgalpin sone)

Vegetasjonen på Gossen tilhører for det meste den sørboreale sonen. Fjellområda tilhører den alpine sonen (Moen 1998 s.70). I Julsundet finst alle overgangar mellom desse sonene.

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** blir bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk blir bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental blir bruka tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

**O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørsmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen blir delt i to underseksjonar:

**O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

**O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekke fjellplanter som krev stabile vintertilhøve.

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med ein årsnedbør på over 1200 mm, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok.

**O1. Svakt oseanisk sekjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekke svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nesset og Rauma.

Vegetasjonen i Aukra tilhører sterkt oseanisk seksjon (O3). Heile kommunen tilhører den humide underseksjonen (O3h)(Moen 1998).

## Marine område, havstrand og kyst.

Noko av det som særmerker mykje av Aukra kommune er møtet mellom hav og land, det er over alt kort avstand mellom desse to. Organismar som er knytt til havet, grunne område eller strand er svært utbreidde i kommunen. Frå gammalt av er kystområda her kjent for rike fiskeri av t. d. sild og torsk. Kystfarvatna er rike på mat for store sjøfuglbestandar både sommar og vinter. Der land og hav møtest finn vi organismar frå begge økosystema. Sjøfugl er døme på artar som held mest til over vatn, men som hentar meir eller mindre av føda under vatn.

Strendene har ei rekke særmerkte planteartar som er tilpassa saltpåverknad m.m. Eksposisjon for bølgjer varierer svært mykje og påverkar substratet slik at ein kan få leir-, silt-, sand-, grus- rullestein- eller bergstrand. Mange stader finn ein berre strandberg. Vegetasjonen, flora og fauna er i stor grad påverka av desse faktorane. På Gossen finn ein fleire stader strender med fin sand, som eit par stader dannar sanddyner. Dette er eit ustabilt miljø, som også er utsett for fysiske inngrep, der ein kan finna ei rekke spesialtilpassa planter. Mange av desse er sørlege, og t. d. marehalm og sandstorr har truleg den reelle nordgrensa i Aukra, ettersom dei truleg er forsvunne på lokalitetane i Fræna. Marehalm finst i Hjertvika, og sandstorr i tillegg m. a. i Røabukta og på Sporseholmen og Vedaholmen i Løvika. Brakkvatn er ei blanding av ferskt og salt vatn, som oppstår i avsnørte bukter, pollar, dammar og gruntområde nær elve- og bekkeutløp. Slike område har eit særegne biologisk mangfald.

I strandområda oppstår ofte arealbrukskonfliktar, der ulike utbyggingsformål kjem i konflikt med ønsket om bevaring av det biologiske mangfaldet.

## Kulturlandskap

### *Kystlynghei*

Ved Universitetet i Bergen har ein studert kulturpåverknaden på Vestlandet frå den tida menneska tok til å halda husdyr for rundt 4500 år sidan. Mykje av det landskapet som er dyrka eller har open lynchei i dag, har tidlegare vore skogkledd. Studiar av Kaland (1986) viser at dei eldste lyncheimråda i Hordaland vart skapt for ca. 4300 år sidan gjennom avskoging, beiting og lyngbrenning. Mykje av det opne lyncheilandskapet på kysten slik vi kjenner det er truleg skapt på denne måten, men somme stader kan det og tenkast at det aldri har vore skog, eller at området er avskoga av naturlege årsaker. Aktiv avskoging og nyskaping av open lynchei har foregått heilt fram til 1700-talet. Det har danna seg ein eigen jordbrukskultur med lyncheiskjøtsel som spesiale langs heile kysten. Dersom lyngen vart stor og grov, måtte ein brenna for å fornja beitet, ofte med 5-10 års mellomrom. Somme stader har i hundreårsvis og kanskje tusenårsvis hatt såpass beitetrykk at det ikkje har vore naudsynt å brenna (t. d. Riste i Sande).

På Gossen veit ein at det har vore skog i periodar. Lyncheiskjøtsel med brenning har vore vanleg på holmane, som var bruk til sommarbeite. På Gossen har eg ikkje hørt sagt at det har vore brent. Myrene var sommarbeite vår og haust til midt på 1950-talet.

Aukra har ein rikhaldig skjergard med ei rekke holmar som har vore tradisjonelle beiteområde for husdyr. Gamle beiteområde som har vore i bruk heile tida, og som har vore nokså lite gjødsla, er særleg interessante. I dei siste 20 åra (1977-1997) har det likevel vore ein svært liten sauebestand i kommunen, varierande mellom 70 og 130 vinterfôra dyr. I dag knyter interessa seg særleg til den veksande bestanden av gammal norsk sau. Denne (også kalla villsau eller utegangarsau) har vore borte ei tid, men er no på veg inn att. Han krev lite arbeid, og kan halda dei urgamle kystbeita ved like, som no elles er i ferd med å gro att mange stader. På Aukra er det utegangarsau i fleire område etter kvart, men dei fleste områda er denne sauens nyleg introdusert.

Særleg i periodar med kaldare klima fekk ein behov for å ha dyra inne i periodar om vinteren. Det vart da naudsynt å samla vinterfôr, og ein trond slåttemark der dyra ikkje beita. Dels var det spesielle udyrka holmar og utslåttar som vart hausta (t.d. Aukraholmen, Naustholmen), men ein tok og til å dyrka opp til graseng og åkrar. Løkmyra nord for Nerbø er nemnt som eksempel på slåttemyr på Gossen (Løddesøl 1940).

I utmarka er det somme stader gamle gras- og urtedominerte beite, eller lynchei i mosaikk med myr. Dette er restar av dei tradisjonelle utmarksbeita, som i dag i stor grad er i attgroing med høg og grov røsslyng, einer, rogn og bjørk, og dels blir tilplanta med ulike treslag, som furu, sitkagran eller bergfuru/buskfuru. Vi finn i dag likevel fleire godt bevarte tradisjonelle utmarksbeite i Aukra. På 1990-talet er det gjennom undersøkingar vist at desse har eit heilt spesielt biologisk mangfold av artar som ein ikkje finn i landskapet elles, særleg beitemarkssopp og naturengplanter (t. d. Jordal & Gaarder 1997, Jordal 1997).

## **Naturbeitemark**

Kultureng som blir pløgd, gjødsla og isådd med kjøpte frøvarer blir dei første åra artsfattig. På gammal eng kjem det inn ein god del fleire planter frå naturen rundt, og på svært gamle slåtte- og beitemarker som kanskje har vore lite gjødsla vil artsrikdommen vera stor med ei rekke spesialtilpassa grasmarksartar av i første rekke planter og sopp. Den siste typen tilhøyrer det som vanlegvis blir kalla det tradisjonelle kulturlandskapet, som dominerte i førre århundre og fram til andre verdskrigen. Dei artane som er mest knytt til lite gjødsla lokalitetar i tradisjonelt kulturlandskap, kallast *naturengplanter* og *beitemarkssopp*. Desse artane er truleg opprinneleg tilpassa eit europeisk landskap som vart beita av store ville grasetarar før menneska tok til med jordbruk. Etter kvart har vi menneska dels utrydda, dels temt desse grasetarane, og i dag er det i praksis berre husdyr som skaper denne naturtypen.

Tradisjonelt kulturlandskap er i dag sjeldan av årsaker som har med teknologi og økonomi å gjera. Dei lokalitetane i Aukra som har det mest intakte og verdifulle arts mangfaldet er relativt små. Det burde gjerast noko aktivt frå det offentlege si side for å følgja med og hjelpe til med å sikra tradisjonell drift på desse stadene.

## **Attgroing**

På Aukra gror mykje jordbruksland igjen. I gammal, attgroande eng vil ein ofte få ein høgvaksen og frodig vegetasjon av sølvbunke, englodnegras, strandrøyr, mjødurt, sløkje, hundekjeks, kvitbladtistel og skogstorkenebb. Desse er botanisk sett lite interessante. I ein periode av attgroingsfasen kan slike enger vera biotop for krevande fuglearter, t. d. åkerrikse, vaktel og sivsongar.

## **Setring**

I Julsundet har det vore mange setrar, men desse er nedlagt no (Gjeldvik 1992). Utmarksbeita her gror att, og beitetrykket er därleg.

## **Ferskvatn**

Dei fleste vassdraga i eit landskap på Gossen og i Julsundet blir korte og små med lita og varierande vassføring. Nokre av dei største vassdraga er Seterelva, Eikremelva, Sporsemelva, Horremselva og Røaelva på Gossen, i ein større samanheng mest som bekkar å rekna. Slike mindre kystvassdrag er sterkt utsette for inngrep, særleg ved drenering av myrar og kanalisering. På Gossen er ofte øvre deler kanalisert, medan nedre deler er relativt urørte av fysiske inngrep. Når det gjeld innsjøar, er det lite å melda. Dei fleste mindre tjønnene på Gossen er påverka av drenering og er meir eller mindre uttørka. Den einaste innsjøen er Smågevatnet, som er verna som naturreservat, og som er næringsrik, artsrik og interessant. På myrområda ved NATO-masta aust for Breivika finst framleis nokre småtjønner. I Julsundet finst nokre vatn på fjellet (Hundediket, Småtjønnin og Kryssvatnet), alle på eller ved grensa til nabokommunane Fræna og Molde. Sjølv om næringsfattige vatn i skogen ikkje er med som prioritert naturtype i DN-handboka, er dei likevel tatt med som lokalitetar i kategori C - lokalt viktig. På Vestlandet er det generelt relativt få intakte låglandsvatn, og dei representerer eit miljø vi har relativt lite av i vårt område.

## **Skog**

Etter slutten av siste istida har skogen vandra inn, også i Aukra. I periodar har nok kommunen vore mykje meir skogkledd enn i dag. Minne om ein tidlegare meir utbreidd kystfuruskog finn ein t. d. i form av fururøter i myrene.

### **Skoghistorie**

Dei siste århundra har heile Gossen vore omtrent skoglaus. T. d. skreiv Schnitler (1789) om Gossen: "ingen skov". Schönnings skreiv følgjande frå reisa si i 1773 (Schönnings 1910): "Overalt paa Gossen ses tegn etter store skoge i forrige tider, hvoraf nu intet er tilovers, mange steder ses store fururøtter. Man siger at skogen der er afbrent fordi sørøvere hadde der sit tilhold. Paa prestegaardens mark saa jeg tre store furutrær og hos dem en del smaa at oprinde." Ove Dahl skreiv følgjande etter turen sin i 1895: "Øen mangler omtrent ganske skog, kun ved Smågegårdene på vestsiden, nær Åkerø kirke, og ved Løvik er der lidt kratskog, især bestående af birk, rogn og hassel, navnlig førstnævnte sted. (Levninger af furuskog findes dog i vestpartiet af den til Akerø pgd. hørende, ei besøgte ø Otterø). Dog har forstvæsenet for ca. 20 år siden foretaget plantning af nåletrær nær kirken. Furu og lærketræ synes at trives godt, medens granen har vanskelig for at holde sig." Om lag samstundes skreiv Bastian Dahl (1892) si reisehandbok om Molde og Romsdalen. Her skriv han om den første skogreisinga på Gossen: "På Gossen har staten omkring 1875 la det foretage det første forstmæssige skovanlæg i Romsdalen under ledelse af forstassistent K Elster (forfatter, f. 1841, d. 1881); af nåletrær har furu, buskfuru og lerke klaret sig godt, medens gran og hvidgran er mislykket." Baartveit (1952) skriv og om skogen på Gossen. Ifølgje han sto det m. a. nokre gamle furutre mellom prestegarden på Aukra og Aukratangen som vart hogde i 1860-åra. Holmsen (1920) påviser tre lag med fururøter, elles skriv han at det var røter av lauvtre (bjørk og or) heilt ned mot breavsetningane.

Av *naturleg* skog på Gossen i dag er det mest lauvskog, som har kome opp dei siste tiåra som følgje av endra arealbruk (mindre torvspading og beiting i utmark, større areal med drenert mark).

Dei seinare tiåra har det vore planta ein del skog, både furu, gran og lerk, men særleg dei salttolande artane sitkagran og bergfuru/buskfuru. Dei sistnemnde er innførte artar, som når dei når frøsetting kan spreia seg i terrenget. Romsdals Budstikke hadde eit stort oppslag den 19. januar 1961: "Gigantisk leplantingsplan skal fremje jordbruksmarkedet". Dette var landets første kommunale leplantingsplan, der 340 000 planter skulle plantast på 3 år over 1700 dekar. Plantene skulle fordela seg på sitkagran (170 000 planter), lerk (57 000), kontortafuru (57 000) og bergfuru (56 000). Det skulle vera 18 km 50 meters belte, 25 km 20 meters belte og 26 km 10 meters belte. Det ein ser i dag er eit landskap som totalt har endra karakter sidan den gongen. Sitkagrana har vakse seg stor og dominerer mange stader. Den skogen som dette treslaget dannar når det er planta relativt tett, er omtrent ugjennomtrengeleg. Greiner, kvistar og nåler er harde og stive. Prisen på vyrket er dårleg, og avverkinga er lita. Samstundes tek sitkagrana til å spreia seg på naturleg vis etter som ein del av bestanden har nådd frøsetting. Dette gjer at skogdanninga kan koma ut av kontroll. Det er her grunn til å minna om Konvensjonen om biologisk mangfold, som seier at ein bør vera restriktiv med å føra inn nye artar, særleg slike som kan koma til å spreia seg ukontrollert og endra dei stadeigne økosystema vesentleg. I ettertid er det mange som meiner at innføring og storstila planting av framande treslag, særleg sitkagran, truleg var eit feilgrep og ikkje i samsvar med ei

berekraftig utvikling. Utviklinga ser ut til å gå i retning av stadig meir sitkagranskog i deler av utmarka, og det er vanskeleg å sjå korleis ein skal skaffa seg kontroll over denne utviklinga.

### ***Edellauvskog***

Mest artsrik og interessant på Gossen er dei små hasselskogområda i sør- og vesthellinger. Denne skogen er av ein oseanisk type med mykje kusymre og krattlodnegras, ein type det er relativt lite av i fylket. Gossen har kanskje dei områda som er størst og mest utvikla i heile Møre og Romsdal av denne hasselskogtypen. Av dei 19 kartlagte skoglokalitetane er heile 15 hasselskog/hasselkratt med kusymre, eller i det minste lauvskog med ein del hassel.

I Julsundet er det relativt mykje skog, av ulike slag. Dei mest utbreidde typane er fattige lauvskogstypar med bjørk, rogn, selje, osp og gråor. Gråor-heggeskog er ein type som særleg finst i fuktige lier. I einskilde varme lier finst ein del hassel og somme stader også alm (sistnemnde mest i urer og oppunder berghamrar ved Eiskrem og Fanghol). Svartor finst somme stader i det same området, både ved stranda og langs riksvegen m.m., og reknast mellom dei varmekjære tresлага slik som alm og hassel. Alme- og hasselskogen i Julsundet er også av den same kysttypen med mykje kusymre. Denne skogen er artsrik og interessant.

### ***Furuskog***

På Gossen har det i tidlegare tider vore furuskog, men i dag er det lite naturleg furuskog. I Julsundet derimot er det ein del av typen kystfuruskog, med oseaniske artar av planter, lav og mose. Minst påverka er skogen inn mot kommunegrensa til Molde og Fræna i søraust (jfr. lokaliteten Prestsetra). Elles i Julsundet er furuskogen meir kulturpåverka og somme stader oppblanda med mindre granplantefelt.

### ***Anna***

Kristtorn er ei sørleg busk eller lite tre som gjerne blir omtala saman med edellauvskog. Kristtorn var ikkje kjent i Aukra da Jens Holmboe gjorde si store undersøking i 1914, men ei busk er i seinare år funnen i lysopen furuskog ved Aukrahallen. Kristtorn har i vårt fylke truleg i mange tilfelle spreidd seg frå hagar med bæretande fugl. Dette er truleg også tilfelle her. Pensjonert trygdesjef Odd Hole på Aukra har 2 store kristtornane på Gossen (kjelde: Odd Hole), og er eit sannsynleg opphav til kristtornen ved Aukrahallen.

Med større kunnskapar om det biologiske mangfaldet i skogen vil det vera lettare å ta omsyn til dette i skogbruksplaner o. l. slik at ikkje nøkkeliotopar blir øydelagte i utrengsmål.

# Myr

## *Myrene på Gossen*

Myr er fuktige til våte område der det med tida byggjer seg opp eit torvlag av ikkje nedbrotne planter. Grensa mot fukthei er flytande og uklår. Mykje av dei trelause områda i kommunen er ein mosaikk mellom tørr og fuktig hei, knausar, kulturlandskap og myr. Det meste av myrene på Gossen er artsfattige, noko som alt vart bemerka av Ove Dahl for over 100 år sidan. Det finst mest nedbørsmyr og fattig jordvassmyr, i mosaikk med ulike utformingar av kystlynghei. Underteikna har knapt sett intermediaær myr på Gossen.

Løddesøl (1940) skildrar myrene på Gossen, med ein god del statistikk. Det var 12,7 km<sup>2</sup> myr på Gossen, dvs. 27% av arealet. Av myrarealet vart 51% rekna som "lyngrik mosemyr", 2% "grasrik mosemyr", 6% "grasmyr" og 41% "lyngmyr". Mest halvparten (5850 dekar) var brenntorvmyrer. Løkmyra nord for Nerbø var dels grasmyr og dels grasrik mosemyr, "vel formuldet og sandblandet", og ein del vart nytta som slåtteland. Dette kan ha vore ei intermediaær eller rik myr.

Mykje av myrområda er idag drenert og anten oppdyrka eller førebudd for oppdyrkning. Den seinare tids utvikling i jordbruksoppdraget har medført at dyrkinga har stoppa opp. Likevel er det grunn til å vera merksam på attverande myrområde utan inngrep. Slike område har det vorte lite av etter kvart.

Tidlegare var myrene inne på Gossen beite for sau vår og haust, medan dei var ute på holmane om sommaren. Fram til 1959 var myrene stort sett felles beite, men dette året vart dei utskifta over store område (kjelde: Asbjørn Windstad). Dette saman med utvikling av industri og tenesteyting førte til sterkt nedgang for sauehaldet på Gossen. Uinngjerda einebustader skaut opp rundt omkring, og sauer som åt av blomsterprakten i hagane vart lite populære.

Ei typisk fattig, udrenert myr mellom Jermannvegen og Jermannburet inneheld følgjande planteartar (23.08.00): bjønnskjegg, blåtapp, duskull, dvergbjørk, einer, flekkmarihand, geitsvingel, grønstorr, heisiv, klokkeling, kvitlyng, myrfiol, pors, rome, røsslyng, stjernestorr, særbusk, tepperot og torvull. På ei myr ved NATO-masta ved Halingshaugen vart det 20.09.00 notert følgjande artar: dvergbjørk, rome, røsslyng, einer, bjønnskjegg, klokkeling, blåtapp, blåknapp, stjernestorr, kornstorr, flekkmarihand, duskull, heisiv og furu. Desse eksempla skulle illustrera Ove Dahl sin kommentar for over 100 år sidan: "Vegetationen frembyder i det indre af øen på grund af terrænets beskaffenhed lidet af interesse i botanisk henseende".

Det er grunn til å vera merksam på at "intakt låglandsmyr" i dag blir betrakta som ein verdifull naturtype uansett artsrikdom, rett og slett fordi naturtypen har vorte sjeldan i låglandet (DN 1999a). På Gossen bør ein ta vare på dei intakte myrene som er att.

## *Myrene i Julsundet*

I Julsundet er det funne eit par mindre rikmyrer inn mot grensa til Fræna, det gjeld Langmyra og ei nærliggjande myr ved Fosselva. Artsutvalet her er heilt forskjellig frå det ein finn på Gossen, med rikindikatorar som breiull, dvergjamne, engstorr, fjellistel, gulsildre, gulstorr, kornstorr, loppestorr, myraugnetrøst, myrsauløk, småsivaks og særbusk. Opplysningar frå

1800-talet (Kaurin ifølgje Dahl 1997) om at det var funne breiull i Aukra kan kanskje stamma frå dette området.

## Berg og rasmark

Berg og rasmark finst det ein del av i dei bratte fjellskråningane i Julsundet. Berghamarar er viktige som hekkeområde for rovfuglar, ramn, bergirisk og ringtrast. Skrentar og hamrar kan og vera av interesse som levestad for ei planter, t. d. bergfrue, olavsskjegg, blårapp, rosenrot og andre. Av lavartar er det på berg i Julsundet vanleg å finna lungenever, sølvnever, skrubbenever og fleire andre artar av lungeneversamfunnet, som elles er vanlegast på tre i fuktig skog. Inst på Eiskrem, berre eit par hundre meter nord for kommunegrensa, finst interessante rasmarker. Her vart det i 1999 funne svartburkne, aksfrytle, bergmjølke, bergskrinneblom, bergrøyrkvein, blårapp, fjellarve, rabbesiv, rosenrot og småsmelle. Elles er det kjent ein interessant lavflora på nordvendte bergflater og steinblokker på kysten (Gaarder & Jordal under arbeid). Slik lavflora er kjent frå eit område mellom Løvika og Røyrvika (ved Purkeneset).

## Fjell

I fjellområda i Julsundet er det ei blanding av heiprega kystvegetasjon og innslag av meir alpin vegetasjon med t. d. kreklinghei. Det meste er relativt trivielt. Den alpine sonen er artsattig som følgje av at det vantar ei rekke fjellplanter som krev stabile vintertilhøve med snø og total kvile. Av noterte artar i alpin hei på Eiskremheia kan nemnast krekling, rypebær, greplyng, stivstorr, kattefot, geitsvingel, blålyng, slirestorr, rabbesiv, mjølbær, blokkebær, tiriltunge og røsslyng. Av lavartar kan nemnast lys reinlav, grå reinlav, rabbeskjegg, gulskinn og smal islandslav. I fuktigare hei finst bjønnskjegg, blåknapp, torvull, heisiv, sternesildre, og det vart og funne musøyre, trillingsiv og gulsildre. Snøleie av dei typane som er vanlege i indre strok finst ikkje i Aukra.

I DN-handboka (DN1999a) er kalkrike fjellområde framheva som nøkkelbiotop. Slike område er knapt kjent frå Aukra. Det nærmaste ein kjem er fuktige, intermediære sig i nordskråningane mot Prestsetra og Kryssvatnet, med gulsildre, dvergjamne og trillingsiv. Lye (1974) fann fleire fjellplanter, m.a. raudsildre, gulsildre og fjelltistel i berg og bekkekloft ved Hola.

# RESULTATOVERSIKT

## Generelt

Innsamla biologiske rådata i form av artslister for lokalitetane er presenterte i vedlegg attast i rapporten:

- Vedlegg 1 inneholder lister over plantefunn på kvar lokalitet.
- Vedlegg 2 inneholder lister over soppfunn på kvar lokalitet.

Rapporten sitt hovedresultat er presentert i tabell 5: Verdsette lokalitetar i Aukra (jfr kapitlet "Områdeskildringar"). Sjå og tabell 2 i samandraget.

Nokre oversikter over biologiske data er også presentert i dette kapitlet. Dette gjeld:

- Tabell 6 som gjev oversikt over nøkkeltal for plante- og soppartar i undersøkte kulturlandskapsområde.

Vidare er det teke med:

- tabell 7 som gjev oversikt over viktige skriftlege kjelder med stikkord om innhaldet

## Lokalitetsoversikt

Nedanfor er alle verdsette lokalitetar tatt med, her sorterte etter naturtype (i samandraget sorterte etter geografisk plassering).

*Tabell 5. Oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar i Aukra sorterte etter naturtype. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Alle lokalitetsnummer tek til med 1547- som er kommunenummeret. I tabellen er berre siste del av nummeret teke med.*

Hovudnaturtype	Naturtype	Nr.	Lokalitet	Verdi
berg/rasmark	nordvendte berg på kysten	152	Løvika: Purkeneset	A
ferskvatn		119	Julsundet: Hundediket	C
ferskvatn		127	Julsundet: Småsjønna	C
ferskvatn		120	Julsundet: Kryssvatnet	C
ferskvatn	rik kulturlandskapssjø	017	Småge: Smågevatnet	A
ferskvatn	viktig bekdedrag	107	Eikremelva	B
ferskvatn	viktig bekdedrag	109	Horrem: Bakkelva	C
ferskvatn	viktig bekdedrag	134	Rød: Røaelva	C
ferskvatn	viktig bekdedrag	141	Seterelva	B
havstrand/kyst	brakkvannspoll	019	Småge: sør for Røssøya	B
havstrand/kyst	sandstrand	110	Horrem: Horremsbukta	B
havstrand/kyst	sandstrand	131	Nyhamna: Gildermessanden (Kvalstasjonen)	C
havstrand/kyst	sandstrand, sanddyner	024	Hjertvika	A
havstrand/kyst	sandstrand, sanddyner	135	Røyrvika	B
havstrand/kyst	strandenger	132	Nyhamna: Håsandene	C
havstrand/kyst	strandenger	148	Småge: Smågesjøen	B
havstrand/kyst	strandenger, sandstrand	004	Rød: Røabukta	A
havstrand/kyst	strandenger, undervassenger	010	Løvika	B
havstrand/kyst	strandenger, undervassenger	015	Nerbø: Nerbøvågen (Riksfordleira)	B
havstrand/kyst	strandsump	103	Aukrasanden	C
havstrand/kyst	strandsump	151	Tangen: Krabbetjønna	C

<b>Hovudnaturtype</b>	<b>Naturtype</b>	<b>Nr.</b>	<b>Lokalitet</b>	<b>Verdi</b>
kulturlandskap	kystlynghei	105	Eikrem: Steghaugane	C
kulturlandskap	kystlynghei	129	Jærmannburet	C
kulturlandskap	kystlynghei	023	Røyrvika: Engholmane, Ånnholmen	B
kulturlandskap	kystlynghei	136	Røyrvika-Rishaug	A
kulturlandskap	kystlynghei	137	Setervika-Selneset	B
kulturlandskap	kystlynghei	142	Småge: Smågehelleøy (Nordre Helleøya)	C
kulturlandskap	kystlynghei	143	Småge: Smågerisøya (Vestre Risøya)	C
kulturlandskap	kystlynghei	016	Småge: Stongneset-Røssøya	B
kulturlandskap	naturbeitemark	101	Aukraholmen	B
kulturlandskap	naturbeitemark	114	Julsundet: Fangholsetra	C
kulturlandskap	naturbeitemark	122	Julsundet: Lauvåsen	B
kulturlandskap	naturbeitemark	130	Løvika: Vedaholmen	A
kulturlandskap	naturbeitemark	133	Rød: Naustholmen	A
kulturlandskap	slåtteeng	111	Horrem: Horremsbukta ved Bakkelva	C
kulturlandskap	slåtteeng	112	Horrem: ved Horremsnausta	C
kulturlandskap	slåtteeng	116	Julsundet: Bukta	B
kulturlandskap	vegkantar	145	Småge: småbåthamna-ferjeleiet	B
myr	intakt låglandsmyr	104	Breivika: ved Halingshaugen	B
myr	rikmyr	126	Julsundet: Langmyra	B
myr	rikmyr	125	Julsundet: rikmyr v/Fosselva	B
skog	gråor-heggeskog	121	Julsundet: Langneset	B
skog	kystfuruskog	124	Julsundet: Prestsetra	B
skog	rik edellauvskog	229	Julsundet: Eidskrem-Vollan	B
skog	rik edellauvskog	117	Julsundet: Eiskrem: Salttrøa	B
skog	rik edellauvskog	115	Julsundet: Geitastauo	A
skog	rik edellauvskog (hassel)	102	Aukrasanden	C
skog	rik edellauvskog (hassel)	106	Eikrembukta	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	108	Hoksnesbukta	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	113	Horrem: Tuå	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	123	Julsundet: Matberget	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	118	Julsundet: Seterbukta	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	128	Julsundet: Åshaugen	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	140	Seter	C
skog	rik edellauvskog (hassel)	138	Seter: Gullbringen	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	139	Seter: Skallebakken	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	144	Småge: Kvalvåg	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	146	Småge: Skaret	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	147	Småge: Smågehaugen	A
skog	rik edellauvskog (hassel)	018	Småge: Røssøya	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	149	Småge: vest for Korsbøen	B
skog	rik edellauvskog (hassel)	150	Sporsem	B

## Biologiske oversiktsdata for kulturlandskap

I samsvar med verdettingsmetodikken for naturbeitemarker utvikla av Jordal & Gaarder (1997) blir det nedanfor presentert ein del nøkkeltal for dei undersøkte kulturlandskapsområda.

*Tabell 6. Biologiske data for dei undersøkte kulturlandskapslokalitetane med verdivurdering. Lokalitetane er sorterte alfabetisk etter lokalitetsnamn. Forklaring på forkortinger:*

<i>pl</i>	<i>talet på planteartar totalt</i>	<i>Raudlista sopp: talet på soppartar i ulike raudlistekategoriar</i>																							
<i>npl</i>	<i>talet på naturengplanter (sjå Jordal &amp; Gaarder 1997)</i>	<i>E direkte truga artar</i>																							
<i>gms</i>	<i>totaltalet av soppartar i grasmark</i>	<i>V sårbare artar</i>																							
<i>bms</i>	<i>talet artar av beitemarkssopp</i>	<i>R sjeldne artar</i>																							
<i>pbms</i>	<i>talet på artspoeng for beitemarkssopp</i>	<i>CD hensynskrevande artar</i>																							
<i>vs</i>	<i>talet på vokssoppartar</i>	<i>Σrl talet på raudlisteartar</i>																							
<i>Verdi-vurdering:</i>																									
<i>A svært viktig (DN 1999a)</i>																									
<i>B viktig (DN 1999a)</i>																									
<i>C lokalt viktig</i>																									
<i>- uprioriteret</i>																									

Lokalitetsnamn	Tal planter				Poeng/tal sopp				Tal raudlisteartar				Verdi	
	pl	npl	spl	npl+spl	pbms	gms	bms	vs	E	V	R	CD	Σrl	
Aukraholmen	58	10	0	10	7	17	6	4						B
Engholman	56	12	0	12	0	7	0	0						B
Horremsbukta v. Bakkelva	23	10	0	10	7	13	6	2						C
Horremsbukta v. nausta	46	10	0	10	0	2	0	0						C
Julsundet: Lauvåsen	91	20	1	21	11	21	10	5					1	B
Løvika	36	8	0	8	3	12	3	1						-
Løvika: Landholmen	50	9	0	9	0	4	0	0						-
Løvika: Vedaholmen	42	12	0	12	18	15	9	5	1				1	A
Nerbøberget	-	-	-	-	3	3	3	0						-
Rød: Naustholmen	33	6	0	6	15	12	8	6	1				1	A
Røyrvika	47	16	0	16	36	45	25	10					5	A
Småge: Austre Risøya	41	3	0	3	0	1	0	0						-
Småge: Nordre Helleøya	60	12	0	12	1	1	1	1						C
Småge: Vestre Risøya	58	9	0	9	3	8	3	3						C

Når det gjeld beitemarkssopp, ser ein at Røyrvika utmerkjer seg med mange artar og mange raudlisteartar. Vedaholmen og Naustholmen er også interessante, med ein beitemarkssopp i kategori direkte truga og ein i kategori sårbar. Lauvåsen har flest naturengplanter (21), med Røyrvika på andre plass (16).

## Oversikt over viktige litteraturkjelder med kommentarar

Tabell 7. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartlegga eksisterande naturinformasjon frå Aukra, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar
Bendiksen m. fl. (1998)	Omtalar raudlisteartar av sopp, fleire funn er kjent frå Aukra.
Blytt (1861-76)	Norges flora, nemner også funn frå Aukra, for det meste av Kaurin.
Baartveit (1952)	Litt om skoghistoria på Gossen
Dahl (1897)	Botaniske undersøkingar utført i 1895
DN (1995a)	Nemner interessante marine område.
Folkestad (1976)	Første oversikt over verdifulle naturområde i Aukra.
Folkestad (1978)	Grunnlagsmateriale for våtmarksverneplanen, skildrar sjøfuglområde i kommunen.
Folkestad & Loen (1998)	Skildrar fleire sjøfuglområde i kommunen.
Fremstad m. fl. (1991)	Behandlar verdifulle lyngheiområde.
Fremstad & Elven 1997	Behandlar platanlønn med utbreiingskart, også Aukra er med.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavd., 1999	Naturbasen, utskrift for Aukra m. kart og lokalitetsomtaler.
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, mange artar også kjent frå Aukra.
Fægri & Danielsen (1996)	Utbreiingskart for søraustlege planter, fleire artar også kjent frå Aukra.
Gjershaug m. fl. (1994)	Viser kart over alle norske hekkefuglar.
Gjærevoll 1990	Utbreiingskart for fjellplanter, einskilde artar også i Aukra.
Hagen (1997)	Oversikt over fuglefaunaen i Aukra kommune.
Holten m. fl. (1986b)	Omtalar fleire strandområde.
Jordal (1993)	Nemner nokre soppfunn frå Aukra.
Jordal & Gaarder (1997)	Nemner område og funn inkl. raudlisteartar frå beitemark i Aukra
Jordal & Gaarder (1998a)	Gjennomgang av raudlisteartar i fylket av planter, lav og sopp, nokre frå Aukra.
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap 1992-1998 inkl. Aukra
Lye (1974)	Omtalar plantelivet i Hola-området i Julsundet
Løddesøl (1940)	Myrselskapet si skildring av myrene på Gossen
Oterhals (1996)	Utkast til verneplan for havstrand og elveos, nemner Hjertvika.
Ramus (1715)	Omtalar vivendel frå Kjerringsundet, første floraopplysning frå Aukra
Schnitler (1789, publ. 1974)	Skildringar frå Romsdalskommunane, skoghistorie m.m.
Schøning (1910)	Schøning si reiseskildring frå Romsdal i 1773.
Steien (1984)	Bibliografi dels sortert på kommunar
Søvik (1945)	Omtalar vegetasjonen på flygesandfeltet i Røyrvika
Størmer (1967, 1969)	Behandlar mosar med kystutbreiing.
Urke (1980)	Omtalar Dahls og Nordhagens undersøkingar av floraen

# OMRÅDESKILDRINGAR (FAKTAARK)

Alle omtala lokalitetar er namnsett etter region innanfor kommunen og deretter sorterte alfabetisk etter namn. Nærleggende lokalitetar vil dermed hamna saman. På denne måten håpar ein at det blir lettare å finna fram enn om lokalitetane var sorterte etter naturtype. For å auka informasjonsmengda i overskrifta er hovudnaturtype eller undernaturtype el. liknande sett i parentes etter namnet.

Kvar lokalitet er skildra etter ein fast struktur, slik at dei fleste relevante opplysninga tilrådd i DN-handboka blir lett tilgjengeleg. Artslister finst som vedlegg attast i rapporten.

Alle lokalitetar er verdsett i kategori A (svært viktig), B (viktig) eller C (lokalt viktig).

Forkortinger som er nytta:

GGa=Geir Gaarder

JB=John Bjarne Jordal

JIH=Jarle Inge Holten

SR=Svein Rød

## Aukraholmen (kulturlandskap)

**Lokalitetsnummer:** 1547-101

**Kartblad:** 1220 I Hustad

**UTM (EUREF 89):** LQ 94 64

**Høgd over havet:** 0-30 m

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap

**Naturtype:** naturbeitemark

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** manglende beiting, attgroing

**Undersøkt:** 07.10.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

### Områdeskildring

Aukraholmen ligg på innsida av Gossen. Dette er ein gammal beiteholme der ein kan spora driftshistoria heilt attende til 1600-talet. Først frå Schöning, som reiste i Aukra i 1773: "Paa en holme nord for prestegaarden [Aukraholmen] var der tilforn nesten blotte stenklipper, men en av Akerøens forrige prester, Herr Breyer [1625-1704, prest i Aukra frå 1654], lokket dithen måker og andre sjøfugler ved at frede holmen og skaffe dem der roliged til aa udklekke deres unger. Den roliged betalte de ved deres skarn, hvormed de saaledes har gjødet holmen, der er av måtelig strekning at den gir 50 lass høy og derover, samt naar høyet er avslaat et fedt beite for kveget om høsten."

Holzförster (forstmann) Hans Peter Schnitler skrev om Aukraholmen (ein handskrive manus frå 1789, publisert av Bjørn Austigard/Romsdal Sogelag 1974): "Ved Præstegaarden ligger en stor omflød Holme, hvor mange 1000de Maager udlægger deres unger, og hvor opsamles en stor mængde Egg til Spise for Folket. [Så kjem ei tilføying av H. J. Wille, sokneprest i Grytten 1788-1792] Paa denne Holme skal der nu kunne avles henimod 100 læs Høe, da i gamle Tider ikkun kunne faaes 10 læs, for hvilket Efterkommerne har at takke den Sal: afdøde Provst Brejer. Thi han lod bringe derhen endeel Mask og fiske hvorved han lokkede Strand-Maagerne hen til samme Holme, og ved deres Excrements, som er særdeles beqvemme til giødning, blev Jorden saa forbædret at der nu er den skønneste Eng."

I 1892 kom Bastian Dahl med si reisehandbok om Molde og Romsdalen. Her skriv han m. a. om Aukraholmen: "Gossen er bekjendt for sit fugleliv; navnlig er de udenfor tangen nordenfor prestegården liggende 2 Akerøholmer et rikt fuglevær, hvis jord gjennom umindelige tider er bleven frugtbargjort af fuglegjødning..."

Aukraholmen har altså vore i bruk som kulturlandskap heilt attende til minst 1650, og den oppgjødslinga som er skildra ovanfor kan nok forklara at holmen i dag framleis er nokså grasdominert og med lite lyng. På 1990-talet har det dels beita geit her, men beitetrykket var dårlig. Notert ved besøket i 1996: "Som ein del av attgroinga er det ein del einer, men relativt lite tre (rogn, gråor). Dette gjev seg uttrykk i attgroing med einer og gradvis litt lyng, og ein god del strø etter planter som har visna ned. Vegetasjonen er stadvis grasrik, med sølvbunkeeng, englodnegras, engkvein, smyle og finnskjegg. Det finst elles noko tørr lynghei, fukthei og ein god del grunnlendt berg med usamanhangande vegetasjon. Det vart funne 58 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Det vart funne 6 artar av beitemarkssopp, men det finst truleg fleire."

Dei siste par åra har det beita gammal norsk sau her (tilhøyrande Tormod Skarsbø). Han har rydda noko einer og brent (kjelde: Oddmar Sporsheim). Artsutval og tilstand tilseier kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Det er ønskjeleg med framhald av beitinga, noko som vil vera salig Herr Breyer til ære. Generelt er beiteholmar ein forsvinnande landskapstype som ofte huser eit stort biologisk mangfald, og som slik sett er verdt å ta vare på. Eit problem med Aukraholmen har vore at det er mykje flått her, slik at dyra blir plaga. Dette kan motverkast med medisinering.

## **Aukrasanden (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-102
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 939 638
<b>Høgd over havet:</b>	2-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hasselskog)
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	13.09.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Nær stranda finst lauvskog med ein del hassel, vidare bjørk, rogn, osp og svært aggressiv platanlønn som dels er i ferd med å utkonkurrera hasselen. I skogbotnen er det mykje kusymre, storfrytle og krattlodnegras. Etter DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Dette er ein liten lokalitet, og blir plassert i kategori C (lokalt viktig),

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep. Ein bør fjerna platanlønn, som er ein innført art i ukontrollert spreiing.

## Aukrasanden (strand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-103
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 939 637
<b>Høgd over havet:</b>	0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	strandsump
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	drenering, fysiske inngrep, hogst
<b>Undersøkt:</b>	13.09.1999, JBJ

### Områdeskildring

Langs stranda veks det her svartor som er opp til 70 cm i stammediameter nedst, men trea greiner seg raskt og blir tynnare oppover. Svartora i strandkanten er ei litt utarma utforming av E6 svartor-strandskog. I strandkanten står det elles ein god forekomst av takrøyr, som står heilt ut i flomålet. Deler av dette er øydelagt av veg og parkerings-/snuplass i strandsona. Takrøyra finst her på grunn av kraftig tilførsel av ferskt sigevatn frå fleire større oppkome lengre opp. Desse har vore viktig vassforsyning i tidlegare år, men er no drenert av fleire grøfter ut i sjøen (kjelde: Odd Hole). Det kan derfor vera eit tidsspørsmål før denne takrøyrforekomsten forsvinn. Takrøyr i strandsump er sjeldan i fylket. Grunneigarane er positive til å ta vare på svartora, som også er den einaste førekomensten på Gossen.

### Skjøtsel og hensyn

Ytterlegare utfylling vil øydeleggja restane av takrøyrsumpen, og bør unngåast. Den utførte dreneringa er uheldig, og ein bør i alle høve ikkje drenera meir. Svartora bør ikkje hoggast.

## Breivika: ved Halingshaugen (myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-104
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 924-932 630-635
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 35-40 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	myr
<b>Naturtype:</b>	intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	drenering, fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	20.09.2000, JBJ

### Områdeskildring

Dette er eit relativt flatt myrområde sør og aust for Halingshaugen, dels rundt NATO-masta på staden. Myra er stort sett fattig jordvassmyr med nokre spreidde småfuruer, med nokre dreneringsbaner og ei mindre tjønn. I fattigmyr-partia vart det notert dvergbjørk, rome, røsslyng, einer, bjønnskjegg, klokkelyng, blåtopp, blåknapp, stjernestorr, kornstorr, flekkmarihand, duskull, heisiv og furu. I dreneringsbanene vaks kysttjønnaks. I tjønna og kantane rundt vart det notert flotgras, bukkeblad, krypsiv, tusenblad, sannsynleg gytjeblærerot, knappsiv, myrfiol, rundsoldogg, engsyre, engfrytle, sløkje, englodnegras og sumpvokssopp (*Hygrocybe substrangulata*). Det vart observert fleire ubestemte augnestikkarar. I hei ved Halingshaugen vart det notert røsslyng, tytebær, mjølbær, rypebær, blåtopp, heistorr, bjønnskjegg, klokkelyng, knegras og kornstorr. Intakte låglandsmyrer på Gossen over 50 dekar hamnar i kategori B (viktig).

## **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå drenering og andre fysiske inngrep.

## **Eikrem: Steghaugane (kystlynghei/myr)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-105 (jfr fugleområde 1547-225)
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 955-961, 697-701
<b>Høgd over havet:</b>	30-56 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	kystlynghei
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	attgroing
<b>Undersøkt:</b>	01.09.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Lokaliteten ligg nord for Eikrem og er eit av dei få attverande større, opne heiområda på Gossen. Området er i sakte attgroing. Vegetasjonen er vekslande fuktig og tørr hei med t. d. røsslyng, rypebær og heistorr. Det finst og litt fattigmyr. I sør ved vegen (utanfor det avgrensa området) har det tidlegare vore tjønner, men desse er no drenert. Tilstand og artsutval tilseier kategori C (lokalt viktig).

Hekkeområde for sjøfugl (naturbasen, 1547-225)

Lyngkledde haugar med meir enn 50 par hekkande stormåse. I sør ligg ein liten myrpytt med hekkande tjeld, vipe, storspove, raudstilk og stokkand. I trekktida er pytten og dei omkringliggjande kanalane nytta som rastepllass for ender og vadefugl.

### **Skjøtsel og hensyn**

Målet her må vera å ta vare på eit av dei attverande opne heiområda. Ein bør derfor unngå tilplanting og ukontrollert spreiing av sitkagran m.m. Beiting vil bremsa attgroingsprosessen.

## **Eikrembukta (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-106
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 957-959, 691-692
<b>Høgd over havet:</b>	2-15 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	01.09.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Ved bryggja i Eikrembukta er det eit lauvskogområde med ein del hassel, bjørk, morell, rogn og noko platanlønn, og vidare med mykje krattlodnegras, vivendel og kusymre. Etter DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Av andre artar kan nemnast skogkarse og fagerperikum. Artsutval og storleik tilseier kategori B (viktig).

## **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep. Ein bør fjerna platanlønn, som er ein innført art i ukontrollert spreiing.

## **Eikremelva**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-107
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 947 680 - 956 687
<b>Høgd over havet:</b>	0-20
<b>Hovudnaturtype:</b>	ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	vikting bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	B (vikting)
<b>Mulege truslar:</b>	forureining, fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	01.09.1999, JBJ

## **Områdeskildring**

Eikremelva er eit mindre kystvassdrag med relativt små inngrep i nedre del (nedanfor vegen). Ovanfor (vest for) vegen er elva kanalisert. Elva er omkransa av lauvskog, dyrka mark og granfelt. Kantskogen består av gråor, bjørk, selje, rogn, litt hassel og planta vanleg gran. Fuktig lokalklima gjev frodig påvekst av mellom anna lungenever på rogn. Elva strøymer relativt roleg, men substratet er mest stein og grus. Det vart og observert litt leire i elvekanten, truleg marin leire som elva har grave i. Det var lite vatn på undersøkingstidspunktet. Ved utløpet i Eikrembukta vart det observert havstorrang, strandkjempe, krypkveineng og strandkryp. Lenger opp i elva fanst langs breidden bekkestjerneblom, veikveronika, skogkarse, mannasøtgras, sumphaukeskjegg, lyssiv, myrtistel, mjødurt, soleihov, forutan ein del torvemosar og levermosar. Oppe ved vegen vart det notert m. a. elvesnelle, kystsittjønnaks, flotgras, kjeldeurt, myrmjølke, lyssiv og strandrøyr. Elva er dermed eit interessant leveområde for vassplanter og andre artar tilknytta fuktig lokalklima.

## **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå forureining og fysiske inngrep.

## **Hjertvika (strand)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-024
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 910-913 635-640
<b>Høgd over havet:</b>	0-5 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kyst (kulturlandskap)
<b>Naturtype:</b>	sandstrand, sanddyner
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	uvær (orkan), fysiske inngrep, forsøpling (frå sjøen)
<b>Undersøkt:</b>	Dahl (1897), 30.06.1934 (J. Lid, dagbok), Folkestad (1978), 7.9.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b), Oterhals (1996)

## **Områdeskildring**

Trass i at lokaliteten er omtala i mange nyare kjelder i samband med planer om vern, er det lite kjent at dette faktisk er ein klassisk botanisk lokalitet som vart oppdaga alt av Ove Dahl på 1890-talet. Dahl (1897) fann mengder av strandkveke og marehalm (sørlege artar tilknytta

flygesand), dette er ikkje nemnt av Holten m. fl. (1986b). Marehalm vart attfunnen av Oterhals (1996) og belagt i Trondheim (steril, er fertil somme år). I 1934 var botanikarane Johannes Lid og Jens Holmboe i Molde ei veke med ei gruppe botanikkstudentar, og dei gjorde da ei rekkje ekskursjonar i ytre deler av Romsdal. Dei besøkte Hjertvika med motorbåt den 30. juni 1934. Frå denne turen finst ei rekkje viktige innsamlingar, m. a. det einaste funnet til da i Møre og Romsdal av kjevlestorr (no også kjent frå Smøla, Gaarder & Jordal 2000). På kulturmark ovafor vika vart det funne ei rekkje interessante artar av naturengplanter, m. a. bakkesøte, marinøkkel, kvitkurle og fjellfrøstjerne. Sidan kulturmarka no for ein stor del er jordarbeidd og sterkare gjødsla, må ein rekna det som sannsynleg at desse artane er forsvunne.

Folkestad (1978) skildrar fuglelivet i området.

Den som ønskjer ei oppsummering av dei biologiske verdiane i Hjertvika, kan lesa Oterhals (1996).

Lokaliteten blir plassert i kategori A fordi det er eit større område med velutvikla sanddyner og sanddynevegetasjon, som er ein regionalt sjeldan og truga naturtype. Fleire sørlege sanddyneartar er på eller ved nordgrensa.

### **Skjøtsel og hensyn**

Lokaliteten er foreslått som naturreservat. Det er viktig å ta vare på dynamikken i landskapet, først og fremst at sanddynene får utvikla seg naturleg.

## **Hoksnesbukta (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-108
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 958 678
<b>Høgd over havet:</b>	2-15 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte, spreiing av innførte artar (platanlønn)
<b>Undersøkt:</b>	01.09.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Under Høghaugen finst det lauvskog med ein del osp, og elles bjørk, rogn, selje og platanlønn. I denne lauvskogslia ned mot Hoksnesbukta er det stadvis mykje kusymre, elles ein del einstape. Somme stader er det og eit buskskikt av platanlønn som truleg er i ferd med å skugga ut kusymra. Ned mot sjøen ved Hoksnesbukta blir det eit betydeleg innslag av hassel. Nede ved nausta har denne skogen og eit litt gammelt preg med vindfall og vivendel som når 5-6 meter opp i trea. Etter DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Av andre treslag ved nausta finst bjørk, rogn, gråor, selje og platanlønn. I skogbotnen dominerer kusymre og krattlodnegras. Elles vart det funne hengjeaks, liljekonvall, rips, stikkelsbær og svartknoppurt i skogkanten. Eit parti med tett i tett av frøplanter av platanlønn vart observert. Dette vil kunne endra denne skogen radikalt på sikt. Elles vart det observert ei sitkagran med stammediameter på 50-60 cm. Tilstand, artsutval og storleik tilseier kategori B (viktig).

Strandvegetasjonen var sparsam og därleg utvikla, med det vart funne strandrug, strandarve, åkerdylle, hestehavre, krushøymole og vendelrot.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep. Ein bør fjerna platanlønn, som er ein innført art i ukontrollert spreiing.

## **Horrem: Bakkelva**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-109
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 902-904, 648
<b>Høgd over havet:</b>	0-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	viktig bekdedrag
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	forureining, fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	21.08.1999, 23.08.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Dette er ein bekk som dels drenerer frå grøfta mark aust for Horrem. Nedre del frå vegen og vestover til Horremsbukta er avgrensa. Her er bekken dels meanderande. I bekken veks m. a. mannasøtgras, mykje englodnegras, heifrytle, knappsiv og øyrevier. Det er restaurert eit kvernhus i området. Dei registrerte data tilseier kategori C (lokalt viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør begrensa mest muleg forureining av kloakk og frå jordbruket.

## **Horrem: Horremsbukta (strand)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-110
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 902-904, 648
<b>Høgd over havet:</b>	0-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	sandstrand m.m.
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	forureining, fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	28.06.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Dahl (1897) fann strandkveke og østersurt. Den sørlege sanddynearten strandkveke er i dag svært sjeldan i fylket, og ikkje lenger kjent frå Aukra.

Eigne undersøkingar: Dette er ei større bukt med sandstrand og rullesteinsstrand. Litt opp frå stranda er det tangvollar med vanleg og typisk artssamansettning for området. Strandkveke vart ikkje attfunnen, og har truleg ikkje høvelege forhold i dag, sidan det ikkje er verkelege sanddynar. Østersurt vart derimot attfunnen ved utløpet av Bakkelva i relativt gode bestandar. Av andre sandartar vart det funne ein del strandrug og strandarve. Elles vart det funne strandkvann og rukkerose. Tilstand, artsutval og storleik tilseier kategori B (viktig).

Horremsbukta er vurdert i våtmarksplanen (Fylkesmannen 1982). Folkestad (1978) skildrar fuglelivet.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå større fysiske inngrep.

## **Horrem: Horremsbukta ved Bakkelva (eng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-111
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 902 648
<b>Høgd over havet:</b>	2-6 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	slåtteeng (attgroande)
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	attgroing
<b>Undersøkt:</b>	28.06.00, 20.09.00, JBJ

### **Områdeskildring**

Dette er eit mindre engstykke ned mot stranda på nordsida av Bakkelva. Stykket har tidlegare vore slåtte- og beitemark, men har ikkje vore slått den seinare tid og gror no att. Attgroinga blir noko bremsa av trakk i samband med bading på staden. Av naturengplanter er det framleis ein del gjeldkarve, smalkjempe, småengkall og tepperot. Ved haustbesøket vart det funne bronseraudskivesopp (*Entoloma formosum*), og 5 andre beitemarkssopp. Dessutan vart det funne åkersjampinjong. På grunn av attgroing blir lokaliteten vurdert som lokalt viktig.

### **Skjøtsel og hensyn**

Det er ønskjeleg at beiting blir tatt opp att, elles vil området gro att. Bilparkering i samband med bading er truleg ikkje noko stort problem i dagens situasjon.

## **Horrem: Horremsbukta ved Horremsnausta (eng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-112
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 896 652
<b>Høgd over havet:</b>	0-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	(slåtteeng), naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	attgroing
<b>Undersøkt:</b>	09.10.1996 (Jordal & Gaarder 1997) og 28.06.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Dahl (1897): Her vart det funne solblom, stortveblad, brudespore og svartknoppurt.

Jordal & Gaarder (1997): "Det som vart undersøkt, var enger og kantsamfunn ved Horremsnausta. Dette er dels dyrka, dels udyrka friske enger som no gror att. Vegetasjonen var dels prega av høgt gras som sølvbunke og strandrøyr, dels av meir lågvaksne gras/urterike samfunn med engkvein, raudsvingel, gulaks, finnskjegg og jordnøtt.

Kommentarar til funn: Det vart funne 46 planteartar, av desse 9 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Av særleg interesse på lokaliteten er store førekommstar av svartknoppurt (jfr. Dahl 1897). Denne arten nærmar seg her nordgrensa for det samanhengande utbreiingsområdet, og i Romsdal kan Horremsbukta visa seg å vera ein av dei mest individrike førekommstane. Førekommstane av solblom, stortviblad og brudespore i 1895 er interessante, men håpet om å finna att desse i dag er truleg lite på grunn av attgroing."

Stortviblad vart likevel attfunnen i hasselskog ovafor småbruket Tuå i 2000, eit par hundre meter unna (sjå omtale annan stad). På grunn av attgroing blir lokaliteten vurdert som C (lokalt viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Desse engene bør brukast til slått eller beiting, elles vil dei fortsetta å gro att.

## **Horrem: Tuå (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-113
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 896 653
<b>Høgd over havet:</b>	10-15 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	28.06.2000, 23.08.2000, 20.09.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Lokaliteten ligg på Horrem, nord og vest for det fråflytta småbruket Tuå. Det er ein lauvskog med slakk helling mot sør, bra innslag av hassel, og med mykje kusymre og krattlodnegras i skogbotnen. Etter DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog.

Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Av andre treslag finst bjørk, rogn og sitkagran. Det mest interessante på lokaliteten var forekomst av stortviblad. Dette er ein kalkkrevande og relativt sjeldan orkidé i fylket. Av andre artar kan nemnast knollerteknapp, liljekonvall og bekkestjerneblom. Hausten 2000 vart det leita sopp, men desse var sparsamt til stades på grunn av tørke. Det vart m. a. funne ametystsopp, hasselriske, skarp gulkremle, traktkremle og ein ubestemt begersopp-art av slekta *Otidea*. Tilstand, artsutval og storleik tilseier kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep. Ein bør fjerna sitkagran, som er ein innført art i spreieing.

## **Julsundet: Bukta (eng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-116
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 973 617
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 25 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)

**Mulege truslar:** attgroing, fysiske inngrep  
**Undersøkt:** 06.07.2000, JBJ

### Områdeskildring

Bukta er eit bruk som ligg i Seterbukta. Litt ovafor gardshusa, ved gardsvegen, ligg ei lita moserik tidlegare slåtteeng, no naturbeitemark som synest å vera udyrka og lite gjødsla. Vegetasjonen var engkvein-gulakseng med mykje smalkjempe. Av planter elles vart det notert jordnøtt, prestekrage, finnskjegg, heiblåfjør, hårvæve, raudknapp, tiriltunge, harerug og knegras. Det vart ikkje undersøkt for beitemarkssopp (dårleg sesong). Tilstand og kjent artsutval tilseier kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Lokaliteten bør slåast eller beitast, elles vil han gro att. Ein bør unngå gjødsling, jordarbeiding og andre fysiske inngrep.

## Julsundet: Eidskrem-Vollan (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1547-229  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** LQ 976-983, 598-612  
**Høgd over havet:** 40-150 m  
**Hovudnaturtype:** skog  
**Naturtype:** rik edellauvskog, rikare sumpskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** treslagskifte, fysiske inngrep  
**Undersøkt:** K. A. Lye 10.07.1973 (Lye 1974), 18.08.2000, JBJ

### Områdeskildring

Lye (1974): Hola-Midtvoll, LQ 97 61, 0-150 m o.h. Dels fattig skog av blåbærtype og dels edellauvskog og med ramslauk, nyresoleie og myske. Skogen har stadvis store mengder lungenever og er svært kryptogamrik. Langs bekken i 100-150 m høgd finst fjellplanter som raudsildre, gulsildre, fjellistel og fjellsyre.

Naturbasen & Bugge (1993): UTM 1220 I LQ 981 604. Bratt vestvendt li med varmekjær vegetasjon. Alm eller svartor utgjer markerte innslag i tresjiktet. Rikt feltsjikt med kusymre som karakteristisk art i våraspektet. Truleg eit svært viktig område for krevjande småfuglartar.

Eige feltarbeid: Det finst ein del hassel og litt alm i liene frå Eidskrem til Hola. Etter DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog, og undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Svartor finst langs riksvegen og litt spreidd elles i skogen, og fell under Rikare sumpskog. Det er stadvis mykje kusymre i skogen. Fleire stader finst mindre granplantefelt. Almen er utan hjortegnag. Andre noterte artar: fingerstorr, jordnøtt, lundgrønaks, sanikel, skogkarse, skogvikke, svarterteknapp, vivendel. I berg vart det fleire stader notert m. a. olavsskjegg, svartburkne og bergfrue. Tilstand, artsutval og storleik tilseier kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør ikkje utføra meir treslagskifte, laga store hogstflater eller større fysiske inngrep. Ein bør fjerna platanlønn, som er ein innført art i ukontrollert spreing.

## Julsundet: Eiskrem: Salttrøa (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-117
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 972-975, 594-598
<b>Høgd over havet:</b>	0-40 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog, berg og rasmark
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog, gråor-heggeskog (m. svartor), sørsvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	06.07.2000, 25.08.2000, JBJ, 02.12.2000, GGa & JBJ

### Områdeskildring

Dette er eit større skogområde nedafor (vestafor) riksvegen sør for bustadfeltet på Eiskrem og sørover mot kommunegrensa til Molde. Deler av området har preg av å vera eit attgroande kulturlandskap. Skogen er her svært variert med betydeleg innslag av svartor over mykje av området, heilt ned til stranda. Elles finst alm (utan hjortegnag), hassel, hegg, osp, bjørk, gråor og rogn. Stadvis finst relativt grov svartor. Undervegetasjonen varierer med t. d. mykje krattlodnegras, jordnøtt og gaukesyre somme stader, og parti med kusymredominans på meir varme og tørre stader. Nedanfor bustadfeltet var det mykje og gammel vivendel. Det finst og storfrytledominert eller blåbærdominert undervegetasjon med hårfrytle. Av artar kan nemnast svartereknapp, myske, nattfiol, liljekonvall, fingerstorr, kranskonvall og sanikel. I berg/rasmark i Kobbevika vart det funne olavsskjegg, brunrot, maurarve, og ein god del lungenever og sølvnever på stein og berg. Andre lavartar på berg i dette lungeneversamfunnet: vanleg blåfiltlav, kystnever, skrubbenever, flishinnelav og muslinglav. Tilstand, artsutval og storleik tilseier kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør unngå større hogstflater og treslagskifte, vidare større tekniske inngrep.

## Julsundet: Geitastauo (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-115
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 975-978, 594-596
<b>Høgd over havet:</b>	50-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog; rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog, sørsvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	21.08.1999, 13.09.1999, 03.05.2000, JBJ

### Områdeskildring

Under Ramnfloget inn mot kommunegrensa til Molde er den beste almeforekomsten i Aukra. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D4c Vestleg utforming av Almlindeskog (tidlegare kalla kusymre-almeskog), med mykje kusymre i botnen. Her er det og ei rekke varmekjære planter som ikkje finst elles i kommunen. Lokaliteten har eit markert boreonemoralt preg. Av planter er det grunn til å nemna breiflangre, fingerstorr, knollerteknapp, kranskonvall, kransmynte, lundgrønak, myske, ramslauk, sanikel, svartereknapp og trollbær. Eit breiblada gras er anten skogfaks eller bergfaks.

Svartor finst langs riksvegen og litt spreidd elles i skogen.

I berg og rasmark er det funne svartburkne, bergfrue, aksfrytle, bergmjølke, bergskrinneblom, bergrøyrkvein, blårapp, fjellarve, rabbesiv, rosenrot og småsmelle. På berg vaks det også lavartar frå lungeneversamfunnet, m. a. lungenever, sòlvnever og skrubbenever.

Av fugl vart det 03.05.2000 notert gjerdessmett, kjøtmeis, munk, svarttrast, gransongar, bokfink, lauvsongar og ramn.

Lokaliteten er plassert i kategori A på grunn av at dette er ein artsrik, boreonemoral edellauvskogslokalitet.

### **Skjøtsel og hensyn**

Det viktigaste her er å unngå større hogstflater og treslagskifte. Terrenget er bratt og innbyr ikke til større fysiske inngrep. Kratreakтивитeten i området har liten innverknad på skogsamfunna (litt trakk), men kan ha innverknad på organismar som lever på og i berget.

## **Julsundet: Hundediket (ferskvatn)**

**Lokalitetsnummer:** 1547-119

**Kartblad:** 1220 I Hustad

**UTM (EUREF 89):** LQ 990 628

**Høgd over havet:** 116 m

**Hovudnaturtype:** Ferskvatn

**Naturtype:** Andre viktige forekomster (skogtjønn)

**Prioritet:** C (lokalt viktig)

**Mulege truslar:** fysiske inngrep

**Undersøkt:** 18.08.00, JBJ

### **Områdeskildring**

Hundediket ligg aust for Lauvåsen, dels i Aukra, dels i Fræna, kommunegrensa går omlag midt over vatnet. Tjønna er ei svakt oppdemt myrtjønn med ein del vassvegetasjon som kantnøkkerose, tusenblad, ubestemt blærerot, kysttjønnaks, krysiv, flotgras og høgstorrsump med trådstorr og flaskestorr. Det er bygd eit lite skjul med tak over for friluftslivformål ved breidden. Tjønna kan fungera som habitat for einskilde våtmarksfugl (ikkje undersøkt).

Næringsfattige skogtjønner er ingen naturtype i DN-handboka, og blir derfor plassert i C (lokalt viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Tjønna er oppdemt, men så lenge demninga opprettheld ein relativt stabil vasstand vil også miljøet i tjønna vera relativt stabilt. Andre inngrep synest lite aktuelle.

## Julsundet: Småtjønna (ferskvatn)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-127
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 993 623
<b>Høgd over havet:</b>	110 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	Andre viktige forekomster (skogtjønn)
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	18.08.00, JBJ

### Områdeskildring

Småtjønna er ei lita myrtjønn aust for Lauvåsen ved grensa mot Fræna. Av vassvegetasjon vart det notert kantnøkkerose, flaskestorr, elvesnelle, bukkeblad, trådstorr, kysttjønnaks, tjønnaks og krypsiv. På myrene vest for vatnet vart det i tillegg notert blåtopp, bjønnskjegg, klokkelyng, rome, duskull, stjernestorr, sveltstorr, pors, vanleg myrklegg, blåknapp, tepperot og myrmaure. Ei enkeltbekkasin vart oppskremt. Vatnet og myrene kan truleg tene som habitat for einskilde våtmarksfugl (ikkje undersøkt). Næringsfattige skogtjønner er ingen naturtype i DN-handboka, og blir derfor plassert i C (lokalt viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## Julsundet: Kryssvatnet (ferskvatn)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-120
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 003 596
<b>Høgd over havet:</b>	282 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	Andre viktige forekomster (skogtjønn)
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	25.08.2000, JBJ

### Områdeskildring

Kryssvatnet ligg i søraustre del av kommunen, i eit søkk i terrenget i Moldeheia. Kryssvatnet ligg i tre kommunar, Molde, Fræna og Aukra. Aukra har berre ein liten trekant av vatnet i nordvest. Vegetasjonen i vatnet tyder på at vatnet er næringsfattig. Det vart observert botnegras, grøftesoleie, trådsiv, flotgras, tjønnaks, krypsiv og småblærerot i Aukra sin snipp av vatnet. Næringsfattige skogtjønner er ingen naturtype i DN-handboka, og blir derfor plassert i C (lokalt viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Kryssvatnet ligg såpass avsides at vesentlege fysiske inngrep truleg er lite aktuelle. Det ligg nokre hytter ved vatnet, men desse har truleg liten innverknad på miljøet i tjønna.

## Julsundet: Fangholsetra

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-114
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 991 612
<b>Høgd over havet:</b>	260 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	attgroing
<b>Undersøkt:</b>	Gjeldvik (1992), 25.08.00, JBJ

### Områdeskildring

Dette er ein setervoll aust for Fanghol i Julsundet, der seterdrifta vara frå 1941 til og med 1959 (Gjeldvik 1992). Fjøset er nedramla, men huset er vedlikehalde. Den opne setervollen er ca. 1 dekar, med noko beitepreg av sau. Vegetasjonen er dels finnskjeggdominert, dels med noko gulaks og sølvbunke. Artutvalet av planter var relativt trivielt. Av beitemarkssopp vart det funne brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*). Alder, artsutval og storleik tilseier kategori C (lokalt viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Det er ønskjeleg at beitet held fram, elles vil vollen gro att.

## Julsundet: Prestsetra (kystfuruskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-124
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 994-MQ 003, 596-607
<b>Høgd over havet:</b>	110 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	kystfuruskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	hogst, treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	25.08.00, JBJ

### Områdeskildring

Dette er eit større skog- område i austre del av Julsundet, aust for Eiskremheia og Mannsheia/Littlemannsheia og sør for Foss-elva, inn mot kommunegrensa til Fræna i aust og Molde i sør. Området strekkjer seg i søraust til Kryssvatnet. Området er dominert av kystfuruskog, men har også parti med myr og meir lauvdominert skog. Sentralt i området ligg Presteterhaugen og det som ein gong var Prestsetra (LQ 997 600). Her er det no mest berre namnet att, det er få spor i terrenget etter kulturpåverknad anna enn eit informasjonsskilt som fortel litt om historia. Dette var seter til prestgarden på Gossen fram til sist på 1700-talet, og er med og forklarar denne merkelege trekanten som Aukra kommune har inn mot Moldemarka. Eit sagn seier at båten ein haust på heimtur til Gossen frå setra i Julsundet forliste med buskap og folk, og at dei etter den tid ikkje brukte setra (Gjeldvik 1992).

I austhellingsane under Mannsheia/Littlemannsheia mot Prestsetra vart det fleire stader funne rike sig eller rik-kjelder med m.a. gulsildre, dvergjamne, fjellaugnetrøst, kornstorr, trillingsiv, gulstorr og loppestorr. Denne austvendte skoglia har eit svært fuktig lokalklima. I skogbotnen er det mykje bregner og andre fuktrevande planter (t. d. smørtelg, skogburkne,

sumphaukeskjegg), og på trea er det mykje stry- og skjegglav. I botnen er det stadvis ein del torvmose. I tillegg til rik-kjeldene finst også i skogen artar som indikerer litt baserikt jordsmønns, som enghumleblom og fjelltistel.

I området rundt Prestsetra (Prestseterhaugen m.m.) finst ein del læger og til dels ganske store tre som indikerer at det er ei god stund sidan det har vore skogsdrift her. Det vart funne fleire høgstubbar og læger av rogn, bjørk, selje og furu. Ei furulåg hadde stammediameter 50x80 cm og ein furugadd var ca. 80 cm. Av lav på tre vart det notert rikeleg lungenever, vidare m. a. vanleg blåfiltlav, grynvrente og kystvrente, samt mykje stry- og skjegglav. Somme individ av stry var opptil 50 cm lange. Det vart notert ein god del hakkespettmerke i både furugadd og daude lauvtre. Av planter i denne skogen kan nemnast klokkevintergrøn. Ut frå skogstruktur, klima, artsutval og storleik blir lokaliteten vurdert til B (viktig).

Sør og aust for Prestsetra ligg myrer som dels er fattigmyr, dels nedbørsmyr.

I nordre del av området mot Fosselva og Storlia vart det funne to rikmyrområde med m. a. breiull. Desse er skilt ut som eigne lokalitetar.

### **Skjøtsel og hensyn**

Dette området bør ein sokja å bevara slik som det er, utan vegar og skogsdrift.

## **Julsundet: Langmyra (rikmyr)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-126
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 993 607
<b>Høgd over havet:</b>	290 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	myr
<b>Naturtype:</b>	rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	25.08.00, JBJ

### **Områdeskildring**

Langmyra er ei relativt flat rikmyr på begge sider av Fosselva der denne kjem ned frå Eiskremheia og svingar austover mot Tverrlivatnet i Fræna (sør for Peskardet og Storlia), dvs. i austlege del av Julsundet mot Frænagrensa. Artsutvalet er heilt forskjellig frå det ein finn på Gossen, med rikindikatorar som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, engstorr, gulsildre, gulstorr, kornstorr, loppestorr, myraugnetrøst, myrsauløk, småsivaks og særbusstorr. Artsutval og storleik tilseier kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå drenering og andre fysiske inngrep.

## Julsundet: rikmyr v/Fosselva

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-125
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 996 606
<b>Høgd over havet:</b>	260 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	myr
<b>Naturtype:</b>	rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	25.08.00, JBJ

### Områdeskildring

Dette er ei relativt flat myr med ein liten bekk som renn ut i Fosselva i nord, dvs. i austlege del av Julsundet mot Frænagrensa. Artsutvalet her er også forskjellig fra det ein finn på Gossen, med rikindikatorar som breiull, bjønnbrodd, dvergjamne, engstorr, fjellistel, gulstorr, kornstorr, loppestorr, myraugnetrøst og sær bustorr. I bekken vart det observert kysttjønnaks, krypsiv og myrmaure. Opplysningar frå førre århundre (Kaurin) om at det var funne breiull i Aukra kan kanskje stamma frå dette området. Artsutval og storleik tilseier kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør unngå drenering og andre fysiske inngrep.

## Julsundet: Langneset (skog m. svartor)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-121
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 974-976, 608
<b>Høgd over havet:</b>	15-30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	hogst, treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	18.08.00, JBJ

### Områdeskildring

Dette er ein variert lauvskog som strekkjer seg frå Langneset og austover mot riksvegen. I vestlege deler er det ei blanding av hegg, svartor, hassel, furu, bjørk, rogn, selje og osp med undervegetasjon av m. a. kusymre, sølvbunke, gaukesyre og skogfiol. Midt i lokaliteten finst dels stor svartor med 6-7 hegrereir. Svartora er dekt med grønalgar som følgje av gjødsling. Denne skogen har også stor vivendel, i botnen storfrytle og lågurtvegetasjon med gaukesyre og skogfiol, og har eit generelt gammelt preg. Elles finst t. d. liljekonvall og myskegras. Austover mot kraftlinja og riksvegen er svartor stadvis dominerande på fuktig skogbotn. Storleik, skogstruktur og artsutval tilseier kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep.

## Julsundet: Lauvåsen (kulturlandskap)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-122
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 979-983, 623-625
<b>Høgd over havet:</b>	90-140 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	attgroatning
<b>Undersøkt:</b>	07.10.1996 og 11.10.1999, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

### Områdeskildring

Lauvåsen ligg på eit høgdedrag litt aust for riksvegen gjennom Julsundet, og består av tre fråflytta gardar. Jordene er utleidt, og blir dels beita av storfe. Landskapet er kupert og vegetasjonen er variert med dyrka enger, kuperete opne beitemarker, einerbakkar, kantsamfunn og open lauv- og blandingskog. Ein del av innmarka er gjødsla sølvbunkeeng. Eit mindre beite er tilplanta med gran. Området blir beita av storfe. I kantområde ovafor gardane og ned mot Matberget finst lågvaksen, urterik natureng med m. a. finnskjegg, gulaks og engkvein, og innslag av aurikkelsvæve, hårvæve, gjeldkarve og smalkjempe.

Kommentarar til funn: Det vart funne 91 planteartar, av desse 18 naturengplanter. I tillegg til dei artane som er nemnt ovafor vart det funne m. a. kusymre, prestekrage og svartknoppurt. Det vart funne 10 meir eller mindre vanlege arter av beitemarkssopp. Storleik, tilstand og artsutval tilseier kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Det er positivt av området blir brukt til beiting, på denne måten blir attgroatninga bremsa. Det kan likevel vera naudsynt med noko rydding av skog og kratt somme stader.

## Julsundet: Matberget (hasselskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-123
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 977-979, 619-620
<b>Høgd over havet:</b>	60-90 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	18.08.00, JBJ

### Områdeskildring

Lokaliteten ligg ovafor husa i Matberget og vestover mot skulen. Dette er lauvskog med bjørk, osp, selje, hassel og einer. Etter DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. I skogbotnen er det mykje kusymre og krattlodnegras. Elles er m. a. notert brunrot, breiflangre, hengjeaks, jordnøtt, liljekonvall og svarterteknapp. Nedst mot barnehage og skule var det fuktsig med flaskestorr, kornstorr, engstorr og loppestorr. Storleik, skogstruktur og artsutval tilseier kategori B (viktig).

## **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, laga store hogstflater eller andre større fysiske inngrep.

## **Julsundet: Seterbukta (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-118
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 968-971, 617
<b>Høgd over havet:</b>	0-20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	06.07.2000, JBJ, 02.12.2000, GGa & JBJ, jfr. Lye (1974)

### **Områdeskildring**

Området ligg vest for Hollingsetra ut mot neset på nordsida av Seterbukta. Skogen har ein god del hassel, elles osp, bjørk, litt selje, furu og rogn. Etter DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Det veks svært mykje kusymre her, mykje jordnøtt og noko krattlodnegras og storfrytle. Av artsfunn elles kan nemnast: bitterbergknapp, brunrot, fingerstorr, kranskonvall, kransmynte, kratthumleblom, liljekonvall, lundrapp, nyresoleie, svartertekapp og vivendel. Elles finst store mengder lungenever, særleg på stein, men og på ulike treslag, til og med einer. Tilknytta lungeneversamfunnet er det elles funne vanleg blåfiltlav, kystnever, sølvnever (bra bestand), skrubbenever, blyhinnelav, flishinnelav, muslinglav, grynvrente, grynfiltlav, lodnevrente, fløyelsglye (på berg), og ein stad grynporelav/buktporelav (liten, ubestemt). Storleik og artsutval, særleg av lungeneversamfunnet, tilseier kategori B (viktig).

## **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep.

## **Julsundet: Åshaugen (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-128
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 977-981, 623-624
<b>Høgd over havet:</b>	60-100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	06.07.00, JBJ

### **Områdeskildring**

Skogen på sør- og vestsida av Åshaugen er dels tørr, blåbærdominert lauvskog med osp og bjørk, dels rikare lauvskog med innslag av hassel, selje, rogn, nedst også med gråor. Det finst også litt berg og rasmark. Kusymre er stadvis dominerande i hasselrike parti. Elles førekjem vivendel, fagerperikum, klokkevintergrøn, krossved, hengjeaks, lundrapp, liljekonvall, svartertekapp, jordnøtt, kranskonvall, sanikel, svartburkne, breiflangre og vårmarihand (kjelde for sistnemnde: Johan Julnes, Molde). Storleik og artsutval tilseier kategori B (viktig).

## **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep.

## **Jærmannburet (kystlynghei/myr)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-129
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 941-955, 670-682
<b>Høgd over havet:</b>	35-99 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap, myr (berg)
<b>Naturtype:</b>	kystlynghei, intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, attgroing
<b>Undersøkt:</b>	28.06.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Det avgrensa området ligg mellom Nerbøvika og Hoksnes, vegen til Hoksnes går gjennom området. Dette er eit av dei få attvernade større opne hei- og myrområda på Gossen som er relativt lite påverka av fysiske inngrep. Dei viktigaste vegetasjonstypene er tørr og fuktig røsslynghei, fattigmyr og nedbørsmyr. Vidare finst litt berg, særleg rundt Jærmannburet. Det er ikkje teke fullstendig planteliste i området. Jærmannburet er tilhaldsstad for ramn. Vest for Jærmannburet ligg eit masseuttak ved vegen. Tilstanden (attgroing) tilseier kategori C (lokalt viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Dersom ein ønskjer å bevara dette som eit ope hei- og myrområde bør ein m. a. unngå tilplanting med skog og gjerne prøva å få til beiting.

## **Løvika (strand)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-010
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 906-922, 689-698
<b>Høgd over havet:</b>	0-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	strandenger, undervassenger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	Folkestad (1978), 7.9.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b), 20.08.1999, 22.08.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Området omfattar sørlege del av Løvikbukta, dvs. Sporsemholmen, Skarshaugleira og strekninga Bunesholmen-Skipshaug.

Dahl (1897) fann fleire interessante planter på strand og tørre engbakkar mot stranda: bogestorr, sandslirekne, bakkeveronika, vårskrinneblom, sandarve, sylarve og vill-lin.

Ifølgje Urke (1980) fann Rolf Nordhagen 25.07.1969 marinøkkel, havbendel, knopparve, bogestorr og takrøyri i Løvika.

Folkestad (1978) skildrar fuglelivet.

Holten m. fl. (1986b): "En noe til svært eksponert vik på nordsida av øya. En viss beskyttelse gir en rekke holmer i sjølve bukta og en annen rekke holmer noe lenger nord. En større bekk munner ut i vika i øst, nedafor Sporsem. Lauvvika omfatter relativt store gruntvassområder som blottlegges ved lågvann. Dominerende substratyper er grus, silt og finsand. De største strandengområder finns i øst, på innsida av den største holmen. Ellers er strandberg dominerende strandtype på landsida i øst. Delområdene i vest er mer voll-dominert.

Epilitorale grensesamfunn er mest røsslynghei og myr. Totalareal strandvegetasjon ca. 1000 x 10 m. Artsrik (70 arter). Følgende sjeldne arter påvist: Saftstjerneblom (*Stellaria crassifolia*) og småhavgras (*Ruppia maritima*), begge med liten hyppighet."

Naturbasen: "Eksponert vik på nordsida av Gossa. Artsrik havstrandvegetasjon, med særleg fint utforma saltenger. Store gruntområde vert blottlagt ved fjøre sjø. Saftstjerneblom og småhavgras er sjeldne arter som er registrert. Området har en del beiting og overvintring av vassfugl."

Eigne undersøkingar: På landsida av Sporsemholmen finst svært beskytta strandenger med betydelege areal. Dette er truleg eit av dei største strandengområda i kommunen. Engene er beita av grågås, og har nokså kort vegetasjon. Området er artsrikt, mest spesielt var spreidde forekomster av sandstorr i strandenga (sandrik). Elles fanst m. a. fjørestorr, havbendel, jáblom, musestorr, myrsaulauk og salturt. Elles vart det på Sporsemholmen funne ein villapal i kanten mellom lyngheia og strandenga. Det er usikkert kor mange slike som finst att i kommunen. Opp mot og i eit berg finst det brunrot, fagerperikum, kattefot og kystgrisøyre. Kystlyngheia på Sporsemholmen var av både tørr og fuktig type, med m. a. ein del heistorr. På Bunesholmen er det mindre strandenger, her vart det observert metallskrot etter eit stort bål. Langs stranda innanfor mellom Sporsemholmen og Skipshaug er det stort sett smale strandenger. Somme stader er det sand med strandrug.

Holten m. fl. (1986b): "De botanisk sett største verdiene ligger i artsrikdommen og den relativt store forekomsten av flere salteng-typar som finns i fine og fullstendige soneringar i øst. Strandkryp-strandkjempa-forstrand har særlig fine utforminger."

På grunn av utstrekning, variasjon, artsutval m.m. er denne lokaliteten på grensa til A - svært viktig. Ein har likevel under tvil landa på verdi B.

### **Skjøtsel og hensyn**

Det viktigaste i dette området er å bevare landskapet utan større fysiske inngrep.

## Løvika: Vedaholmen (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-130 (del av sjøfuglområdet 1547-007 - Løvikholmane i Naturbasen)
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 914-915, 702-704
<b>Høgd over havet:</b>	0-12 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	attgroing
<b>Undersøkt:</b>	15.10.1996, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1997) og 20.09.2000, JBJ & Kirsti Moe Oterhals

### Områdeskildring

Jordal & Gaarder (1997): "Vedaholmen ligg aust for Landholmen i Løvika. Holmen har truleg har vore i bruk til beiting minst så langt tilbake som 1700-talet (kjelde: landbrukskontoret), og har vore beita av sau til først på 1970-talet. Deretter har det vore eit opphold, men på det meste av 1990-talet har holmen vore beita av geit (kjelde: Per Løvik). Vegetasjonen er gras- og urtedominert, og beitetrykket er tilfredsstillende. Vegetasjonen har mykje engkvein, geitsvingel, smyle og finnskjegg, elles finst meir nitrofile parti med englodnegras, vassarve og hundekjeks. Av buskar og tre vart det sett rogn og litt daud einer.

Kommentarar til funn: Det vart funne 39 planteartar, av desse 9 vanlege naturengplanter. Det mest spesielle plantefunnet var sandstorr som sto i sandrik beitemark litt innpå øya. Dette er truleg den nest nordlegaste lokaliteten i Norge, nordgrensa er på Farstad i Fræna (Elven m. fl. 1994, Holten m. fl. 1986a: kart s. 67). Belegg er sendt Vitenskapsmuseet i Trondheim. Det vart funne 7 artar av beitemarkssopp, som gav 14 artspoeng. Det var mest seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), liten mønjevokssopp (*Hygrocybe miniata*) og honningvokssopp (*Hygrocybe reidii*). Det mest spesielle soppfunnet var likevel vranglodnetunge (*Trichoglossum walteri*), som står som direkte truga på den norske raudlista for sopp."

Ved besøket i 2000 vart det sett 12 geit og ein bekre. Det vart funne to nye naturengplanter: dvergsmyle og heiblåfjør. All rogn er daud som følgje av borkgnag. Av beitemarkssopp vart det berre funne 6 vanlege artar, for ein stor del dei same som i 1996. Det var notert ein del fjør og skit av grågås, og stadvis betydeleg sjøfuglgjødsling.

Folkestad & Loen (1998): "Holme med hekkande sjøfugl, særleg måsar og terner."

Funnet av vranglodnetunge gjev lokaliteten ein spesiell verdi. På grunn av forekomst av ein art i kategori direkte truga på raudlista, og fordi det er ei velutvikla og intakt naturbeitemark, blir lokaliteten plassert i kategori A (svært viktig).

### Skjøtsel og hensyn

På grunn av dei interessante funna som er gjort, er det sterkt ønskjeleg at beitinga held fram, og at holmen ikkje blir gjødsla.

## Løvika: Purkeneset (sjeldan lavflora)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-152
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 902 707 (ED)
<b>Høgd over havet:</b>	få m
<b>Hovudnaturtype:</b>	berg
<b>Naturtype:</b>	andre viktige forekomstar (nordvendt berg)
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	ingen kjente
<b>Undersøkt:</b>	10.02.1995, Geir Gaarder (pers. medd.), Jordal & Gaarder (1998a)

### Områdeskildring

Lokaliteten ligg i nordvestre del av Løvikbukta, ut mot havet. Dei interessante elementa er små steinblokker, kanskje eit par meter høge, i slakk nordvestvendt skråning, under 100 meter frå stranda, ca. 200 m SV frå Purkeneset. Området består dels av kystlynghei, og i nærleiken finst noko planta bergfuru.

Geir Gaarder og underteikna arbeider med eit supplement til DN (1999a), ei naturtypeoversikt for Møre og Romsdal (Gaarder & Jordal under arbeid). Her har vi definert ein ny undertype under hovudtypen "Berg og rasmark", nemleg "nordvendte berg på kysten". Denne undertypen er karakterisert av både spesielle lavartar, moseartar og plantesamfunn.

Dei interessante funna i dette tilfellet var lavartar på nordsida av steinblokker. Den mest interessante var gullprikklav (*Pseudocypnellaria crocata*), som står som sårbar på raudlista. Denne laven er knytt til eit stabilt fuktig lokalklima, og finst i første rekkje i dei svært fuktige kystgranskogane på Trøndelagskysten, men har også eit par funn til på nordvendte kystberg her i fylket. Gullprikklavene vart funnen på to steinblokker, saman med sølvnever, lungenever, skubbenever, kystvrenge og skrukkelav.

Lokalitetene blir vurdert til A - svært viktig på grunn av at gullprikklavene står som sårbar på raudlista.

## Nerbø: Nerbøvågen (strand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-015
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 923-933, 663-670
<b>Høgd over havet:</b>	0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	strandenger, undervassenger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	forureining, fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	07.09.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b), 20.09.00, JBJ

### Områdeskildring

Dahl (1897): ("Riksforden på dyndede strand"): salturt og havbendel.

Holten m. fl. (1986b): "En relativt vid og beskytta våg fylt med siltpregta substrat. Slakk hellingsgrad på alle sider. Tre bekker munner ut i vågen, men de største strandengene rundt

utløpet av de to sørligste. Epilitorale grensesamfunn er dyrkamark mot vest, lynghei og myr mot sør. Totalareal strandeng ca. 800 x 8 m. Artsfattig (31 arter). En sjeldent art påvist: Småhavgras (*Ruppia maritima*). Trivielt artsutvalg. Ishavsstorr-eng."

Naturbasen: "Grunn og lun bukt som er viktig raste- og overvintringsområde for våtmarksfugl."

Eigne undersøkingar 2000: Strandengene er relativt artsfattige. Småhavgras har store bestandar spreidd utover heile vågen i groper i mudderet der vatnet blir ståande ved fjøre sjø. Nerbøvågen har heilt klart den viktigaste bestanden av denne arten i Aukra. Lenger ute, på litt djupare vatn, finst bestandar av ålegras. Inst i vågen vart det observert sverdlilje ved ein bekk. Det kjem truleg noko forureining frå busetnad og jordbruk. Av fugl vart det 22.08.2000 sett m. a. 5 sandlo, 5 gluttsniper, 3 brushøns, 15 grågås, fleire myrsniper og div. måsefugl. Den 20.09.2000 vart det observert 10 polarsniper, 12 hegge, 8 stokkender, 4 krikkender og 9 brunnakkar.

Påverknad nemnt av Holten m. fl. (1986b): "Kloakkutløp ved midterste bekkeutløp, med renseanlegg i selve utløpet. En del avfallsdeponering. Noe steinfylling foran dyrkamark. Sig fra jordbrukslandskapet."

### **Skjøtsel og hensyn**

Det viktigaste her er å bevare landskapet utan for mykje nye fysiske inngrep, fyllingar etc. Vidare bør ein unngå forureining.

## **Nyhamna: Håsanden (strand)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-132
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 953-955 704-708,
<b>Høgd over havet:</b>	0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	strandeng, sandstrand
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	07.09.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b), 20.08.1999, 22.08.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Lokaliteten er tidlegare kalla "Nyhamna" av Holten m. fl. (1986b): "Våg fylt av finsand på nordøstsida av øya. De nordlige deler noe eksponert, lokaliteten mer beskytta nær veien. Jevnt og slakt hellende terregn ned mot vågen fra vest, brattere på sørsida. Epilitorale grensesamfunn er strandberg og fukteng/ekstensivt drevet dyrkamark mot vest, lynghei og fattigmyr mot sørøst, og noe dyrkamark i sørvest.

Dominerende substrattyper er silt og finsand. Totalareal strandvegetasjon ca. 500 x 10 m. Middels artsrikt (63 arter). Relativt trivielt artsutvalg. Ålegras-eng, ishavsstorr-eng." Holten m. fl. (1986b) har ikkje vist avgrensing av lokaliteten på kart. Storleik, variasjon og artsutval tilseier kategori C (lokalt viktig).

Sjå også omtale av eigne undersøkingar i Seterelva. Floa går gjennom vegen og litt opp i elva, der det mellom anna finst litt saltsivenger.

## **Skjøtsel og hensyn**

Det er ønskjeleg å unngå fysiske inngrep i strandsona.

## **Nyhamna: Gildernessanden (Kvalstasjonen) (strand)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-131
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 957-959, 705-707
<b>Høgd over havet:</b>	0-3 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	sandstrand, tangvoll
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, sandtekt
<b>Undersøkt:</b>	20.08.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Viktigast her er sandstranda, som har ein tangvoll i bakkant. Det er elles teke litt sand. Vegetasjonen er mest prega av engplanter (attast) og driftvollvegetasjon. Av planter kan nemnast strandrug, knopparve og bogestorr. Opp frå stranda er det eit halvope landskap med noko skog, og ein god del jarnskrap frå tidlegare verksemد med kvalstasjon. Det er ei utfordring å sikra og tilrettelegga dette området betre for friluftslivet. Det vart observert ein raudhyll ved stranda. Dette er ei lita sandstrand som ikkje kan måla seg med t. d. Hjertvika eller Røyrvika. Storleik, variasjon og artsutval tilseier kategori C (lokalt viktig).

## **Skjøtsel og hensyn**

Det er ønskjeleg å unngå fysiske inngrep.

## **Rød: Naustholmen (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-133
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 878-881, 679-680
<b>Høgd over havet:</b>	0-10
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	attgroing
<b>Undersøkt:</b>	11.10.1999, 20.09.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Dette er ein gammal slatte- og beiteholme der det og har hekka sjøfugl og vore samla egg. Lærar Svein Rød har samla følgjande opplysningar, dels frå tante si, Jenny Rød f. 1910: På 1600-talet var det to bruk på Rød, br. nr. 1 (Nerigarda) og br. nr. 6. I 1872 vart br. nr. 6 delt i to: br. nr. 6 (Oppi stauen) og br. nr. 7 (Oppi garda). Desse brukta samla egg, slo og beita på Naustholmen. På føresommaren samla dei egg, førte til land og delte på fast plass ved br. nr. 1, som skulle ha halvparten, medan dei andre brukta fekk ein fjerdepart kvar. Særleg er det sagt at dei hugsa "oddå" frå år til år - dersom delinga ikkje gjekk opp, måtte ein part få eit egg for mykje. Dette vart jamna ut ved delinga neste år. Ved slatten vart holmen delt i to, slik at br. nr. 1 slo nære parten eit år og sore parten neste år. Dei to andre brukta slo den andre parten og transporterte til Røaosen der dei delte seg imellom. Holmen vart og beita av sau, anten berre etterbeite, eller ved at dei berre beitte og ikkje slo einskilde år. Slatten var eit

barndomsminne for Jenny Rød, og tok slutt i mellomkrigstida. Det har og vore geit på Rød, men det er uvisst om desse har vore på Naustholmen. I etterkrigstida har Naustholmen vore beita meir uregelmessig fram til ca. 1995.

Naustholmen gror no att, det har ikkje vore dyr her på ca. 5 år. Vegetasjonen er gras/urterik framleis, med lite lyng, noko som er eit resultat av langvarig kulturpåverknad. Somme stader på og ved strandberga er vegetasjonen nitrofil som følgje av sjøfuglgjødsling, med gjødseltolerante artar som strandbalderbrå, engsyre, hundekjeks, raud jonsokblom, vendelrot og krushøymole. Høgare opp er det moserik grashei. Moseskiktet består særleg av engkransmose, etasjemose og kystjamnemose. Grasvegetasjonen har mykje smyle, tepperot, finnskjegg, engfrytle og litt krekling. I frodigare parti finst englodnegas, gulskolm, fuglevikke og gullris.

Av beitemarkssopp er det funne 8 artar av beitemarkssopp. Den mest interessante var gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*), ein vokssoppart som i Norge berre er kjent frå mager beitemark på ytterkysten i Møre og Romsdal. Ein kan venta å finna fleire sjeldne artar av beitemarkssopp her. På grunn av forekomst av ein art i kategori sårbar på raudlista, blir lokaliteten plassert i kategori A (svært viktig). Om ikkje beitinga blir teken opp att, vil likevel desse verdiane snart gå tapt.

### Skjøtsel og hensyn

Det er sterkt ønskjeleg at beitinga på Naustholmen blir teke oppatt. Det er eit gammalt og verdifullt kulturlandskap som her står i fare for å gå tapt.

## Rød: Røabukta (strand)

Lokalitetsnummer:	1547-004
Kartblad:	1220 I Hustad
UTM (EUREF 89):	LQ 8669-8867
Høgd over havet:	0-5 m
Hovudnaturtype:	havstrand/kyst
Naturtype:	sandstrand
Prioritet:	A (viktig)
Mulege truslar:	ingen kjente (verneområde)
Undersøkt:	1895 (Dahl 1897), Folkestad (1978), Fylkesmannen (1982), 07.09.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b)

### Områdeskildring

Dahl (1897): interessante plantefunn: fjørestorr, havstorr, olavsskjegg, svartburkne.

#### Delområde havstrand:

Holten m. fl. (1986b): "Svært eksponert bukt mot sørvest, med slakt hellende terreng på alle kanter. Finsand er helt dominerende substrat. Mindre områder med stein og blokk finns i øvre geolitoral-sonen i sør. Bekk renner ut i bukta i nord, og like nord for denne har man markerte erosjonsspor i gamle sandvoller. Epilitorale grensesamfunn er delvis gjengrodd dyrkamark i midtre og sørlige del, myr/fukteng og hei i nord. Totalareal strandeng/voller/sandstrandvegetasjon, ca. 900 x 30 m. Artsrikt (71 arter). Følgende sjeldne arter påvist: Strandreddik (*Cakile maritima*), sandstorr (*Carex arenaria*), saltstorr (*C. vacillans*), saftstjerneblom (*Stellaria crassifolia*) og sverdlilje (*Iris pseudacorus*). Av disse er bare saltstorr vanlig."

*Delområde Røabukta fuglefredningsområde:*  
Folkestad (1978) skildrar fuglelivet.

Våtmarksplanen: "Langgrunne strandstrekningar, dels med sandstrender, dels leirer med spreidde grasholmar og stein, dels steinstrender og enkelte stader svaberg. Området grensar her dels opp mot dyrkamark og beitemark, dels til llynghesi, og med enkelte, mindre myrparti. Utanfor ligg gruntvassområde med ei rekkje holmar, dels med heivegetasjon, dels graskledde, og dei fleste heller høge. Området er viktig for grågås i hekketida, både som hekkeplass og beiteplass for ungekull, med 12-15 par og 40-50 ungar. Med grunnlag i dei kriteria som er nytta, er forekomsten av 7 fugleartar vurdert å vere av regional verneinteresse (alle hekkande), og av 2 artar nasjonal verneinteresse. Ut frå dette er området vurdert å vere av regional verneverdi. Det må då gjerast merknad om at funksjonen i trekktid og om vinteren er heller dårlig kartlagd. Av våtmarksfugleartar som hekkar i området kan følgjande nemnast: Inntil 29 vaksne og 42 ungar av grågås, 10-15 par ærfugl, 12-13 par tjeld, 3-4 par sandlo, 2-3 par steinvendar, fleire par vipe (talrik), truleg hekkande myrsnipe, 3-4 par raudstilk, 4-5 par storspove, 2 par småspove, 3-4 par tjuvjo, 5 par gråmåse, 45 par svartbak og spreidde par av fiskemåse. Elles inntil 5 smålom i praktdrakt i hekketida, større samlingar av tjeld i trekk-tidene. Utan tvil må også andre vadefuglartar raste, og i vinterhalvåret ligg ein del fugl på gruntvassområda, særleg verdt å merke seg lomar, gråstrupedykkar, ærfugl, sjørre og havelle. Området ligg like ved skule og er lett tilgjengeleg, og først og fremst strandområda vil såleis kunne vere av stor verdi i undervisningssamanhang. Ut frå naturtype og terreng vil det naturleg knyte seg ein del interesse for friluftsliv langs strender og i øyområda. Etter funksjon i våtmarkssamanhang er verneforma fuglefrednings-område vurdert å kunne sikre verneinteressene. Vernedato: 27.05.88 Landareal: 1916 dekar."

Havstrandområdet som er undersøkt av Holten m. fl. (1986b) er ikkje avgrensa på kart, men fell truleg innanfor det området som er verna som våtmarksområde.

Holten m. fl. (1986b) skriv følgjande om verdsetting og tilhøvet til fuglefredningsområdet: "Lokalitet med stor variasjon i arter og samfunnstyper. i alt er det påvist 5 sjeldne arter og 16 ulike havstrandsamfunn, fordelt på 7 strandeng-typer, 6 voll-typer og 3 sandstrand-typer. Av disse er sandstorr-dyne og dynetrau betrakta som sjeldne eller trua samfunn. Lokaliteten er delvis en spesiallocalitet for kombinasjonen sandstrand, voller og strandeng. I våtmarksplanen for Møre og Romsdal (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1982) er lokaliteten foreslått vernet som fuglefredningsområde. Dette forslaget omfatter imidlertid et betraktelig større areal nordover fra Røa-bukta (helt til Rindarøy). Disse arealene ble ikke undersøkt sommeren 1984. I følge en bilbefaring var denne strandstrekningen stein- og blokkdominert, med små strandengarealer, men til dels store arealer med tangvoller."

På grunn av utstrekning, variasjon, artsutval, funksjon for vilt m.m. er denne lokaliteten vurdert til kategori A - svært viktig.

### **Skjøtsel og hensyn**

Dei fleste verdiane i området blir truleg tekne vare på gjennom forskriftene for fuglefredningsområdet.

## Rød: Røaelva

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-134
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 888-893, 674-675
<b>Høgd over havet:</b>	0-5 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	viktig bekdedrag
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	forureining, fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	21.08.1999, JBJ

### Områdeskildring

Det undersøkte området er Røaelva frå vegen og ned til stranda, og ei nærliggjande naturbeitemark og gammal eng på sørsida av elva. Røaelva nadanfor vegen er meandrerande og med eit relativt upåverka løp. Berre elveløpet er avgrensa. Elvebotnen har mest grus og stein, og det vart observert lite begroing. Elva har ein relativt artsfattig vegetasjon langs breiddene, med t. d. soleihov, mannasøtgras, elvesnelle, amerikamjølke (gjødslingsindikator) og sløkje. I utløpet var det relativt mykje grønske, som saman med amerikamjølke kan tyda på ein viss næringstilførsel. Osen av Røaelva er det sandstrand med m. a. strandrug og stranderør, strandkjeks, strandsmelle, linbendel og ein del rynkerose. Lokaliteten blir vurdert til kategori C (lokalt viktig).

På sørsida ned mot sjøen grensar elva til beitemark, dels naturbeitemark. Det vart t. d. funne kystgrisøyre, knollerteknapp, og i ein sump også kysttjønnaks og mjuksivaks.

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

## Røyrvika (strand/kyst)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-135 (del av sjøfuglområde, jfr. Naturbasen nr. 1547-016)
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 889-896, 705-710
<b>Høgd over havet:</b>	0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	sandstrand, sanddyner, sjøfuglområde
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	Søvik (1945), 15.10.1996, GGa & JBJ og 21.08.1999, JBJ

### Områdeskildring

#### *Delområde sandstrand:*

I Røyrvika er det sandstrand med både ustabil sand, og meir stabile sanddyner med fuktige dynetrau og vasspyttar. Beitande ammekyr blir haldne vekk frå nedre del av stranda ved elektrisk gjerde. Dette er bra, fordi det skjermar dei ustabile sanddynene mot ekstra erosjon, samstundes som det vedlikeheld artsrike engsamfunn i dei bakre dynene. Fleire interessante funn vart gjort her. Det mest interessante var ein ny lokalitet av den sjeldne planten bergsvineblom på Gossen. Det førre funnet var på tørre enger på Eikrem i 1895 (Dahl 1897). Det vart og funne dvergsmyle (sjeldan så langt nord), saftstjerneblom, fjellaugnetrøst,

sandarve og strandarve. I ein vasspytt i dynetrau vart det funne krypsiv, kysttjønnaks, flaskestorr, sumpsivaks og mannasøtgras.

*Delområde sjøfugl (naturbasen nr. 1547-016):*

Folkestad & Loen (1998) (Sjøfuglområdet Røyrvika/Stokholmane):

Grunn og eksponert vik med holmar utafor på nordsida av Gossa. Raste- og overvintringsområde for sjøfugl.

Berre sandstranda er avgrensa på kart, sjøfugl er viltkartlegging og fell utanfor. Lokaliteten er ein av dei få på Gossen som framleis har sanddyner. Artsutvalet er variert med fleire sjeldne artar, og lokaliteten blir vurdert til B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep i strandsona. Ein bør vera varsam med sandtekt. Det synest greitt slik gjerdinga dels har vore utført, slik at storfeet har tilgang til dei bakre engsamfunna, men i liten grad til sanddynene.

## **Røyrvika: Engholmane, Ånnholmen (kystlynghei m.m.)**

**Lokalitetsnummer:** 1547-023

**Kartblad:** 1220 I Hustad

**UTM (EUREF 89):** LQ 898-907, 717-722

**Høgd over havet:** 0-20 m

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap, havstrand/kyst, berg

**Naturtype:** kystlynghei, sandstrand, tangvollar, sør vendte berg

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** attgroing

**Undersøkt:** 15.10.1996, GGa & JBJ, Jordal & Gaarder (1997)

### **Områdeskildring**

*Delområde Engholmane (kulturlandskap):*

Engholmane ligg mellom Gossen og Bjørnsund. Dei består av fleire holmar som er skilde ved flo, men som heng saman ved fjøre slik at det er muleg for sauver å brukha alle holmane som eitt beiteområde, eit areal på omlag 80 dekar. Holmane har tidlegare vore beita fram til på 1960-talet. Frå 1995 har det beita utegangarsau på øyane i samband med eit museums- og kulturlandskapsprosjekt på Løvikremma (Romsdalsmuseet). Vinteren 1996/97 var det 9 sauver på øyane (kjelde: Kirsti Moe Oterhals). På grunn av tidlegare beiteoppthalde har holmane ein vegetasjon dominert av tørr og fuktig lynghei. Eit forsøk på lyngbrenning på ein av holmane førte til skadar på humuslaget og därleg gjenvekst. Av tre og buskar finst einer, rogn, øyrevier og rukkerose. Det er elles noko steinfjøre med tangvollar og litt strandeng. Ved fjøre sjø blir det blottlagt sand- og leirstrand med ein del salttolande strandplanter som t. d. havbendel. På bergvegger vart det funne vanleg blåfiltlav (*Degelia plumbea*) og kystfiltlav (*Pannaria rubiginosa*).

Kommentarar til funn: Det vart funne 56 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Dette var stort sett vanlege artar som ein kan venta å finna her ute. Det vart funne 8 soppartar, men ikkje beitemarkssopp.

*Engholmane + Ånnholmen (sjøfuglområde):*

Naturbasen: Holmar og skjer med hekkande sjøfugl. Ei rekkje holmar og skjer i eit gruntvassområde som utgjer ein del av eit større rikt og produktivt kystområde. I tillegg til

hekkefugl er området viktig som vinteroppenthaltsstad for sjø- og vassfugl. Enkelte av holmane er brattlendte med høgde opptil 20 meter.

#### *Delområde Ånnholmen:*

Naturtypar: havstrand/kyst, berg, kystlynghei

Holmen ligg like nord for Engholmane mellom Gossen og Bjørnsund, og blir ikkje beita. Befart med båt 20.09.2000, ikkje gått i land. Det er rullesteinsfjøre med driftvollsfunn (m.a. hestehavre og rukkerose) i sør, røsslynghei med gammel røsslyng på toppen, og noko berg, særleg på nordaustsida der eit ramnepar hekkar. Bjørk og rogn finst sparsamt. Namnet Ånn- har truleg å gjera med hekking av ørn i tidlegare tider (kjelde: Alv Ottar Folkestad). Det nordaustvendte berget kan ha potensiale for ulike lavartar, noko det ikkje vart høve til å undersøkja denne gongen.

#### **Skjøtsel og hensyn**

Generelt er beiteholmar verdt å ta vare på, og vi ser det som svært positivt at ein her har teke opp att beitinga. Lyngen kan sviast, men ein må vera nøye med ikkje å skada jordsmonnet. Framhald i beitinga vil kunne føra til at fleire beiteavhengige artar dukkar opp. Ånnholmen burde og vore beita.

## **Røyrvika-Rishaug (kulturlandskap)**

**Lokalitetsnummer:** 1547-136

**Kartblad:** 1220 I Hustad

**UTM (EUREF 89):** LQ ca. 876-894, 698-711

**Høgd over havet:** 0-20 m

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap

**Naturtype:** naturbeitemark, kystlynghei

**Prioritet:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** attgroing

**Undersøkt:** 15.10.1996, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1997) og 11.10.1999, JBJ

#### **Områdeskildring**

Dette er eit større område på fleire hundre dekar som blir beita av ammekyr nord, aust og vest for garden Rishaug. Området har fleire forsvarsanlegg frå 2. verdskrig. I Røyrvika finst tørr og fuktig lynghei i mosaikk med gras- og urterike engflekkar, sanddyner, beita strandenger på skjelsand og små skogholt.

Kommentarar til funn: Det vart funne 47 planteartar, av desse 15 naturengplanter. Mellom desse var kornstorr, heiblåfjør og jonsokkoll. Av andre artar kan nemnast dvergbjørk. Det vart funne 25 artar av beitemarkssopp, som gav 36 artspoeng. Mellom desse var 10 vokssoppartar og 4 jordtungeartar. Dei minst vanlege var russelærsvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*), gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*), dynetunge (*Geoglossum cookeianum*) og tre andre jordtungeartar i strandenga. Elles vart det funne torvkøllesopp (*Clavaria argillacea*) og rosafagerhatt (*Calocybe carneae*) som ikkje reknast som beitemarkssopp. Dette er ei stor og verdifull kystlynghei/naturbeitemark med godt artsutval, og blir vurdert til A (svært viktig).

#### **Skjøtsel og hensyn**

Beitinga opprettheld her eit tradisjonelt ope kystlandskap med beiteavhengige vegetasjonstypar og mange beiteavhengige artar av både planter og sopp. Det er ønskjeleg at beitinga held fram som i dag. Ein bør følgja med så det ikkje oppstår for store trakkskader og erosjon. Dette vil redusera det biologiske mangfaldet.

## **Seter (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-140
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 932-934, 704
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 30-35 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	20.08.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Dette er eit smalt område med hassel- og ospeskog i ei skråning langs vegen, med innslag av andre lauvtre som bjørk, morell og rogn. Ifølgje DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Dominerande artar er kusymre og ulike grasartar, særleg krattlodnegras. Av andre artar i området kan nemnast jordnøtt, kransmynte, liljekonvall og vivendel. Dette er eit relativt lite og smalt område med eit typisk artsutval for Gossen. Sidan det finst ei rekke meir velutvikla område, blir denne lokaliteten ført til kategori C (lokalt viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep.

## **Seter: Gullbringen (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-138
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 933-936, 705-707
<b>Høgd over havet:</b>	15-25 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	20.08.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Gullbringen er ein haug på sørvestsida av Setervika. På sørsida av denne haugen ligg noko varmekjær skog. Dette er eit større område med hassel- og ospeskog med innslag av andre lauvtre som bjørk, gråor, hegg og rogn. Det er mest ospeskog i øvre del, hassel dominerer i nedre del. Ifølgje DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Dominerande artar er kusymre og ulike grasartar, særleg krattlodnegras. Av interessante artar i området kan nemnast fagerperikum, haremat, hengjeaks, jordnøtt, kvitmaure, liljekonvall, lundrapp, rips, svarterteknett og vivendel. På grunn av storleik og artsutval blir denne lokaliteten plassert i kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep.

## **Seter: Skallebakken (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-139
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 933-935, 702
<b>Høgd over havet:</b>	25-30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	01.09.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Dette er eit område med hassel- og ospeskog med innslag av andre lauvtre som bjørk og rogn. Den nærliggjande Vommahaugen har lite hassel, mest osp. Ifølgje DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Dominerande artar er kusymre og ulike grasartar som t. d. krattlodnegras. Av artar i området kan nemnast bekkestjerneblom, hårvæve, jordnøtt og skogkarse. Området er dels kraftig beita av storfe, og mange av dei registrerte planteartane er beiteindikatorar, t. d. sølvbunke, engrapp, engsoleie, smalkjempe.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep.

## **Seterelva**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-141
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 947 700-953 704
<b>Høgd over havet:</b>	0-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	viktig bekdedrag
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, forureining
<b>Undersøkt:</b>	20.08.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Dette er ei dels stilleflytande elv med litt sterkare fall somme stader. Nordre del mellom vegen og Nyhamna har tilsynelatande få større inngrep i elveløpet. Botnen består dels av grus og stein, dels av finare sediment. Det var lita vassføring i august 1999. Av vassplanter kan særleg nemnast veikveronika, kysttjønnaks, tusenblad, flotgras, bukkeblad, hesterumpe, elvesnelle, mannasøtgras og grøftesoleie. Elles dannar myrmaure ein slags vasshårlignende vegetasjon somme stader. Det vart ikkje observert nemnande begroing som teikn på forureining. Ei granplanting ned mot Nyhamna skugga ut vassvegetasjonen på ei mindre strekning. Det vart sett småyngel av fisk nær utløpsosen. Seterelva vart og undersøkt lengre opp, ved Søre Tjønnhaugen. Her er elva dels kanalisert, og med vanlege vassplanter som elvesnelle, grøftesoleie, kysttjønnaks, hesterumpe og flaskestorr. Området som er avgrensa, er frå vegen og ned til utløpet. Artsutval, lengde og utforming tilseier kategori B (viktig).

## **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

## **Setervika-Selneset (kystlynghei)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-137
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 940-953, 704-715
<b>Høgd over havet:</b>	0-28 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap, myr
<b>Naturtype:</b>	kystlynghei, intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	20.08.1999, 20.09.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Dette er eit større lyngheimråde mellom Setervika og Nyhamna med relativt få fysiske inngrep. Området blir beita av storfe (kjøttfe). Vegetasjonen består av fuktig og tørr hei med innslag av myr somme stader. I sør er det dyrka litt inntil vegen. Det er ikkje teke fullstendig planteliste. Storfeet beiter særleg på gras og urter i myr og fukthei, og dei beiter øyrevier og andre busker så høgt dei når. Snaubeita øyrevier er konstatert ved Setervik i vest, ved vegen i sør og ved Hatlevika i aust. Denne driftsmåten bidreg til å bremsa attgroinga av kystlyngheia. Av ulemper kan nemnast trakkskader i myr og fukthei somme stader, særleg på trafikkerte stader som langs stigar og gjerde. I kutrakk er det funne "kutrakkartar" som småvasshår, saftstjerneblom og kjeldeurt. Dette er eit større, intakt lyngheimråde i god hevd, og blir dermed plassert i kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Det er positivt at dette lyngheimrådet blir beita. Dette motverkar attgroing, som er det vanlege i denne naturtypen. Ein bør følgja med og vurdera beitepress og trakkskader.

## **Småge: Kvalvåg (hasselkog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-144
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 888 657
<b>Høgd over havet:</b>	1-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog, berg og rasmork
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel), sørvendte berg
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	28.06.00, JBJ

### **Områdeskildring**

Kvalvågen er ein våg aust for Smågesjøen. Dette er eit mindre område med hasselkratt oppunder nokre lage hamrar, med innslag av einer og andre lauvtre som bjørk og rogn. Ifølgje DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Dominerande artar er kusymre og ulike grasartar som t. d. krattlodnegras. Av andre artar i området kan nemnast fagerperikum, gjeldkarve, hårvæve, jordnøtt, knollerteknapp,

markjordbær, storblåfjør og svarterteknapp. I berget vart det funne m. a. lodnerublom. Lokaliteten er liten, men artsutvalet tilseier likevel kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep.

## **Småge: Skaret (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-146
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 883-884, 663
<b>Høgd over havet:</b>	25-35 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	23.08.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Dette er ei stripe med hasselskog i ei skråning langs vegen mot ferjeleiet vest for Smågehaugen (ved bruket til Olaus Småge), med innslag av andre lauvtre som bjørk, hegg og rogn. Det vart også funne platanlønn og ein svenskasal. Vest for bruket blir hasselskogen erstatta av planta sitkagran eit ganske langt stykke, vestafor der att kjem lokaliteten som er kalla "vest for Korsbøen" (sjå denne). Ifølgje DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Dominerande artar er kusymre og ulike grasartar som t. d. krattlodnegras. Av andre artar i området kan nemnast gjeldkarve, jordnøtt, knollerteknapp, kystgrisøyre, liljekonvall, lundrapp og vivendel. God utforming og godt artsutval tilseier kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep. Ein bør fjerna platanlønn, som er ein innført art i ukontrollert spreiing. Ein bør og vurdera å fjerna ein del sitkagran i området.

## **Småge: v. småbåthamna (artsrike vegkantar)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-145
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 866-872, 660-662
<b>Høgd over havet:</b>	5-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	artsrike vegkantar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	grøfterensking o. a. fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	23.08.00, JBJ

### **Områdeskildring**

Vegkantfloraen i kommunen er mest studert frå bil. Pga. dei spesielle geologiske tilhøva i Smågeområdet kan fleire mindre vanlege planter observerast i vegkantane vestover mot ferjeleiet. Ein har derfor tatt nokre stikkprøver m.a. rundt småbåthamna for å sjå kva som

faktisk finst. Dei mest interessante artane var blåstorr (truleg ny for Aukra), knollerteknapp, raudknapp, storblåfjør, svartknoppurt og rundskolm. Dette er artar som tidlegare for det meste fanst i gamle slåtteenger i kulturlandskapet. Blåstorr er ein kalkkrevande art med kystutbreiing. Vegkantane i Smågeområdet kan sjåast som ein erstatningsbiotop, ein tilfluktsstad for mange artar som har vorte mindre vanlege pga. omleggingane i jordbruksret dei siste tiåra.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør vera forsiktig med fysiske inngrep i vegkantane.

## **Småge: Smågehaugen (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-147
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 886-887, 663
<b>Høgd over havet:</b>	20-40 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte, linjerrydding (gjeld begerhagtorn)
<b>Undersøkt:</b>	13.07.1895 (Dahl 1897), ca. 24.07.1969 (R. Nordhagen, Urke 1980), eigne unders. 19.08.1999, JBJ & SR, 23.08.2000, 20.09.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Smågehaugen ligg ved krysset der vegane frå ferjeleiet og Røssøyvågen møtest. Dette er ein hasseldominert lauvskog. Ifølgje DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Utanom hassel finst det ein del bjørk og osp, og elles hegg, morell, einer, rogn og selje. Det vart funne begerhagtorn 4 stader. Fleire stader var buskene nedhogd av kraftlaget på grunn av ei kraftledning som går langs vegen tvers gjennom bestandet. Ein stamme på 9-12 cm i diameter hadde ein alder på mellom 50 og 100 år, men det var svært vanskeleg å telja årringane. Dette er kjent nordgrense for underarten begerhagtorn (Elven m. fl. 1994).

Dette er ein klassisk lokalitet funnen av Ove Dahl i 1895 (Dahl 1897), og reinventert av Rolf Nordhagen i 1969 (Urke 1980). I hasselkratta noterte Dahl: krossved, rips, hagtorn, mørkkongslys, svartknoppurt og humle. Frå engene i området nemner han solblom, stortveblad, brudespore og svartknoppurt. Grunneigar Arne Småge har høyrt frå far sin at den hagtornen Ove Dahl tok belegg av, var den som no er størst, ei rot med 7 stammar, der 3 er daude og dels rotne. I undervegetasjonen var det i 1999 artsrikt, med m. a. mykje kusymre, brunrot, haremata, jordnøtt, knollerteknapp, kranskonvall, liljekonvall, lundrapp, rips, skogsvinerot, storklokke, svarterteknap og vivendel.

Hausten 2000 vart det leita etter sopp, men desse var sparsamt til stades på grunn av tørke. Det vart funne hasselriske og ein ubestemt knollslørsopp (*Cortinarius* underslekt *Phlegmacium*), og det vart vidare funne sølvnever på stein.

På Småge er det mindre sannsynleg at ein i dag kan finna att dei naturengene der Ove Dahl i 1895 fann solblom, brudespore og stortviblad. Svartknoppurten er derimot framleis vital i

området. I vegkantane finst ein del naturengplanter, og beitemarkssoppen *Entoloma infula* vart også funnen.

Dette er ein av dei større og velutvikla hasselskogane på Gossen, som i tillegg har den nordlegast kjente bestanden av underarten begerhagtorn. I tillegg til dette har lokaliteten eit godt artsutval og ein interessant geologi som gjev grunn til å tru at det kan finnast fleire interessante artar her. Lokaliteten er derfor plassert i kategori A (svært viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep. Det er ei ulempe at det går ei kraftlinje akkurat gjennom det området der hagtornen veks. Ein burde unngå stadig nedhogging av denne arten. Dette krev ei drøfting mellom kommunen og linjeeigaren, helst med befaring. Denne skogen med nordgrense for begerhagtorn er noko av det mest spesielle ein har på Gossen.

I tillegg til det problemet som er nemnt kan hagtornbuskane blir skugga ut av andre treslag. Ein kan vurdera å tynna forsiktig i skogen rundt dei hagtornane som finst. Dersom det dukkar opp platanlønn, bør denne fjernast.

## **Småge: Smågehella (Nordre Helleøya) (kystlynghei m.m.)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-142 (del av sjøfuglområdet 1547-021 i Naturbasen)
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 866-873, 646-648
<b>Høgd over havet:</b>	0-26 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap, berg/rasmark
<b>Naturtype:</b>	kystlynghei, sørvestnært berg
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	attgroing
<b>Undersøkt:</b>	15.10.1996, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1997), 20.09.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Dette er ein gammal beiteholme i skjergarden sørvest for Småge. Øya vart ikkje beita i 1996 og hadde da vore i attgroing truleg sidan slutten av 1950-talet (kjelde: Asbjørn Windstad), men det fanst framleis ein del gras- og urterik vegetasjon. I 2000 gjekk det 12 utegangarsauer her, tilhøyrande Asbjørn Eikrem. Av tre og buskar vart det observert bjørk, kjøtnype og einer. Elles finst ein del røsslynghei, fukthei med m. a. knappsviv, strandenger, tangvollar med ein del nitrofile planter, og bergknausar med usamanhengande vegetasjon.

Det vart funne 60 planteartar, av desse 12 naturengplanter. I ein av bergknausane vart det funne blankburkne, rosenrot og ein del brunrot. På strandeng vart det funne havstorr. Det vart også funne kusymre. Det vart ikkje funne beitemarkssopp i 1996, men i 2000 vart det funne krittvoxsopp (*Hygrocybe virginea*) i beita strandeng. Lokaliteten har vore i attgroing fram til 2000, og ein må anta at ein del av artutvalet tilknytta beiting har gått tapt. I dagens tilstand blir lokaliteten derfor vurdert til kategori C (lokalt viktig).

Av fugl hekkar svartbak, gråmåse, ærfugl og 3-4 par grågås, tidlegare hekka også fiskemåse. Ein selkoloni har tilhald i området (kjelde: Asbjørn Windstad).

## **Skjøtsel og hensyn**

Generelt er beiteholmar verdt å ta vare på, det er derfor positivt at ein her har tatt opp att beitinga. Med tida vil utvalet av artar tilknytta beiting igjen stiga.

## **Småge: Smågerisøya (Vestre Risøya) (kystlynghei m.m.)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-143 (del av sjøfuglområdet 1547-021 i Naturbasen)
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 854-859, 637-638
<b>Høgd over havet:</b>	0-14 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	kystlynghei
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	attgroing
<b>Undersøkt:</b>	15.10.1996, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

## **Områdeskildring**

Dette er ei av dei vestlegaste øyane i skjergarden sørvest for Småge. Her har vore beita av sau tidlegare, men ikkje i 1996. Vegetasjonen har preg av attgroing, med noko røsslynghei og fukthei med knappsviv, vidare finst strandbergssamfunn og tangvollsamtunn. Elles er det framleis ein del gras- og urterik vegetasjon etter tidlegare beitebruk. Dei blir i dag truleg noko gjødsla av sjøfugl. Desse grasmarkene har tjukke mosematter og mykje strø, som er teikn på svak hevd i seinare tid.

Kommentarar til funn: Det vart funne 58 planteartar, av desse 9 vanlege naturengplanter. Det vart funne 3 vanlege vokssoppartar. Vi fann vidare spor etter oter. På grunn av dagens tilstand (attgroing), må anta at ein del av artutvalet tilknytta beiting har gått tapt. I dagens tilstand blir lokaliteten derfor vurdert til kategori C (lokalt viktig).

Naturbasen (jfr. Folkestad & Loen 1998): Holmar og skjer med rikt dyre- og fugleliv mellom Smågevågen og Matlausdjupet. Stamme av oter og kobbe og fleire sjøfuglkoloniar. Bestand av grågås. Viktig trekk- og overvintringsområde for vassfugl. Området er aktuelt for ei nærmare vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket.

## **Skjøtsel og hensyn**

Generelt er det ønskjeleg å ta opp att beitinga på tradisjonelle beiteholmar. Beiteavhengige artar vil dermed kunne få betra vilkår, og nye artar vil kunne vandra inn.

## **Småge: Smågesjøen (strandeng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-148
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 882-884, 658-659
<b>Høgd over havet:</b>	0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	strandeng
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	28.06.2000, JBJ

## Områdeskildring

I vågen litt austafør Smågesjøen finst fine brakkvassenger (ca. 10 dekar) som ved undersøkinga vart beita av utegangarsau (ca. 25) og i tillegg grågås (ca. 25 ind. trekte unna). Totalt vart det i området (inkl. Kvalvågen) observert ca. 100 mytande grågås og ca. 70 silender. Området kan ha ein viktig funksjon som myteområde. Vegetasjonen er dels saltsiveng, dels rustsivakseng, med overgang til naturbeitemark og lysthei med rogn og bjørk i bakkant. Ein bekk har utløp i vågen. Det vart funne m.a. jáblom i strandengene. Strandengene er relativt store og velutvikla, og i tillegg beita. Dei blir derfor plassert i kategori B (viktig).

## Skjøtsel og hensyn

Sauebeitinga i strandengene er positiv. Ein bør unngå fysiske inngrep.

## Småge: Stongneset-Røssøya (kystlynghei)

**Lokalitetsnummer:** 1547-016

**Kartblad:** 1220 I Hustad

**UTM (EUREF 89):** LQ 861-880, 662-675

**Høgd over havet:** 0-33 m

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** fysiske inngrep, skogplanting, attgroing

**Undersøkt:** Fremstad m. fl. (1991), eigne unders. 19.08.1999, 13.09.1999, JBJ

## Områdeskildring

Dette er ei kystlynghei, skilda og avgrensa av Fremstad m. fl. (1991). Minste avgrensingsalternativ er vist.

Naturbasen: "Lokaliteten består av dei vestlegaste nesa på øya Gossen, vest for Rødsøyvågen. Området er lavt, småkupert strandflateparti. Koller og senkningar løper i østvestleg retning og gir skråningar med henholdsvis sørleg og nordleg eksposisjon. Berggrunnen er migmatittisk gneis. Tynn lynghumus på ryggar og høgder, noko djupare jord nokre stadar i sørsvendte skråningar. Området har god dekning av hei, relativt lite bert fjell og moderat innslag av myr. Dominerande typer er tørr røsslyng-type med mjølbær, nokre stader med ein del urter, m.a. knollerteknapp. Gråmosehei, særleg i slakthellande nordskråningar. Relativt artsrik flora grunna differensiering i heitypar og forekomst av varmekjære artar. Forekomstar av andre vegetasjonstypar enn hei aukar artslista vesentleg. Innslaget av oseaniske artar er tydeleg, her finnt m.a. blankburkne, vivendel og kusymre samt fleire mindre kravfulle artar. Røsslyngen varierar frå 10-20 til 50 cm høgde. Den er for det meste moden til gamal, også degenereringsfasar. Lokaliteten gir eit godt bilet av lyngheilandskap, bl.a. ved å ha ei god heidekning. Den er relativt stor, godt arondert og lite prega av gjengroing. Den har få heitypar, men karakteristiske utformingar for overgangen Vestlandet-Trøndelag. Verneverdien er middels på fylkesplan, låg på landsplan. Kjelder: Fremstad m. fl. (1991)."

## Skjøtsel og hensyn

Beiting av sau ved Røssøya er positiv, og kunne vore utvida til eit større område. Dette hindrar attgroing og vil vera i tråd med tilrådingane frå Fremstad m. fl. (1991). Evt. planer som måtte dukka opp om sviing/brenning, bør vurderast mot omsyn til andre verdiar i området, og ein bør truleg kontakta ekspertar både på lyngheiskjøtsel og fugl før ein set igang noko slikt (jfr. tilrådingar frå Fremstad m. fl. 1991).

## **Småge: Smågevatnet**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-017
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 870-878, 665-667
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	rik kulturlandskapssjø
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	naturreservat, muleg forureining/attgroing av vatnet
<b>Undersøkt:</b>	Folkestad (1978), Fylkesmannen i MR (1982) eigne unders. 19.08.1999, 13.09.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Smågevatnet ligg i eit søkk i terrenget nord for vegen ut til ferjeleiet på Småge. Dette er den einaste lokaliteten i Aukra som passar til undernaturtypen "rik kulturlandskapssjø". Han er da også rik både på fugl og vassplanter.

Naturbasen: "Hekke- og rasteplass for våtmarksfugl. 5 artar av regional og 2 av nasjonal interesse. God hekkebestand av grågås og fleire grasender, og av meir kravfulle artar som sothøne og toppand. Området er ope og småkupert kystlandskap med lyngmark, knausar og myrdrag. Grunner, småbukter og vågar langs stranda. Kjerneområdet er Smågevatnet, eit lite, grunt, vegetasjonsrikt og frodig vatn. Fleire kravfulle planteartar indikerer stor næringsrikdom. Vatnet er derfor også av botanisk interesse. Området er nytta som friluftslivsområde. Av vernereglane kjem det mellom anna fram at i tida frå 1.4.-31.8. er all ferdsel i dei vegetasjonsdekte områda i Smågevatnet forbode. Vernedato: 27.05.88 Landareal: 731 dekar."

Alv Ottar Folkestad (1978 og pers. medd.) har opplyst at han har funne følgjande vassplanter i Smågevatnet 02.07.1972: elvesnelle, grastjønnaks, hjartetjønnaks, andmat, mannasøtgras, flaskestorr, lyssiv, soleinøkkerose, soleihov, myrhatt, fleire vasshårartar, tusenblad, hesterumpe, bukkeblad og sumpkarse.

Under eige feltarbeid 19.08.1999 vart alle desse artane attfunne. Av vasshår vart det berre bestemt klovasshår. I tillegg vart det funne flotgras, kysttjønnaks (roleg vatn mellom vassvegetasjonen og land), småpiggnakk, stift brasmebras, sumpblærerot, sumpsivaks, tjønngras (bestemt av Jan Wesenberg), vanleg tjønnaks og i utløpet småtjønnaks. Dette viser at Smågevatnet er eit næringsrikt vatn og har betydeleg botanisk interesse. Regionalt sjeldne artar er soleinøkkerose og hjartetjønnaks.

Smågevatnet er den artsrikaste lokaliteten i Aukra for augnestikkarar, med 8 kjente artar (kjelde: Hans Olsvik).

Smågevatnet har så mange kvalitetar at det samla sett er vurdert å koma i kategori A - svært viktig. Vatnet er ein del av Smågevatnet naturreservat.

### **Skjøtsel og hensyn**

Vestre del av Smågevatnet synest å vera i attgroing. Ein bør undersøka og vurdera om det er nødvendig å redusera forureiningstilførslene til vatnet.

## **Småge: Røssøya (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-018
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 868-875, 672
<b>Høgd over havet:</b>	5-30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte/leplanting
<b>Undersøkt:</b>	eigne unders. 19.08.1999, 13.09.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Sørskråninga av Røssøya har ein varmekjær vegetasjon med mykje hassel, noko svensk asal (sannsynlegvis fuglespreidd frå planta tre), rognasal (1 ind.), forvilla mispel (kanskje bulkemispel fuglespreidd frå hagar), kjøtnype m.m. Ifølgje DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Hasselkratta hadde ein undervegetasjon av m. a. knollerteknapp, svarterteknapp, brunrot, fagerperikum, krattlodnegras, kusymre, lundrapp og vivendel. I berga som hasselkratta vaks langsmed vart det og funne rundskolm, storblåfjør og rosenrot.

I 2000 var Røssøya gjerdet fra resten av området, og det var sleppt gammal norsk sau (villsau, utegangarsau) i området (kjelde: Oddmar Sporsheim).

Hasselkratta på Røssøya ligg delvis innanfor Smågevatnet naturreservat, men austre deler fell utanfor. Heile lokaliteten ligg innanfor det avgrensa lyngheimområdet (lok. 16, Fremstad m. fl. 1991).

### **Skjøtsel og hensyn**

I hasselkratta på Røssøya bør ein ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep (vestre halvdelen ligg i fredningsområdet, austre halvdelen utanfor).

## **Småge: sør for Røssøya (brakkvassdammar)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-019
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 872 670
<b>Høgd over havet:</b>	0,5-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	brakkvassdammar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt:</b>	eigne unders. 19.08.1999, 13.09.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

I ei brakkvasstjønn like innafor stranda sør for Røssøya (ved Søre vågen, ca. 0,5 m over normalflområdet) vart det funne pølstorr, fjøresivaks, busttjønnaks (bestemt av Reidar Elven), småsivaks og småblærerot. Busttjønnaks er ein sjeldan brakkvassart. I myrtjønna ovafor, som

var bortimot ferskvatn, vart det funne grastjønnaks, småblærerot, tusenblad, hesterumpe og fjøresivaks. Brakkvassdammane ved Søre vågen sør for Røssøya ligg innanfor Smågevatnet naturreservat. Dei er små, men bidrar til verdifull variasjon i fredningsområdet.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ingen spesielle (verneområde).

## **Småge: vest for Korsbøen (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-149
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 877-878, 661-662
<b>Høgd over havet:</b>	20-30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	21.08.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Dette er hasselskog med osp og bjørk langs vegen til ferjeleiet, sterkt oppblanda med planta sitkagran som dels har fortrengt lauvskogen. Ifølgje DN (1999a) kjem hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Det er her ikkje teke fullstendig planteliste, men floraen liknar mykje på hasselskogen ved Smågehauen. Det vart funne knollerteknapp, mykje kusymre, einer, fagerperikum, kratthumleblom, sanikel, svarterteknapp og svartknoppurt. Lokaliteten er liten, men har eit bra artsutval, og blir derfor plassert i kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep. Ein bør vurdera å fjerna ein del sitkagran i området.

## **Sporsem (hasselskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-150
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 924 687
<b>Høgd over havet:</b>	15-20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog (hassel)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	20.08.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

Dette er eit mindre felt med hasseldominert lauvskog i ei sørhellning på Sporsem som grensar til dyrka mark og busetnad. Ifølgje DN (1999a) kjem slike hasselskogar under samletypen Rik edellauvskog. Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er undertype D2c Rike kyst-hasselkratt under D2 Lågurt-edellauvskog. Mest interessant var funnet av den mindre vanlege orkidéen stortviblad. Vegetasjonen hadde mykje kusymre og krattlodnegras, elles fanst jordnøtt,

kjøtnype, kvitbladtistel, kystmaure (i skogkanten), stikkelsbær og liljekonvall. Artsutvalet, med m. a. stortviblad, tilseier kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte, snauhogst eller større fysiske inngrep. Planta sitkagran og bergfuru bør fjernast.

## **Tangen: Krabbetjønna (strandsump)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1547-151
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 929 623
<b>Høgd over havet:</b>	1-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	strandsump
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep, forureining
<b>Undersøkt:</b>	23.08.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

Lokaliteten ligg ved Tangen, rett innanfor Krabbetjønnholmen. Dette er ein strandsump med open vasspegel. Årsaka er truleg eit oppkom i morenemassene her. Sumpen har tidlegare vore noko større, men har ein periode vore i attgroing på grunn av kloakkpåverknad som har opphøyrt no (kjelde: Johan Magerøy). Nedanfor sumpen mot stranda er det tangvollvegetasjon av vanleg type. Inntil sumpen vart det funne både sump- og brakkvassplanter, m.a. pølstorr og havstorr, andmat, myrklegg, hanekam, dikeminneblom og myrmjølke. Området er berre overfladisk undersøkt.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå større fysiske inngrep og forureining.

## **Uprioriterete lokalitetar**

Nedanfor er det teke med ein del lokalitetar som det finst informasjon om. Dels er dette hekkeområde for sjøfugl, som fell utanfor formålet med denne rapporten sidan dei høyrer inn under viltkartlegging og dermed ein annan verdettingsmetodikk (DN 1996).

Ein anna gruppe område er slike som er undersøkte, men der ein ikkje har kunna påvisa tilstrekkelege verdiar til å plassera dei i ein av dei tre kategoriane (svært viktig, viktig eller lokalt viktig). Ein ser det slik at sidan områda er oppsøkte, kan denne informasjonen og ha interesse i lokal forvaltning.

### **Aukrahallen**

Naturtype: andre forekomstar: kristtornforekomst

Kristtorn er ei sørleg, varmekjær og noko frostvår busk som ofte blir forvalta saman med edellauvskog. Arten har i vårt fylke ei nokså spreidd førekomst nord til Smøla. Kristtorn har stadvis vore hardt utnytta til pyntegrønt, og er dels utrydda mange stader. I furuskogen sør for Aukrahallen står ein eldre kristtorn på hall i ca. 60° vinkel på marka. Han er rundt 15 cm i diameter ein halv meter over marka, og er ca. 5 meter høg. Han er halvveis velta på grunn av kraftig vind. I området rundt er det fleire rotvelter av furu. Dei nærmeste omgjevnadene er glissen, lysopen skog av furu, bjørk og rogn. Undervegetasjonen er dominert av blåbær og gras (smyle, blåtopp, engkvein, sølvbunke), elles vaks det nokre store bregner av arten geittelg.

Dersom ein vil bevara denne eine busken bør ein i alle høve unngå fysiske inngrep på staden. Hogst bør skje med varsemd.

Forekomsten er sannsynlegvis forvilla frå hage i nærleiken. Det er derfor usikkert om ein bør leggja så mykje vekt på denne førekomsten i forvaltingssamanheng. Kristtorn har i vårt fylke truleg i mange tilfelle spreidd seg frå hagar med bæretande fugl. Pensjonert trygdesjef Odd Hole på Aukra har 2 store kristtorn i hagen med stammediameter ca. 25 cm. Desse var dei første kristtornane på Gossen (Odd Hole pers. medd), og er ei sannsynleg kjelde til kristtornen ved Aukrahallen.

### **Eikrem: Eikrembukta**

Naturtype: havstrand/kyst

Eikrembukta ligg nedanfor gardane på Eikrem. Langs stranda i Eikrembukta er det noko sand med strandrug og strandarve, men ikkje sanddyner. Elles finst det saltsiveng og kryptkveineng av liten utstrekning, og noko driftvollar med krushøyemole, klengjemaure, hestehavre, kveke, tangmelde og åkerdylle. I strandkanten står det hengjebjørk og relativt store osper, forutan platanlønn. Ved utløpet av Eikremelva vart det funne litt havstorrereng (sjå lokalitet Eikremelva).

### **Eikrem: Futvika**

Naturtype: kulturlandskap

Futvika er ein fråflytta gard nord for Eikrem. I Futvika står det framleis hus, og ei diger selje er tuntre. Dette er eit frodig område. Ved husa er det ein relativt stor frukthage som det no er lite att av. Nord for husa er det eit felt med tidlegare dyrka mark som no er attgrodd med grov osp og bjørk, uvanleg store tre til å vera på Gossen. Innmarka er prega av lengre tids attgroing, og vegetasjonen er dominert av høge gras og stauder som englodnegras, mjødurt,

engsyre, kvitbladtistel og sløkje. Noko kan klassifiserast som attgroande sølvbunkeeng. Det mest interessante på staden er truleg den kraftige skogen av osp og bjørk, som kan gje livsrom for ein del lauvskogsartar av fugl. Det vart oppskremt 5 orrfugl ved innmarka.

### **Eikrem: tørrenger**

Naturtype: kulturlandskap

Dahl (1897): den sjeldne bergsvineblom vart funnen i tørr eng, nøyaktig kvar er uvisst. Slik det ser ut i dag, må ein gå ut frå at desse tørre naturengene ikkje finst lenger og at arten er utgått.

### **Grunnefjorden (vest for Kjerringsundet): Kvernholmen**

Lokalitet nr. 1547-195

Hekkeområde for sjøfugl (høyrer inn under viltkartlegging) (naturbasen).

Holme med ein ternekoloni. Området er aktuelt for ei nærmare vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket.

### **Hjertvika: Landholmen-Kalvøya-Gullholmen**

Lokalitet nr. 1547-024-6

Hekkeområde for sjøfugl (høyrer inn under viltkartlegging) (Folkestad & Loen 1998).

Holmar på sørvestsida av Gossa med hekkande måsar, ærfugl og grågås. Viktig overvintrings- og rastepllass for ramn og sjøfugl. Må og sjåast i samanheng med gruntområda i Hjertvika).

Johannes Lid og Jens Holmboe var iland på Landholmen i 1934, og det skal finnast ei artsliste herifrå ved Universitetet i Oslo. I 1999 er alle holmane prega av langvarig opphøyrt hevd og attgroing (betrakta på avstand). Ein har derfor ikkje prioritert å undersøkja dei næra.

### **Hoksnes: Kråknes**

Naturtype: Skog (m. litt hassel)

Ved Kråkneset finst det lauvskog med ein del bjørk, rogn, selje, osp, svartvier, øyrevier og litt hassel. Elles finst parti med planta vrifuru og vanleg furu. I skogbotnen vart det m. a. observert ulike grasartar, m.a. krattlodnegras, einstape, blåbærlyng, storfrytle og vivendel, forutan kusymre. Det vart ikkje teke fullstendig planteliste.

### **Horrem: jordnøtteng ovafor Tuå**

Naturtype: kulturlandskap

Ovafor Tuå (på eigedom til Asbjørn Windstad) finst ei gammal attgroande slåtteeng i skogen, med betydeleg innslag av jordnøtt. Elles er vegetasjonen triviell.

### **Horrem: Likjeskoghaugattlega, jordnøtteng**

Naturtype: kulturlandskap

Dette er ein tidlegare slåtteteig som vart slått til 1950-åra, og deretter beitt. Det er eit betydeleg innslag av jordnøtt, englodnegras og einer, elles tepperot, noko sølvbunke og finnskjegg. Triviell flora.

### **Horrem: Småsundholmane**

Lokalitet nr. 1547-006

Hekkeområde for sjøfugl (høyrer inn under viltkartlegging) (naturbasen).

Hekkeplass for grågås i eit område med sund og holmar. Attraktiv badeplass midt i området.

## **Hukkelberg**

Lokalitet nr. 1547-206

Hekkeområde for sjøfugl (høyrer inn under viltkartlegging) (naturbasen).

Myrområde inne på Gossa med fleire hundre par hekkande måse av forskjellige artar.

Området er aktuelt for ei nærmare vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket.

## **Julsundet: Eiskremnausta**

Naturtype: skog: rik edellauvskog

Like sør for Langneset (LQ 976 606), litt opp frå stranda med fleire naust, finst eit lite skogholt med svartor, hassel, mykje einer, ein del kusymre og vivendel. På grunn av at området er lite, og fordi det finst mykje betre utformingar elles i Julsundet, er ikkje området prioritert.

## **Julsundet: Torshaugmyra**

Naturtype: myr

Skogmyr med furu, for det meste nedbørsmyr (ombrotrof myr) med storbjønnskjegg og røsslyng.

## **Kjerringsundet (land)**

Naturtype: kulturlandskap

Ramus (1715): vivendel i skogkant.

Fleire attgroande enger vart observert i 1999, med hundegras, hundekjeks og sølvbunke, men og artar som svartknoppurt og kystgrisøyre.

## **Kjerringsundet (marint)**

Lokalitetsnummer: 1547-236

Hovudnaturtype: marine område (metodikk er venta i eiga DN-handbok)

Naturbasen: "Straumrikt sund med karakteristisk fauna. Grunne forekomstar av blautkorallar.

Kjelde: Utgreiing for DN (3/95) "Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge - tilråding fra rådgivende utvalg". Den førebelse kartskissa over viktige marinbiologiske område i fylket er sers grov. Eit nasjonalt rådgivande utval vil seinare bli sett ned for å vurdere eventuelt verneframlegg og verneomfang. Jf elles felles brev frå Miljøverndepartementet og Fiskeridepartementet datert des. 95."

Skjøtsel og hensyn: Ein bør unngå tråling i området.

## **Kjerringsundet: Furholmen-Flatholmen**

Lokalitet nr. 1547-001

Holmar med hekkande sjøfugl. (Naturbasen, Folkestad & Loen 1998)

Dei frede holmane (Flatholmen og Furholmen) tilhøyrer Aukra prestegard, freda 12.02.1971. (Gnr 1 Bnr 1). Fredinga gjeld alle fugleartar, inklusive reir og egg.

## **Løvika: Landholmen**

Del av lokalitet nr. 1547-007

Naturtype: kulturlandskap

Hekkeområde for sjøfugl (høyrer inn under viltkartlegging) (Folkestad & Loen 1998).

Landholmen ligg i Løvika rett aust for Vicenco og sikkerhetssenteret. Holmen har truleg har vore i bruk til beiting minst så langt tilbake som 1700-talet (kjelde: landbrukskontoret), og har vore beita av sau til først på 1970-talet, men det har dei seinare åra ikkje vore dyr her (kjelde: Per Løvik). Elles hekkar det ein del måse, og vegetasjonen er dels temmeleg nitrofil. Vi fann og gåseskit. Vegetasjonen er dominert av gras og urter, elles finst rogn, einer, rukkerose og kjøtnype.

Det vart funne 50 planteartar, av desse 9 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Det var ein god del nitrofile artar som dreg nytte av gjødsling frå sjøfugl, t. d. engsoleie, hundekjeks, høy mole, krypsoleie, mjødurt, raud jonsokblom og vassarve.

Generelt er beiteholmar verdt å ta vare på, og også på Landholmen er det ønskjeleg å ta opp att beitinga.

Holme med hekkande sjøfugl, særleg måsar og ternar.

### ***Løvika: aust for Løvikremma***

Naturtype: kulturlandskap

Jordal & Gaarder (1997): Det undersøkte området er ein rygg mot stranda aust for vegen ved Løvikhaugen. Denne ryggen vart bygd av tyskarane under 2. verdskrigen, og blir i dag nytta til beite, dels for storfe, og dels for sau og geit. Området er dominert av gras/urterik, relativt mager vegetasjon med engkvein, kvitkløver, ryllik, sølvbunke, smyle og lyng. Det står noko spreidd skog av bjørk og rogn. Innafor ryggen ligg ei tjønn med vassvegetasjon som er ein interessant fuglebiotop. Fleire vanlege våtmarksfugl er sett her.

Kommentarar til funn: Det vart funne 36 planteartar, av desse 7 naturengplanter. Det vart funne 3 vanlege artar av beitemarkssopp. Etter 50 år har altså tre av dei vanlegaste beitemarkssoppene dukka opp. Dette stemmer med observasjonar av innvandring av beitemarkssopp i andre "nyskapte" beiteområde.

Råd om framtidig bruk: Framhald i beitinga er positivt og vil kunne føra til at fleire beiteavhengige artar vandrar inn.

### ***Nerbø: Nerbøberget***

Naturtype: kulturlandskap

Dette er ein gard med dyrka enger og gamle beitemarker og kantar som truleg ikkje er så mykje gjødsla. Kantane var moserike og høver truleg godt for beitemarkssopp.

Det vart ikkje teke planteliste. Det vart funne 3 artar av beitemarkssopp.

Framhaldande beiting kombinert med lite gjødsling av kantar er positivt og kan føra til at fleire beiteavhengige artar vandrar inn.

### ***Nerbø: Nerbøstrand***

Naturtype: kulturlandskap

Området består av open dyrka mark som no blir beita av hest, vidare attgroande einerbakkar, fattig myr og strandenger. Det finst noko open skog av bjørk, rogn, osp og selje, og i tillegg ein del planta bergfuru og sitkagran.

Det vart funne 52 planteartar, av desse 14 naturengplanter. Mellom desse var kornstorr og kystgrisøyre. I dei attgroande einerbakkane finst m. a. fagerperikum og vivendel. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

### ***Rindarøy: Hestholmen***

Naturtype: kulturlandskap

På denne holmen har det i år 2000 beita 3 sau og 3 geit (kjelde: Kirsti Moe Oterhals). Holmen er betrakta på avstand men ikkje nærmere undersøkt.

## **Røssøy: Kjølingane, Landholmane og Teistholmen**

Lokalitet nr. 1547-017-0

Hekkeområde for sjøfugl (høyrer inn under viltkartlegging) (Folkestad & Loen 1998).

Holmar og skjer med rikt dyre- og fugleliv. Stamme av oter og kobbe og fleire sjøfuglikoloniar. Stor bestand av grågås.

## **Saltsteinleia: Orsholmen-Grønningen-Orholmen**

Lokalitet nr. 1547-008

Hekkeområde for sjøfugl (høyrer inn under viltkartlegging) (naturbasen, Folkestad & Loen 1998).

Eksponerte holmar og skjer med endel gruntområde omkring. Ortholmen er ein litt høg, berglendt holme med grasmark på toppen. Størst verdi som ternekoloni. Ortholmen saman med Grønningen og Orsholmen er aktuell for ei nærmare vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket. Noko grasvokster i sprekker og søkk langs toppane, elles ope berg og steinar. Lokaliteten er tydeleg attraktiv for terner og talet var høgt i 1994, sjølv om det i det meste av fylket elles var svært lågt. Dette kan ha samanheng med at området berre sporadisk er vitja av mink. Siland, tjeld, steinvendar og raudstilk kan hekke. Vinterstid er gruntvassområda tilhaldsstad for m.a. ærfugl, skarv og måsar.

## **Saltsteinleia: Saltsteinen, Klovningen, Gallerskjera**

Lokalitet nr. 1547-005

Hekkeområde for sjøfugl (høyrer inn under viltkartlegging) (Naturbasen, Folkestad & Loen 1998).

Dette er eit større gruntvassområde på Hustadvika med eit utal skjer og båer. Saltsteinen, Klovningen og Gallerskjera er dei største. Saltsteinen er nokså høg og med svaberg og knausar langs sjøen. Som ein kuriositet kan nemnast segna om den fredlause mannen som sette bu og familie her nokre generasjonar attende. Det er nok grasmark til å halde liv i eitpar sauar. Naboholmen Klovningen er ein høg holme/stort skjer, dels bratt berg og steinur, dels grasmark. Det same gjeld for Gallerskjera.

## **Småge: Horremsrøysa (Austre Risøya)**

Del av lokalitet nr. 1547-021

Naturtype: kulturlandskap, havstrand (Jordal & Gaarder 1997)

Dette er ein gammal beiteholme i skjergarden sørvest for Småge. Vi fann gammal saueskit, men holmen blir ikkje beita no. Landskapet gror att med grov lypnghei, buskar og tre.

Artsmangfold knytt til beitinga synest å vera i stor grad forsvunne, og på grunn av dette vart undersøkingane raskt avslutta.

Før undersøkingane vart avslutta, vart det funne 29 planteartar, av desse 2 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

## **Sporsem: Sporsemelva**

Naturtype: ferskvatn (bekkedrag)

Dei nedre par hundre meter av elva vart undersøkt. Elva har eit bra fall, og botnen består av grovt materiale, grus og stein. Ei gammal demning ca. 30 meter frå sjøen er ikkje i bruk.

Langs elva vart det funne mannasøtgras, soleihov, elvesnelle, sløkje, øyrevier, mjødurt og krypsoleie, forutan kantskog av bjørk, osp og selje. Ved elva nær utløpet vart det funne krypvier og engstorr.

## ***Storrisstølen***

Naturtypar: kulturlandskap (kystlynghei), myr

Dette er eit større hei- og myrområde nord for flyplassen på høgda sør for Rishaug. Området har ei rekkje fornminne, men desse er dels øydelagt av grøfting i samband med oppdyrkingsplaner (kjelde: kommunen). På grunn av fornminna ønskjer kommunen å foreta ei viss tilrettelegging i området. Hei- og myrvegetasjonen er relativt triviell og typisk for Gossen. Det er røsslynghei av tørr og halvtørr type med mykje blokkebær og tytebær, dels drenert, og i fuktigare område fukthei med mykje bjønnskjegg og ombrotrof myr med torvull. Det er også ein del knausar med tørr røsslynghei, heigråmose, mjølbær, rypebær og krekling. I grøftra og kanalar finst krypsiv, duskull, stjernestorr og knappsiv. Det finst noko planta sitkagran og bergfuru.

# RAUDLISTEARTAR OG ANSVARSARTAR

## Generelt

Kjelder til informasjon om raudlisteartar er vist i tabell 7 tidlegare i rapporten.

Med raudartar meinest her artar som er oppført på nasjonale raudlister. Den nasjonale raudlista er utgjeven av Direktoratet for naturforvaltning (DN 1999b). Funn av planter, lav og sopp som står på raudlista er samanstilt for heile fylket av Jordal & Gaarder (1998a). Funn/observasjonar av virveldyr er ikkje tatt med, sidan Direktoratet for naturforvaltning har bestemt at dette høyrer inn under viltkartlegging. Viltkartlegging inngår ikkje i dette prosjektet.

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd
E	direkte truga
V	sårbar
R	sjeldan
DC	hensynskrevande
DM	bør overvakast

Ingen raudlisteartar av mose er kjent frå Aukra (Frisvoll & Blom 1997).

## Sopp

### Raudlisteartar

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av sopp er oppsummert av Jordal & Gaarder (1998a). Det er kjent godt over 7000 soppartar i Norge, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m. fl. 1998). I vårt fylke er det kjent knapt hundre av desse raudlisteartane.

Tabell 8. Funn av raudlista sopp i Aukra. JBJ=John Bjarne Jordal, GGa=Geir Gaarder

Latinsk namn	Norsk namn	Kat 98	Øk	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar	UTM
<i>Entoloma exile</i>		DC	N	Lauvåsen	07.10.1996	JBJ	LQ 98 62
<i>Geoglossum cookeianum</i>	dynetunge	DC	N D	Røyrvika	15.10.1996	GGa & JBJ	LQ 88-89, 70
<i>Geoglossum fallax</i>	skjelljordtunge	DC	N	Røyrvika	11.10.1999	JBJ	LQ 88-89, 70
<i>Geoglossum glutinosum</i>	sleip jordtunge	DC	N	Røyrvika	11.10.1999	JBJ	LQ 88-89, 70
<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	DC	N	Røyrvika	11.10.1999	JBJ	LQ 88-89, 70
<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvoxs-sopp	DC	N	Røyrvika	15.10.1996	GGa & JBJ	LQ 88-89, 70
<i>Hygrocybe vitellina</i>	gul slimvokssopp	V	N	Naustholmen	11.10.1999	JBJ	LQ 881 679
<i>Trichoglossum walteri</i>	vranglodne-tunge	E	N	Vedaholmen i Løvik	15.10.1996	GGa & JBJ	LQ 914 702

## **Ansvarsartar**

Med ansvarsart meinest her artar der Norge, dels saman med våre naboland, har ein vesentleg del av dei europeiske funna som er rapporterte. Av sopp er berre eit utval beitemarkssopp vurderte i forhold til internasjonalt ansvar (Jordal 1997).

Tabell 9. Ansvarsartar av beitemarkssopp (Jordal 1997) i Aukra. Kat. er raudlistekategori, som forklart ovafor.

Kat.	Latinsk namn	Norsk namn	Kommentar
E	<i>Trichoglossum walteri</i>	vranglodnetunge	Løvika: Vedaholmen
V	<i>Hygrocybe vitellina</i>	gul slimvokssopp	Rød: Naustholmen

## **Planter**

### **Raudlisteartar**

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av planter er oppsummert av Jordal & Gaarder (1998a). Det er ikkje gjort nye funn i Aukra etter dette.

Tabell 10. Funn av raudlista karplanter i Aukra.

Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar	UTM
<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Akerøen 62 47' [kan stemma med Horrem el. Hjertvika]	1800-talet	(Blytt,588)	
<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Gossen: Horrem	13.07.1895	O. Dahl	LQ 89-90, 65
<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Gossen: Smaage	13.07.1895	O. Dahl	LQ 88 66
<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Gossen: Hjertvik	30.06.1934	A. Hagen; Holmboe & Lid	LQ 91 63
<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Julsundet: Hollingen	06.07.1952	O. Gjærevoll	LQ 97 62
<i>Leucorchis albida</i> <i>ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Gossen: Hjertvik	30.06.1934	J. Holmboe	LQ 91 63

### **Solblom**

Arten er oppført som hensynskrevande. Arten er først og fremst ein slåtteengart, som tidlegare vart ganske talrik nord til Fræna, men som i seinare år har vorte sjeldan i takt med at gamle, lite gjødsla naturenger i god hevd har forsvunne. Solblom er i ferd med å bli ein sjeldan kulturmarksart. I Aukra er arten ikkje attfunnen i 1999-2000, og er høgst sannsynleg forsvunnen.

### **Kvitkurle**

Arten er oppført som hensynskrevande. Det einaste kjente funnet vart gjort på kulturmark i Hjertvika i 1934, og det er lite sannsynleg at arten finst i området no.

## **Ansvarsartar**

Det er ikkje kjent norske ansvarsartar av karplanter frå Aukra.

## Lav

### Raudlisteartar

Av lav er det kjent ein raudlisteart.

Tabell 11. Funn av raudlista lav i Aukra. Forkortinger: V=sårbar, B=stein og berg, GGa=Geir Gaarder

Latinsk namn	Norsk namn	Kat	Øk	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar	UTM
<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	gullprikklav	V	B	Nord for Løvik	10.02.1995	GGa	LQ 902 707

### Ansvarsartar

Det finst truleg mange lavartar i Aukra som Norge har eit skandinavisk eller europeisk forvaltaransvar for. Dette er artar som tilhøyrer fuktige miljø i kystklima, dels på trestammar og dels på berg. T. d. er det observert både sølvnever, kystfiltlav og vanleg blåfiltlav mange stader både i Julsundet og elles. Slike lavartar kan vera vanlege i kystkommunar i Norge, men sjeldne i ein større samanheng. Enda fleire artar finst på den nordiske raudlista, t. d. muslinglav og blyhinnelav (DN 1999b).

Tabell 12. Ansvarsartar av lav (Tønsberg m. fl. 1996) i Aukra. Ansv. er ansvarskategori: AF=fennoskandisk ansvarsart, AE=europeisk ansvarsart. Kat. er evt. raudlistekategori, sjå innleiinga til dette kapitlet.

Ansv.	Kat.	Latinsk namn	Norsk namn	Kommentar
AF	-	<i>Degelia plumbea</i>	vanleg blåfiltlav	mange lok. Julsundet
AE	-	<i>Lobaria amlissima</i>	sølvnever	Julsundet, Løvika
AE	-	<i>Lobaria virens</i>	kystnever	Julsundet
AF	-	<i>Pannaria conoplea</i>	grynpfiltlav	Julsundet
AF	-	<i>Platismatia norvegica</i>	skrukkelav	Løvika
AF	-	<i>Pannaria rubiginosa</i>	kystfiltlav	mange lok. Julsundet
AF	V	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	gullprikklav	Løvika
AF	-	<i>Sticta fuliginosa/limbata</i>	rundporelav/grynporelav	Julsundet

# FORVALTNING OG TILRÅDINGAR

## Viktige naturtypar og forslag til omsyn og skjøtsel

Følgjande naturtypar må seiast å vera viktige å ta omsyn til i kommunen, samstundes som mange av dei er i tilbakegang på grunn av menneskelege aktivitetar (marine område høyrer ikkje med i prosjektet):

- Havstrand med rik strand- og undervassvegetasjon
- Holmar med større sjøfuglkoloniar (fell utanfor dette prosjektet, høyrer under viltkartlegging)
- Innsjøar i kulturlandskapet (Smågevatnet)
- Bekkar og elver med lite inngrep og rik vassvegetasjon (Gossen)
- Naturbeitemarker og kystlynghei med stor artsrikdom
- Rikmyr (Julsundet)
- Hasselskog m. kusymre
- Alm- og svartorskog (Julsundet)
- Gammel kystfuruskog (Julsundet)

I slike område bør omsynet til det biologiske mangfaldet prioriterast i alt planleggingsarbeid.

### *Havstrand*

I ein kommune som Aukra forventar ein å finna mykje interessante strender. Her er ei lang strandline, eit flatt landskap med ein del lausmassar og mange bukter og vågar. Dei mest interessante strandtypane er sanddyner og større strandengområde. Sanddyner er regionalt sjeldne og utsette for fysiske inngrep. Den viktigaste lokaliteten er Hjertvika som har god forekomst av planter som er sanddyne-spesialistar, m. a. sannsynleg nordgrense for marehalm. Lokaliteten er føreslått verna, noko som etter underteknna si oppfatning er godt begrunna. Andre viktige lokalitetar er Røabukta (fuglefredningsområde) og Røyrvika. Andre viktige strandområde er Løvika og Nerbøvågen. Det viktigaste er å unngå fysiske inngrep, m. a. helst finna sand andre stader.

Sjøfuglområde er det mykje av i kommunen, men dei fell som nemnt utanfor dette prosjektet, sidan dei høyrer under viltkartlegging (DN 1996). Eg viser her til Folkestad & Loen (1998).

### *Ferskvatn*

Viktigaste innsjøen i kommunen er som nemnt Smågevatnet, som alt er verna. At noko er verna tyder ikkje at ein er ferdig med alt som heiter forvaltning. I Smågevatnet bør ein m. a. særleg følgja med på attgroinga og vurdera om det er råd å gjera noko med næringstilførselen til vatnet. Fredningsområdet og nærområdet rundt er også registrert som verdifull kystlynghei som skulle vore brukt til beiting, og det er funne ein artsrik hasselskog på Røssøya.

Lyngheiskjøtsel kombinert med hekkeområde for fugl krev som tidlegare nemnt ein fagleg diskusjon og god planlegging, fordi dei ulike omsyna kan koma i konflikt med kvarandre.

Elve- og bekkeløp med få fysiske inngrep kan vera viktige for både vass- og sump-planter og andre organismar. Dei fire lokalitetane Eikremelva, Bakkelva, Røaelva og Seterelva er undersøkte og funne viktige å ta vare på i nedre deler, som ikkje er kanaliserte. Det finst

sikkert mange fleire viktige elver og bekkar. Ein bør her både unngå fysiske inngrep og prøva å begrensa evt. forureining.

## **Kulturlandskap**

Dei viktigaste typane i kulturlandskapet i Aukra (biologisk sett) er naturbeitemarker og attverande beita kystlyngheier. Av naturbeitemarker er følgjande særleg viktig å beita også i framtida: Aukraholmen, Naustholmen i Røabukta, Vedaholmen i Løvika og Lauvåsen i Julsundet. Generelt er det positivt å ta opp att beitinga i udyrka område der beiting har vore drive i lang tid tidlegare. Dette gjeld også kystlyngheier, der området ved Rishaug og Røyrvika er det viktigaste. Andre viktige er Engholmane, områda rundt Smågevatnet og mellom Setervika og Nyhamna på nordaustsida av Gossen. Gammal norsk sau (villsau, utegangarsau) er eit av håpa for kulturlandskapet på kysten i tida framover. I område beita av storfe bør ein følgja godt med for at ikkje terrenget skal bli for mykje øydelagt av trakk.

Gamle, udyrka og lite gjødsla slåtteenger tek til å bli svært sjeldne. Desse var tidlegare svært artsrike (jfr. Dahl 1897 og referat frå Johannes Lid si dagbok i 1934). I dag er dei fleste i langt koment attgroing, slik som lokalitetane som er nemnt frå Horremsbukta. Å fortsetta eller ta opp att slåtten på slike stader er oftast svært positivt for det biologiske mangfaldet.

## **Myr**

På Gossen er idag mykje dyrka eller kanalisert, men det finst likevel nokre mindre relativt urørte myrområde. Dei fleste stader har det vore spadd torv, og på 1900-talet har mykje vorte drenerert. Dei minst påverka områda er viktig å ta vare på. Eit område som synest å vera lite påverka, er myrene ved NATO-masta ved Halingshaugen.

Det er grunn til å vera merksam på at "intakt låglandsmyr" i dag blir betrakta som ein verdifull naturtype uansett artsrikdom, rett og slett fordi naturtypen har vorte sjeldan i låglandet. På Gossen bør ein ta vare på dei intakte myrene som er att. Desse myrene er ikkje tilstrekkeleg undersøkte.

I Julsundet vart det funne to rikmyrer langt aust i marka. Det er ønskjeleg at desse blir bevarte utan fysiske inngrep. Rikmyr har høg pH og mange spesialiserte artar av planter og mosar. Generelt bør myrer ikkje drenerast, og så langt råd sparast for andre fysiske inngrep. Myrer har viktige funksjonar både for det biologiske mangfaldet, og for å dempa flom.

## **Skog**

Biologisk interessant skog i Aukra er i første rekke edellauvskog, det vil seia skog med dei varmekjære tresлага alm, hassel og svartor.

På Gossen er det i første rekke dei mange små hasselskogane som er viktige, der det gulnar av kusymre (auriklar) om våren. Dette er ein svært kystbunden naturtype, og truleg har Aukra noko av dei best utvikla "kusymre-hasselskogane" i fylket vårt. Kusymra kunne godt ha vore kommuneblomst for Aukra. T. d. i Molde er kusymra uvanleg fordi det blir for langt frå ytterkysten, ho finst her på nokre av Moldeholmane.

I Julsundet finst mykje skog med svartor, og vidare nokre mindre område med alm. Det mest interessante i Julsundet er dei bratte rasmarkene med alm ved kommunegrensa mot Molde, der det finst mange varmekjære planter.

Til sist er det grunn til å nemna kystfuruskogen inn mot Prestsetra og Kryssvatnet i Julsundet. Denne er dels lite påverka av hogst i seinare tid.

I alle desse skogtypane er det ønskjeleg med minst muleg fysiske inngrep og ikkje treslagskifte. Når det gjeld hogst, bør ein avgrensa det til plukkhogst og unngå større flater.

## Kontroll med innførte artar

Vi menneske flyttar mange artar med oss frå ein stad til ein annan av ulike grunnar. Det kan vera fine blomar å ha i hagen, vakre tre, kulturplanter, husdyr osb. Det kan også vera artar som berre følgjer usett med på lasset når varer, folk og dyr forflyttar seg. Innførte artar er ikkje nødvendigvis tilpassa å leva saman med dei artane som er her frå før, og av og til kan nye artar ta over i ein grad som er gjer dei heilt uønska og ukontrollerbare.

Norge har ratifisert Konvensjonen for biologisk mangfald, og denne vart gyldig frå 1994. Norge er flink på mange av dei områda som denne konvensjonen regulerer, men vi er mindre flinke på to område:

- konsekvensutgreiingar i samband med naturinngrep
- kontroll med innførte artar

*Ifølgje artikkel 8h i konvensjonen forpliktar landa seg til mellom anna å hindra innføring av, kontrollera eller utrydda framande artar som trugar økosystem, habitat eller artar.*

Eg ønskjer derfor å fokusera på det siste, idet eg omtalar nokre innførte artar, og dermed ønskjer å gjera folk merksame på at desse artane kan koma ut av kontroll.

## Platanlønn

Platanlønn er eit innført treslag som har vore mykje brukta i hagar, parkanlegg, som tuntre på gardar m.m. I dag ser ein at denne arten breier seg heilt ukontrollert i litt varme lauvskogslær. Det er derfor truleg at arten over nokre tiår kan invadera og overta dominansen mange stader i hasselskogane på Gossen og edellauvskogsområda i Julsundet. Ein bør så langt råd prøva å hogga platanlønn før den når frøspreiingsstadiet.

## Sitkagran

Sitkagran har vore planta i lengre tid, særleg på 1960-talet. No har arten nådd frøspreiingsstadiet, og spreier seg frå plantefelta ut i heiante m.m. Sitkagran var tenkt som leskog, men fungerer etter kvart meir og meir som skogstre som tek over det tidlegare opne landskapet på Gossen. Arten høver dårleg både til skur, slip og ved, og er dessutan svært ubehageleg å ha med å gjera på grunn av stive kvistar og spisse nåler. Det er derfor lite truleg at det kjem til å bli drive særleg mykje hogst på arten utan vidare. Ein bør vera merksam på at denne arten kan koma til å ta over meir og meir av naturen på Gossen etter kvart dersom ikkje noko blir gjort.

## Mink

Minken er ein nordamerikansk art som vart sleppt fri i naturen få år etter at dei første dyra kom til Norge i 1927. Minken spreidde seg over heile fylket vårt i løpet av 1950-talet. Mange stader på kysten har han verka negativt inn på kolonihekkande bestandar av sjøfugl. Nokre artar synest å motverka dette ved å gå over til spreidd hekking. På Gossen ser det ut til at mange sjøfuglartar har flytta frå øyane og inn på myrene, truleg for å få fred for minken (kjelde: Asbjørn Windstad).

## **Hagelupin**

Hagelupin er ein art som breier seg med utgangspunkt i hagar og dumping av hageavfall langs vegar m.m. På Gossen er denne arten truleg i spreiing, og finst mange stader på sandjord, m.a. langs vegkantar, ved flyplassen m.m. Han er enda ikkje kome særleg mykje ut i naturleg vegetasjon, men kan tenkast å gjera det ulike stader på sandjord.

## **Parkslikekne**

Parkslikekne er ei hageplante som først og fremst spreier seg frå hageavfall som blir dumpa på fyllingar og vegkantar. Førebels står denne arten berre nokre få slike stader i kommunen, først og fremst på strekninga Tangen til Aukrasanden på Gossen. M. a. er det ein god bestand ved vegfyllinga ved bøkeskogen.

## **Andre**

Det finst fleire innførte artar som spreier seg. Rukkerose er ein fin art å sjå på, men han spreier seg ein god del i strendene, og kan somme stader fortrenga stadeigen vegetasjon. Bøken som er planta sør for ferjeleiet spreier seg heilt klart i nærområdet. Denne arten er likevel så varmekrevande at det er lite truleg at han kjem til å dominera over større område. Eg vil likevel gjera merksam på at ut frå min synsvinkel er ikkje bøken verneverdig, slik som enkelte oppfattar han. Fagerfredlaus er ei hageplante som også spreier seg frå hageavfall i vegkantar og skogkantar fleire stader.

Av dei innførte artane oppfattar eg minken, platanlønna og sitkagrana som trugsmål mot det biologiske mangfaldet i Aukra kommune.

## **Kunnskapsstatus og behov for vidare undersøkingar**

Med dette prosjektet er kunnskapsstatus i Aukra for naturtypane som er omtala i DN-handboka heva frå relativt avgrensa til relativt god. Marine område har ikkje vore ein del av prosjektet, i påvente av eige opplegg for dette. Når det gjeld havstrand/kyst, har truleg dei større lokalitetane kome med, men det kan framleis finnast att interessante område som ikkje er undersøkt. Dekninga er truleg best på edellauvskog, det vil seia skog med varmekjære treslag som alm, svartor og hassel. Når det gjeld kulturlandskap er på same måte dei større lokalitetane truleg kome med, medan det framleis kan finnast ein del mindre lokalitetar som ikkje er undersøkt. Det som er att av lite kulturpåverka myr i Gossen, er for dårleg undersøkt. Intakt låglandsmyr bør betraktast som verdifull i utgangspunktet. I Julsundet kan det finnast fleire rikmyrar enn dei to som er funne.

Behovet for vidare undersøkingar er størst når det gjeld marine område. Også i dei fleste andre naturtypar vil det finnast ein god del meir enn det som er kartlagt. Når det gjeld kunnskap om artsmangfaldet i Aukra, er det utruleg mykje å henta, særleg innanfor lite studerte organismegrupper som virvellause dyr og lågare planter, sopp og lav. Også plantelivet er framleis utilstrekkeleg kjent.

# LITTERATUR

## Litteratur som omhandlar Aukra

Nedanfor er det presentert eit sok på Aukra i ein litteraturdatabase over naturen i Møre og Romsdal utarbeidd av underteikna og Geir Gaarder for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Soket ga 257 treff (pr. 22.11.2000).

- Alm, T. & Ofthen, A., 1997: Botaniske fabeldyr - eller fins de i Finnmark? *Blyttia* 55:147-176.
- Anda, E., 1995: Romsdalen og Romsdalsfjorden, hovedtrekkene i landskapet. Romsdalsmuseets årerbok, s. 14-34.
- Aune, B. 1993: Årstider og vekstsесong 1:7 mill. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.7. Statens kartverk.
- Bendiksen, E., Høiland, K., Brandrud, T. E. & Jordal, J. B., 1997: Truete og sårbare sopparter i Norge - en kommentert rødliste. *Fungiflora*. 221 s.
- Bevanger, K., 1993: Grevlingens status i Norge 1992. *NINA Oppdragsmelding* 197: 1-23.
- Bevanger, K. & Ålbø, Ø. 1986: Minken Mustela vison i Norge. *Økoforsk utredning* 1986:6: 1-73.
- Bevanger, K. & Ålbø, Ø. 1987: Distributional history and population development of the feral mink Mustela vison Schreber, 1977 in Norway. *Meddelelser fra norsk viltforskning* 3. serie nr. 18. 22 s.
- Beyer, M., 1984: Hønsehauk stupte og drepte gråmåse. *Rallus* 14: 21.
- Bjørbæk, G. 1993: Snø 1:7 mill. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.4. Statens kartverk.
- Bjørlykke, H., 1940: Utsyn over Norges jord og jordsmønn. Med oversiktsskarter av jordbunnsforholdene i Norge i to blader: Sør-Norge og Nord-Norge. 1:2 000 000. NGU skrifter nr. 156.
- Blytt, A., 1874: Norges Flora eller Beskrivelser over de i Norge vildtvoksende Karplanter tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 2. s. 387-855. Christiania.
- Blytt, A., 1876: Norges Flora eller Beskrivelser over de i Norge vildtvoksende Karplanter tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 3. s. 857-1348. Christiania.
- Blytt, M. N., 1861: Norges Flora eller Beskrivelser over de i Norge vildtvoksende Karplanter tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 1. Christiania. 386 s.
- Brattegård, T. & Holthe, T. (red.), 1995: Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge. Tilråding fra et rådgivende utvalg. Utredning for Direktoratet for naturforvaltning (DN) 1995, nr. 3:1-179.
- Bruun, P. & Eide, O., 1999: Status for lakseførande vassdrag i Møre og Romsdal i 1998. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport 2-1999. 186 s.
- Bruun, P., Asplan Viak Sør A/S, Aspås, H., & Eide, O. & Sættem, L. M., 1999: Kultiveringsplan for anadrom laksefisk og innlandsfisk i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport 3-1999. 161 s.
- Bruun, P., Aspås, H. & Eide, O., 1995: Forslag til kultiveringsplan for ferskvannsfisk i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport 8-1995. 156 s.
- Bruun, P., Aspås, H., Eide, O. & Sættem, L. M., 1999: Kultiveringsplan for ferskvannsfisk i Møre og Romsdal. Status og framtidig strategi. Høringsutkast, januar 1999. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport 8-1995. 156 s.
- Bryhni, I., 1977: Geologi med store kontrastar. I: Møre og Romsdal, serien Bygd og by i Norge. s. 74-103.
- Bryhni, I., 1978: En geologisk turbeskrivelse fra Molde rundt Julsundet og ytre Fræna til marmorbruddene i Talstadhesten og videre til Harøysund. Molde, stensil, 13 s.
- Braarud, T. & Klem, A., 1931: Hydrographical and chemical investigations in the coastal waters off Møre and in the Romsdalsfjord. *Hvalrådets skrifter* 1931:1-88.
- Bugge, O.-A., 1993: Utkast til verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport nr. 10-1992: 117 s.
- Bugge-Høyler, R., 1926: Vernskogen i Møre. *Tidsskr. skogbr.* 34:558-564.
- Børset A., Lucasen, U. & Strøm, A. M. 1990: Spørreundersøkelse blant jegere i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga. Rapport nr. 8-1990. 64 s. + vedlegg.
- Børset, A., 1995: Forvaltning av freda rovvilt i Møre og Romsdal 1991-94. Forvaltningstiltak, bestandsregistrering, førebyggjande tiltak, skadedokumentasjon og erstatningar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport nr. 10/1995. 45 s. + vedlegg.
- Baartveit, H., 1952: Om skogen på Gossen. *Romsdal Sogelag Årsskrift* 1952:39-42.
- Dahl, B., 1892: Molde og Romsdalen. En reisehåndbok udg. af Molde og Romsdals turistforening. Kristiania. 1-319, kart.
- Dahl, E., Elven, R., Moen, A. & Skogen, A., 1986: Vegetasjonsregionkart over Norge 1: 1 500 000. Nasjonalatlas for Norge, Hovedtema 4: Vegetasjon og dyreliv, kartblad 4.1.1. Statens Kartverk.

- Dahl, O., 1894: Biskop Gunnerus' virksomheid fornemmelig som botaniker tilligemed en oversigt over botanikens tilstand i Danmark og Norge indtil hans død. E. Visitasreisen i 1768 i Romsdals amt og de derfra opgivne planter. Det Kongelige norske Videnskabers Selskabs Skrifter 1893:22-41.
- Dahl, O., 1897: Kystvegetationen i Romsdal, Nord- og Søndfjord. Christiania Vidensk. Selsk. Forh. 1896 No. 3: 76 s.
- Deinboll, P. V., 1846: Om Jorddyrkningen i Romsdal Fogderie. Oeconomiske Samlinger. Udgivne af Romsdals Amts Landhuusholdnings-Selskab, no 21. s. 161-167.
- Det norske meteorologiske institutt, 1993: Nasjonalatlas for Norge. Hovedtema 3: Luft og vann. Kartblad 3.1.1. - 3.1.7. Statens kartverk.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1994: Oversikt over norske vassdrag med anadrome laksefisk pr. 01.01.1994. Utskrift fra lakseregisteret.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1995a: Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge - tilråding fra rådgivende utvalg. Utredning for DN nr 3/95.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1995b: Oversikt over norske vassdrag med laks, sjøaure og sjørøye pr. 1. Januar 1995. Utskrift fra lakseregisteret. DN-notat 1995-1.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1996: Bestandssituasjonen i norske vassdrag med laks, sjøaure og sjørøye pr. 1. januar 1996. Utskrift fra lakseregisteret. 13 + 38 s.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1996: Handlingsplan for forvaltning av gjess. DN-rapport 1996-2. 79 s.
- Dolmen, D. & Strand, L. Å., 1997: Preliminært amfibieatlas med fylkesvis statuskommentar. Vitenskapsmuseet Zoologisk Notat 1997, 8: 27 s. + vedlegg
- Eckblad, F.-E., 1963: Contributions to the Geoglossaceae of Norway. Nytt Mag. Bot. 10: 137-158.
- Eide, O., Bruun, P. & Haukebø, T., 1993: Undersøkelser vedrørerende lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Møre og Romsdal 1992 - Del Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Rapport nr. 5-1993.
- Eikelund, J. I., 1993: Oppdrett av laks i opne merdanlegg - effektar av sikringssoner for laksefisk for å redusere skader på anadrom laksfisk. I: Sivertsen, A., Walsø, Ø. & Venås, W.: Fagseminar om lakselus og tiltaksstrategier. DN-notat 1993-3. 205 s.
- Elven, R. & Fremstad, E., 2000: Fremmede planter i Norge. Flerårige arter av slekten lupin *Lupinus* L. Blyttia 58:10-22.
- Elven, R. (red.), Lid, J. & Lid, D. T., 1994: Norsk flora. 6. utgåve. Det Norske Samlaget, Oslo. 1014 s.
